


NORSKE FOLKEVISOR



FOLKEUTGÅVE VED
KNUT LIESTØL OG MOLTKE MOE

I

JACOB DYBWADS FORLAG · KRISTIANIA 1920


STANFORD UNIVERSITY
LIBRARIES

NORSKE FOLKEVISOR

NORSKE FOLKEVISOR

FOLKEUTGÅVE

VED

KNUT LIESTØL OG MOLTKE MOE

I

UTGÅVE GODKJEND AV KIRKE- OG UNDERVISNINGSDEPARTEMENTET

KRISTIANIA
JACOB DYBWADS FORLAG
1920

DET MALLINGSKE BOGTRYKKERI

Til

Jørgen Løvland og Ivar Tveiten.

FYREORD

I 1907 skreiv Moltke Moe at ein laut få gjeva ut dei norske folkevisone, og han heldt fram at «den første og nærmeste trang gjælder en folke-udgave». Sophus Bugge og Moe hadde lenge i tankar å gjeva ut ei sovori folke-utgåve med tilskipa tekster, men dei rakk ikkje å gjera det.

Ei tid etter at Moltke Moe var avliden, tok eg upp arbeidet, og staten løyvde pengar til å taka dei vise-avskriftene som var turvande til verket. Dette er fyrste bandet av utgåva; det er meiningi at det skal koma 2 band til.

Fram igjenom åri hadde Moltke Moe laga fleire restituera visetekster. Alle desse tekstene vil koma med i denne utgåva, og boki ber difor både hans og mitt namn på titelbladet. Dei visone som Moe hev restituera åleine, er merkte med *M* i innhaldslista; dei me båe hev arbeidt med, er merkte med *ML*; dei eg åleine hev andsvaret for, ber merket *L*.

Um sjølve tilskipingi av tekstene er det å segja at eg hev fare varsamt fram. Det er tryggast å halda seg til tradisjonen og ikkje gå meir utum den enn naudsynlegt er. Ein må fyrst og fremst halda seg til dei norske uppskriftene og ikkje til ei meir eller mindre velgrunna meining um koss grunnformi av visa hev lydt. Eg hev heller late visa vera uheil (som t. d. nr. 3: *Torgjusdøtrane*) enn dikta til strofar, endå det ofte vilde ha vore lett nok, serleg når ein

hadde heilslege færøyske og islendske avbrigde å jamføra med. I det heile hev eg retta meg meir etter Axel Olriks utgjevingsmåte i «Danske Folkeviser i Udvalg» enn etter dei grunnsetningane som Svend Grundtvig og Ernst von der Recke hev fylgt i sine vise-restitusjonar.

Dei allerfleste visone her er på telemål; berre tri-fire er på målføre frå andre bygder. Av mange grunnar var ein nøydd til å normalisera målet i uppskriftene noko. Ved mest kvar visa fanst det uppskrifter frå fleire bygder, og dei samstavast oftast ikkje i målvegen, so ein i alle høve laut velja anten den eine eller den andre formi. Sidan boki er til folkelesnad, hev eg helst valt dei formene som er mest kjenslege, utan at eg kunde eller vilde vera heilt fylgjerett i dette stykket. Som i skuleutgåva («Norske folkevisor frå millomalderen») er den vanlege etymologiske skrivemåten nytta der han ikkje viller uttalen. Men i sumt hev eg gjenge noko lenger på den vegen enn i skuleutgåva; her er t. d. skrive *og* for *å*, *ord* for *or*, av di folk vil lesa ordet med den rette uttalen likevel. I staden for *ti*, *vi*, *me*, *æ*, *va*, *o* er skrive *til*, *vil*, *med*, *er*, *var*, *or*. Med desse små lempingane vil eg vona at visone hev vorte meir lettlesne, utan at dei hev mist dåmen sin; telemålet ligg i det heile nær innåt det nynorske normalmålet. I Setesdals-stevi hev eg fylgt uppskriftene heller nøgje, endå målformene ved det vart noko ujamne. Fleire nystev og nokre gamlestev vil koma i dei næste bandi.

Innleidingane og merknadene atti boki skal fyrst og fremst hjelpa folk til å skyna visone. Dei legg ikkje vinn på å vera samandrag av det granskarane hev funne ut um visa.

August 1920.

Knut Liestøl.

INNHALD

Dei norske folkevisone.

Når ein talar um dei norske folkevisone, plar ein meina dei forteljande (episk-lyriske) visone som hev levt på folketunga her i landet frå millomalderen og heilt til dei siste tider. Dei fleste norske folkevisone vart uppskrivne i det 19de hdr. Det var i siste liten, for ved det leitet fór dei til å gløyma dei gamle visone heller fort. No hev dei mest kvorve or minnet.

Det er mest i Telemark og på Agder at dei hev funne folkevisone; men me hev fleire vitnemål um at dei i eldre tider hev vore mykje meir kjende i andre landsluter au.

Mange folkevisor må vera heilt burtkomne; me hev fråsegner um visor som dei kunde for 200—300 år sidan, men som no er gløymde. Sume folkevisor hev dei berre funne hjå ein einskild kvedar i nokolunde heilslegt skap, sume hev dei berre funne små brot av, og dei fleste er tydeleg meir eller mindre uheile. Mykje av den gamle folkeviseskatten er tapt for alle tider; men det er ikkje alltid so ille som det ser ut til ved fyrste augnekastet. Når ein held alle dei norske uppskriftene av ei vise innåt einannan og so attpå jamfører med uppteikningar frå andre land og granskar sjølve vise-emnet, kann ein likevel oftast gjera seg upp ei nokolunde pålitleg meining um koss visa hev lua. Og når ein tenkjer etter at mange av desse visone hev gjenge frå mann

til mann i 600—700 år, må ein heller undra seg yver at dei hev halde seg so godt som dei til røyndar hev gjort.

Mange som helst er vane med det strenge og regelrette versemålet i kunstdiktingi, vil nok tykkja at rytmen i folkevisone er ujamn; dei vil rett som det er snåva burti ukjenslege versføter. Men ein må jamt bera i minnet at folkevisa vart sungi, og at alt det som høvde med melodien var lovlegt i versemålet, um ein so ikkje alltid kann få det inn under nokon regel. — Det vanlege er at rytmen er stigande (jambisk) og at det er tri eller fire tunge stavingar i kvar versline; talet på lette stavingar i verslina skifter mykje, og sume verslinor vert difor mykje lenger enn andre. Endå rytmen er stigande, finn ein likevel ofte at verset tek til med ei tung staving; fyrst når ein kjem noko ut i verset, kjenner ein greidt at rytmen stig.

Det finst tvo slag strofar: tvo-lina og fire-lina. I den fire-lina strofen rimar andre og fjorde lina. Folkevisa hev enderim. Det krevst ikkje heilrim, berre vokalsamklang (assonans) d.v.s. ein treng ikkje lata både vokalen og dei konsonantane som kjem etter vokalen, vera eins i rimstavingane; er vokalen eins, kann konsonantane godt vera ulike. Ofte let visone seg nøgja med at vokalane svipar innpå einannan; dei kann t. d. lata e og *ø*, *i* og *y*, *ei* og *øy* rima. Dette må ein hugsa på, so ein ikkje trur det er evneløyse frå fyrsten eller forvending seinare som gjer at rimet er so ringt etter dei krav me oftast set i våre dagar. Når visediktaren hadde fenge fram vokalsamklangen, trådde han ikkje etter meir. — Stundom vil ein finna at det er mykje bokstavrim i visone; men det er ikkje turvande i versemålet, fylgjer ingi faste reglar og er helst nytta for velklangen skuld.

Til strofen høyrer det jamt eit umkvæde, d. v. s. ei eller fleire verslinor som dei tok uppatt ved alle strofane. I dei tvo-lina strofane finn ein ofte at ein lut av umkvædet kjem etter fyrste verslina og resten i slutten av strofen. Dei plar då kalla fyrste luten av umkvædet for millomsleng eller innstev, siste luten for ettersleng eller endestev. — Innhaldet i umkvædet gjev stundom grunnstemningi i visa eller minner um einkvar tilburden i henne. Umkvædet i *Jutulen og stolt Øli* t. d. minner ved kvar einaste strofen um koss møyi vann på jutulen: «So ille bleiv han svikjen med dei runo». Visa um *Jomfruva Ingjebjør*, som fortel um koss Herre-Per leitar etter Ingebjørg, hev til umkvæde: «Hòre skò sveinen finne jomfruva?» og til slutt, då han hev funne henne, heiter det: «No heve sveinen funni jomfruva». Visa um *Jon Remarsson* fortel um koss Jon let livet på sjøen, og umkvædet tek uppatt: «Men sjøen tek'e so mang ein». Men ofte heng umkvædet ikkje i hop med innhaldet i visa, t. d. i *Dei tri vilkori:*

Kongjen sille fara i kri,
— Her veks inkje gull —
han la fyr si dròningji vilkori tri.
— Krist gjeve meg ei jomfru!

I slike høve er umkvædet knytt til strofen ved melodien berre. Grunnen til dette er at umkvædet er teke or nokre lyriske innleidingsstrofar, som dei kvad fyrr dei tok til med sjølve den forteljande visa. Desse innleidingsstrofane plar dei kalla stevstomn, av di umkvædet eller stevet er teke frå dei. Stevstomnen er no gløymd i dei norske visone; umfram sjølve umkvædi hev me berre ei og onnor minning um han.

Ein kann spyrja kvifor visone fekk ei slik innleiding, som hekk so laust i hop med visa elles. Det hev sin grunn i folkevisedansen. Fyrst hadde

dei lyriske strofar å dansa etter. Sidan knytte dei desse lyriske småkvædi saman med den forteljande visa, på den måten at dei lyriske strofane vart innleiding til den forteljande visa. Eit døme på ei sovori lyrisk innleiding hev me i *Jomfruva Ingjebjør:*

Eg veit meg ein ædeli skog'e
sunna og vesta fyr fjord;
der veks'e so mange dei ædeli tre,
dei venast på jordi som gror.
— Hòre skò sveinen finne jomfruva?

Der veks'e so mange dei ædeli tre,
bjørkji og so lindi;
der spilar so mange dei ædeli dyr,
hjorten og so hindi.
— Hòre skò sveinen finne jomfruva?

Der spilar so mange dei ædeli dyr,
ikonne og so duva —:
ho er ætta av aurom lande
den rike stolte jomfruva.
— Hòre skò sveinen finne jomfruva?

Etter dette byrjar sjølve forteljingi:

De var strie stjukmori,
ris upp um midje natt:
forskapte ho fruva Ingjebjør,
som Herre-Per ha' silt havt.
— Hòre skò sveinen finne jomfruva?

I den lyriske innleidingi er det ein («eg») som syng um ein fager skog. I tridje strofen leikar han innpå hendingane i visa, men fyrst i fjorde strofen slær han um og fører hovudpersonane fram for oss.

Dei lyriske innleidingsversi kunde vera ei uppmoding til å vera med i dansen; eller dei kunde skildra dansen eller sikta til han på einkvar måten. Me hev fleire gonger minningar um dette i umkvædi. T. d. i *Olav og Kari:*

Olav sat heime i åtte år.
— Trø meg inkje for nære! —
fyrr han ville si moeri sjå.
— På vollen dansar mi jomfru.

I millomslengen er det tydeleg møyi som talar til riddaren i dansen; i etterslengen talar riddaren um møyi som dansar. Visone målar helst dansen i den ljose sumarnatti, når dei slo ring på leikvollen, «med' lindi ber lauv uti lunden». Då kunde umkvædet for kvar strofe segja: «Trø lett yvi grøne voll — enno er de kje dagjen», eller spyrja: «Munar inkje dagjen uppunder lie?»

Dei gamle nordmennene kjende ikkje noko vidare til dansen. Det var ei idrott som kom til Norderlandi saman med riddarlivet. Den nye leiken gjekk sin sigersgang gjenom alle bygder. I dei store høgtidene dansa dei heile nettene. Det hjelpte ikkje at sume bispar og prestar banna det nye. Dei tok jamvel på å dansa på kyrkjegardane i vokenettene framfor høgtidene.

Det var ikkje berre dansen til visa som var ny; sjølve folkevisa var eit brot med heile den gamle måten å dikta på. Rytmen var onnorleis; i staden for bokstavrimet i dei gamle skaldekvædi hadde folkevisa enderim; det var ikkje lenger skalden som sa fram kvædet millom kjempone i halli, det var no ein fyresongar som song visa i dansarringen, og alle dansarane song umkvædet i kor. Dansen og dei nye diktformene synest å ha vunne fram i Norderlandi i 12te og 13de hdr. Det nye kom vestanfrå; til oss kom det frå England, men dit hadde det kome frå Frankrike.

Endå ein kann peika på fleire ting som knyter den norske folkevisa saman med den gamle diktingi, må ein difor likevel segja at i den ytre framburden er folkevisa noko nytt. Men det er ikkje berre so-

leis i det ytre at det nye ovrar seg. Gjenom songen og dansen vart stemningar og kjenslor utløyste som fyrr hadde vore bundne. Den mjuke voggande rytmen i dansen, dei fagre harmoniane i songen skapte feststunder av eit nytt slag, og let sumt stiga fram or sjeledjupet som til den tid hadde lege gøymt. «Naturopfattelsen blev en anden. Oldtiden havde sin Sans for Natur, alt det vældige og det krigerske i dens Væsen; Vikingen forstod Havet, fordi han maa spænde sig til Kamp imod det, og han forstaar Rovdyret, svælger med bakkantisk Rasen i Blod og Lig og Ørnens Klo . . . . Han forstaar den enlige Fyrr der knuges og visner under Vejrets Magt; men de mildere Naturfølelser er saa afstumpede. Folkevisetiden kommer og har pludselig faaet Øje for «Urterne der de udspringe», for Lunden der løves; den elsker Lilje og Rose, de farveklare fremmede Blomster i Urtegaarden, men endnu mere den bløde lysegrønne og gyldne Lind (modsat Oldtidens haarde og ranke Ask), elsker «Fryd og Fuglesang». Elsker Sommerens milde Lys, des inderligere jo længere nordpaa den kommer dragende paa hvide Svanevinger: «da er det Lyst at skæmte sig, min Lilje hvid!» Naturlivet trænger ind i Mennesket i en Grad som aldrig før; baade den groende Lind og Løvet der falmer og falder. Da toner det ogsaa fra Menneskesjælen af Kildevæld der bryder frem; al Livets Leg, al Livets Længsel faar Lov til at synge sig ud» (Axel Olrik).

Både måten å dikta på og dansen til dikti kom utanfrå. Men ein låner ikkje berre formi; det er greidt at ymse vise-emne laut fylgja med. Visor vart umsette frå det eine målet til det andre og kom soleis til å vandra frå land til land. Ein kann difor finna att ei og same visa i mange land. Vår vise nr. 31 *Svein Nordmann og Gullbjørg* finn

ein att i Danmark, Sverike, på Island, i England, Holland, Tyskland, Frankrike, Italia og fleire stader. Ved nokre visor kann ein sjå kva vegar dei hev vandra. Til Norig er det t. d. kome mange visor frå Danmark og Sverike. Frå Norig hev det vandra visor til Island, Færøyane, Danmark og Sverike. I det heile er dei nordiske visone mykje like einannan, og dei allerfleste visone hev dei funne i meir enn eitt land. Norig hev ikr. 200 folkevisor og av dei finn ein ikkje mindre enn ikr. 150 att i Danmark. Men i kvart land er det au visor som ikkje finst andre stader og som synest å vera dikta der i landet.

Det som mest sermerkjer den norske (og færøyske) visediktingi er fyrst ein flokk trollvisor som skildrar ei ferd til trollheimen eller trollebotn, slike som *Åsmund Frægdegjæva, Hugaball, Steinfinn Fefinnsson, Venil fruva og Drembedrosi* o. fl. Dinæst må ein merka seg at so mange norske og færøyske folkevisor byggjer på norrøne sogor. Visa um Steinfinn Fefinnsson hev Orvarodds saga til grunnlag; *Kvikjesprakk* byggjer på soga um Rolv Gautreksson, *Unge Råmund* på soga um Romund Gripsson, *Kappen Illugjen* på soga um Illuge Gridarfostre, *Roland og Magnus kongjen* på Karlamagnus-saga, *Dei tri vilkori* på Magus saga, o. s. b. Som ein ser, hev folkevisediktarane nytta både heimlege, norrøne soge-emne (fornaldarsogor, eventyrsogor) og framande, umsette sogeverk (romantiske sogor). På ei side viser folkevisa både ved form og innhald utetter mot andre land, og på hi sida viser ho innetter, med di ho er so nøgje knytt til heimlegt liv, heimleg tru og tenkjemåte og heimleg litterær tradisjon.

Det er livet i millomalderen ein finn skildra i folkevisone. Fleire visor gjeng beint fram um historiske hendingar. I Norig hev me berre få sogevisor; det meste må vera burtkome. Dei leivor me no

hev, gjeng um hendingar ikr. 1300. Me hev havt visor um kongane Håkon Håkonsson, Eirik Magnusson og Håkon Magnusson, um den falske Margreta som vart brend på Nordnes ved Bergen, um Audun Hestakorn og um Alv Erlingsson. — Historiske i vanleg meining kann ein nok ikkje kalla desse visone. Dei fester seg mest ved den personlege og private sida ved store politiske hendingar. I sogevisone finn ein difor oftast slikt som sogeskrivarane ikkje hev brytt seg um å taka med. Som me hev visone no, er det historiske grunnlaget ofte so umlaga og so ihopblanda med dikt, at ein berre sovidt kann kjenna att dei sogehendingane som ligg attum. Visa bøygjer soga inn under lovene for eit diktverk; ho vil ikkje fyrst og fremst, som rimkrøniken, fortelja kva som til røyndar gjekk fyre seg, men ho vil gjeva eit uttrykk for dei kjenslone som sogehendingane hev vakt i diktarhugen.

Tidast er det livslagnaden åt ukjende menn og kvinnor som folkevisone gjev oss. Me møter dei ulike stand i samfundet, men det er lett å merka at alt er liksom sét ovanfrå, so visediktarane i dei fleste høve hev høyrt storfolket til eller dikta for det. Me høyrer um riddaren og hovmannen og bispen, um jarlssonen og kongssonen og sjølve kongen; men me høyrer au um bonden og um bondedotteri, som det er «vandelaust» å få for stormannen, og som han ikkje skal taka, når han seg «ei onnor kann få». — Sidan folkevisa kom upp i Norderlandi saman med riddarlivet, er det mykje emne frå riddarlivet ein finn i visone. Men sjølve riddarlivet vann aldri retteleg inngang i Norig. Den ytre bunaden med riddarar, kniktar og dilikt er ofte berre noko som hev fylgt med visone utanfrå. Ein må segja at i det heile er det kjempelivet som er skildra, anten so emnet er teke or det røynlege livet eller lånt frå

eldre diktingar. Det er eit urolegt og stridfyllt liv, med dråp og frendehemn og brurerov. Slikt var det folk tykte gildast å høyra um. Det var nok mange som meinte som ei islendsk kvinne dei hermer etter: «Det er inkje gaman i vangiljone; der er ingen bardage (strid) i dei». Den gamle tanken um at strid var beste emnet for sogor og dikting, kjem fram i noko som ei gamal kvinne sa med presten Landstad: «Det var nu ved de Tider at Folk begyndte at bedres og at tage Vid til sig og rette sig mere efter Guds Ord og Kongens Lov, end de før havde gjort. Der blev trange Aaringer, forstandigere Folk og mere fredsommeligt Liv; derfor er der ikke stort mere at fortælle om dem, end at de levede og døde».

Som ein kunde venta, fortel visone um mangt som er hardt og villt og uhuglegt. Men dei folki som diktaren hev skildra med samhug, fær me au tidast vyrdnad for. Dei er heilrende i karakteren og viljesterke; dei hev evna til sjølvtøyming og atterhald der det trengst, og dei eig vågemod og offervilje når rette stundi er komi. Sjå til dømes mor til Ivar Elison. Mannen hennar er drepen, sonen er i prestlære, ho sit heime, dyl sin harm og grunar på hemn. Ho misser aldri jamvekti, ho er samstundes fyllt av brennhug og ettertanke; ho vil ikkje vita av bråferd, men hemntanken brenn i henne som ein still og heilag loge. Fyrst då ho hev røynt at sonen er av rette toet, sender ho han hugheilt i striden Hemnstundi er den største både for mor og son; i steinstova skjenkjer Eli mjød og vin, og Ivar og fylgjesmennene hans held fest attpå stor-verket.

Stundom er kjempa heller grovlagd, som i *Hermod ille* eller i *Kvikjesprakk,* det er meir av slåstkjempa enn av helten. Men oftast vil ein finna det rike sjelelivet, det gjævlyndet og den finslege framferdi som viser oss den sanne helten. Midt i det

ville og harde og sterke bivrar det då fram, som frå understrengjer, noko mjukt og mildt og kløkkjande fagert. Sjå t. d. visa um *Tiarmannen*; ein hug til å sjå verdi og til å røyna seg driv kjempa ut or heimen:

«Eg vil meg på fremminde lònd,
eg vil min manndomen røyne»,

segjer den unge Erland. Då han dreg og skal skiljast frå far sin, Tiarmann, fær me ikkje nokor lang skildring av kor tungt det kjendest å segja farvel. Me ser berre korleis faren tagal fylgjer sonen på veg:

De var dei fride feggane,
dei fylgdest midt uppå hei —
de vil eg for sanning seia:
dei fanst alli atte mei.

Tiarmannen vart drepen ei stund etter at sonen var dregen heimanfrå, og dotteri Eldbjørg vart herteki. Sidan ser me henne att. Då vigjer ho livet sitt til å gjeva sjelegåvor for faren; han laut døy utan at han fekk det heilage sakramentet. Då Erland kjem ukjend til huset hennar ein kveld, gjev ho honom hus og mat «fyr sæle faren sin». Stundom merkar ein tydeleg innverknaden frå framand romantisk dikting, med di det breider seg ein sterk lyrisk fargeglans og kjenslerikdom yver visa, t. d. i Bendik og Årolilja, der me millom anna finn dei vidgjetne strofane:

Eg tikje so vent um ditt gule hår,
som epli dei dryp på kviste —
sæl er den som deg må få,
Gud bære den som skò misse.

Eg tikje so, når eg sit hjå deg,
som eg sat uti solskin bjarte;
når eg og du me skiljast åt,
då rivnar bå hug og hjarta.

Eg tikje so, når eg sit hjå deg,
som eg sat uti solskin bjarte;
når eg og du me finnast att,
då gleast bå hug og hjarta.

Hugen åt menneski i folkevisa er heil både til godt og til vondt, trui er utan tvil på botnen, kjærleiken er aldri makk-eten.

Av folkevisone kann me læra koss forfederne våre trudde og tenkte. I *heilagvisone* møter me det religiøse trudomslivet. Den katolske kristendomen er rette trui for menneski i folkevisone. Jomfru Maria er himmeldronning og byd den sæle velkomen (sjå visa um *Olav og Kari*), og dei bed til Gud og Maria møy. Draumkvædet syng som med djupe orgetonar um livet attum gravi, um himmel og helheim, um samsvar millom synd og straff, millom god gjerning og løn — alt i katolsk ånd og soleis at ein ser at kvædet heng saman med andre katolske syner. Diktaren fortel ikkje stort um himmeriket, han skræmer mest med syner av helheimen; det er kjensla av synd og skuld han vil prenta inn i oss. Men yver andre heilagvisor er det ein mildare dåm. I *Agnus dei* tek jomfru Maria seg av eit barn, fører det til himmelen og lovar det at foreldri skal verta sæle.

Og alle Guds englar sloge leik,
fyre dansar ungan Agnus dei.

Men under den kristne trui ligg det ei folketru som gøymer mange gamle heidne minne. I denne folketrui er det at *trollvisone* botnar. Rundt ikring menneskjet finst det ei heil verd av yvernaturlege vette, i berg og haug, i luft og vatn. Der er risar og jøtlar og gygrar, bergekonge og alvefolk og haugebonde, nykk og havfru. Det er um samkvæmet med desse vetti at trollvisone gjeng. Stundom fortel dei

um venskap eller elsk, men oftast fører samkvæmet ulukke med seg. Bergfolket lokkar menneskje til seg, og dei kjem ikkje att; det same gjer havfrua og nykken. Risane kjem til manneverdi og tek kvinnor med seg, og det er då fortalt um koss kjempa dreg til trollheimen og vinn møyi attende. Jøtulkvendi skaper seg um til fagre kvinnor og lurer seg inn i mannheimen, vert gifte med kongar og gjer sidan mykje mein med å skapa um styvborni til dyr, fuglar, tre, steinar o. s. b. (t. d. i visone um *Venil fruva* og *Jomfruva Ingjebjør*). På vollen slær alvefolket ring og dansar, og den mannen som kjem inn i alvedansen og ikkje gjer som alvekvinnone vil, honom gjeng det ille. Stutt sagt: den yvernaturlege verdi ringar seg ikring mannelivet på alle kantar. Livet i folkevisone fær liksom dobbelt botn; det er fyllt med spaning, og fårar lurer på alle kantar, det er rikt på under og mystikk.

Ei urikkeleg tru på lagnaden ligg attum alt. Det som er so lage, det lyt ganga fram:

Bendik ri åt Sø-londo,
ville han skòa møy;
han var kje lagje til atte koma,
difyr so laut han døy.
— Årolilja kvi søv'e du so lengje?

«Det kann ingen si forloga fly ifrå» segjer Magnhild i visa um *Villemann og Magnhild.*

Ei slik tru må setja djupe merke i diktingi. Livet hadde for dei gamle ein annan bakgrunn enn det hev for oss, og det var ein annan samanheng i det; «livsbelysningen» var onnorleis. Mangt som for oss kjennest som eit tilfelle berre, kjendest for dei gamle som ein lagnad, og ymist som me berre kann taka for symbol, var for dei full røyndom. Dette kann stundom gjera det noko vandt for oss å skyna menneski i folkevisa heilt ut; men den som kjenner godt

livet i norske bygder, norsk folketru, tenkjemåte og karakter vil i grunnen finna at det meste er kjenslegt. Og me skal hugsa på at det livssynet som råder i folkevisa, hev lagt sin dåm yver soga vår, hev rådt hjå nordmennene i lange lange tider og forklårar mangt i det moderne livet med. Den tankespaningi som stundom krevst til å skyna visa rett, fær ein rikleg løn for i eit djupare og historisk klårare syn på norsk sjeleliv.

I det heile krev folkevisa ikkje so reint lite av åhøyraren, og ho er eit merkelegt vitnemål um kor høgt kunstsansen stod hjå forfederne våre. Den nedgang i skyn på kva er ekte dikting, som me røynleg finn hjå folket vårt, ser ein ingen stad greidare enn ved folkevisa. Ålmugen hev gløymt ei heil rekkje med herlege kunstverk og lagt seg ei mengd verdlause bygdevisor og skillingsvisor på minnet, I det seinare hev nok folkevisa vunne att noko av det romet ho ein gong hadde i folkehugen, men det er gjerne so enno, at folkevisa er eit slag prøvestein som viser kor godt kunstskynet er.

Ein må nok medgjeva at det er ymse ting ved visemålet og visestilen som skaper vanskar for oss eller i minsto kann kjennast noko framandvorne med det same. Det kann vera som eit hardt skal ein må knekkja, fyrr ein når inn til den søte kjernen. — Det ein går mest åt med det same, er dei store sprangi i forteljingi; ein må tenkja seg til so mykje og knyta hendingane saman sjølv. «Handlingens høidepunkter side om side, som en blaanende rad av fjeldtopper — alt andet i dis og skodde overladt til den utfyldende fantasi» (Moltke Moe). Men so finn ein att, rett som det er, at diktaren tek tanken i ein strofe uppatt både ein og tvo gonger, berre med små avbrigde i ordlagi kvar gong. Slike uppatt-takingar (parallell-strofar) tener til å prenta inn eitkvart vik-

tugt hendet eller viktug røda. Med å taka uppatt soleis nøyder diktaren oss til å lata tanken krinsa lenger um den bolken i visa; det er ei kunst-råd til å skapa relief i forteljingi. Stundom finn ein at parallell-strofane er misbruka; dei kjem både i tide og utide, berre rimet byd seg fram lett nok. Det hev vorte manér. Folkevise-dansen er vel mykje skuld i dette: det galdt um å tøygja visa ut, so dansen kunde vara lenge. Ein ser det so greidt på Færøyane; der hev dei halde uppe folkevisedansen lenger enn andre stader, og det er ingen stad det finst so mykje med parallell-strofar som nettupp der. — Noko anna er det at ei vise kann låna verslinor, strofar, ja heile stroferekkjor frå ei onnor. Det treng ikkje vera samanblanding i seinare tider, men kann godt ha vore so frå fyrste stund. Tingen er den at visone på ein måte kjendest som sams eigedom. Det var ingen «forfattarrett» til dei. Det var alt som det skulde vera, um ein diktar tok av den episke sam-eigedom, når han hadde bruk for det.

Ein annan ting som veld vanskar når ein ikkje lever seg godt inn i visa, er samrødone. Sume visor er mest berre samrødor, og sjeldan er det sagt frå kven talar då og kven talar då; ein må tenkja seg til det. Ein må difor fylgja vel med, so ein til kvar tid kann kjenna på seg koss dei som er med i visa vil tala eller fara åt. Her au krevst det skyn og fantasi.

På hi sida plar det vera lett å få yversyn yver hendingane i visa; ein finn ikkje nokor vand og ihopfløkt forteljing med mange hendingar som gjeng fyre seg samstundes, so ein fær fleire forteljings-trådar. Dei folki som er med i visa, er teikna med store og reine drag. Det er ålmenne truer og tankar og kjenslor ein møter, og personane er gjerne typar eller ideal-bilete utan nokon stor rikdom på individuelle

drag. I so måte hev folkevisa noko for alle. Heile visa er harmonisk bygd. Ho byrjar stilt og rolegt, lyfter seg mot det dramatiske høgdepunktet og fell so til ro att. *Villemann og Magnhild* t. d. byrjar lognt med at Villemann og Magnhild sit i jomfruburet og leikar tavl. Men so høyrer me at Magnhild græt, og me skynar då at det bodar eikor ulukke. Um ikkje lenge er me ved det dramatiske høgdepunktet; me høyrer um koss nykken tek Magnhild, og koss Villemann vinn henne att med det vedunderlege spelet sitt. So fell det heile til ro. Visa må ikkje stupa seg inn i hendingane med ein gong, og ho må ikkje lata alt enda for brått. I visa um Bendik og Årolilja fær båe hovudpersonane ein brå og hard daude. Men visa endar ikkje med det. Ho fortel korleis kjærleiken rekk·attum gravi: på gravene åt dei tvo som hev elska einannan her i livet, veks det upp tre, og dei trei «krøkjest i hop yver kyrkjedøri» og stend der som ei minning yver kvorvi glede og sløkt harm. Visa endar med det fagre og fredsæle biletet av den brune stavkyrkja med dei tvo trei som bøygjer seg saman.

Når folkevisone gjeng so langt attende i tidi som til 13de og 14de hdr., er det greidt at dei hev vore dikta på gamalnorsk mål. Enno kann ein i mange høve føra dei attende til den gamalnorske formi utan store brigde. Tak t. d. str. 12—13 i *Kvikjesprakk:*

Kvikjesprakk salar gangaren
med dige leggjir og stinne:
«Eg vil meg åt Girklondo
han Ljodvor kongjen finne,»

Kvikjesprakk salar gangaren
med dige leggjir og stive:
«Eg vil meg åt Girklondo;
hòre er skjemst'e rie?»

I gamalnorsk hev dette vore noko slikt som:

Kvikisprakkr sǫðlar gangarann
með digra leggi ok stinna:
«Ek vil mér at Girklǫndum
hann Lǫðvé konung at finna.»

Kvikisprakkr sǫðlar gangarann
með digra leggi ok stífa:
«Ek vil mér at Girklǫndum
hvar mun skemst at ríða?»

Den faste, rim- og rytmebundne formi i visone hev halde uppe mykje av gamle ord, ordformer og ordfellingar, som no er heilt kvorvne or talemålet eller hev skift tyding. Me høyrer um *feggar*, far og son, *meggur* mor og dotter, *systrungar* born av tvo eller fleire syster. Det heiter *festarsvein* og *festarmøy*, *festarmann* og *festarviv*. Døypenamn heiter *skiringsnavn*, og presten er kalla *vigslekall*; den gudelege boki heiter *skrå*, og det er tale um *vigslevatn*. Sverdet er kalla *den brune brand* eller *den bitre brand*. Til lækjing mot sår og sjukdom hev dei *heilevåg*, skip kann heita *knurr*, ein gjest *komumann* o. s. b., o. s. b. I alle desse høvi er det gamalnorske ord som hev halde seg. Stundom finn ein i visone gamle ord som kvedarane ikkje skyna, og som ein ikkje finn att i den norrøne bokheimen heller, slike som *heljelinde* og *heljelauk*, *obboren*, *åbruklaug* o. fl.

Det gamalvorne i målet kann valda litt bry, men ikkje nåme nær so mykje som sume synest å tru. Det gjeld um dei norske folkevisone det Svend Grundtvig hev sagt um dei danske, at det kostar «kun en meget ringe Ulejlighed at gjøre sig bekjendt med, hvad der nu er forældet i Visernes Sprog; og det er en i alle Henseender nyttig og fornøjelig Kundskab, her er at vinde for godt Kjøb, da det er ægte, gode, korte, klangfulde Kjærneord, som et dansk

Øre let vil nemme og nemt vil gjemme, naar Betydningen først kjendes . . . Vil man have de gamle Viser — som uimodsagt ere en Skat og en Ære for vort Folk, og i Virkeligheden den faste, hjemlige Grund, hvorpaa hele vor poetiske Litteratur hviler, den dybe, frugtbare Jordbund, hvoraf den stadig har draget Næring —, vil man have dem og umiddelbart paavirkes af dem, saa maa man ogsaa have Øre, eller ved en ganske lille Anstrængelse aabne sit Øre, for den Klang, de Ord, de Ordlag, de Rytmer, gjennem hvilke den gamle Digtning alene kan virke levende paa os.»

Målet i dei norske folkevisone er no nynorsk. Dei hev fylgt med i målvoksteren frå gamalnorsk til nynorsk og ikkje vorte sprengde. Dei er ein litterær tråd som bind det gamle og det nye Norig saman, og dei hev halde uppe ikkje so reint lite av den litterære kulturen me hadde i millomalderen. Difor er dei ikkje berre ei rekkje kunstverk som hev verd i seg sjølve, men dei er au viktuge historiske og nasjonale erveminne.

TEKSTER

1. Draumkvædet.

I

1. *Vil du me lye, eg kvea kann*
um einkvan nytan drengjen,
alt um 'n Olav Åsteson,
som heve sovi so lengje.

---

2. Han la seg ne um joleftan,
sterkan svevnen fekk,
vakna kje fyrr um trettandagjen,
då folkje åt kyrkjun gjekk.
Og de var Olav Åsteson,
som heve sovi so lengje.

3. Han la seg ne um joleftan,
no hev 'n sovi so lengje,
vakna kje fyrr um trettandagjen,
då fuglane skoke vengjir.
Og de etc.

4. Han vakna kje fyrr um trettandagjen,
då soli rann i lie,
då sala han ut fljotan folen,
han ville åt kyrkjun rie.
Og de etc.

5. Presten stend'e fyr altare
og les upp lestine lange,
Olav set seg i kyrkjedynni
og tel'e draumane mange.
Og de etc.

6. Gamle mennar og unge
dei gjev'e ette gaum'e,
med' han Olav Åsteson
tel'e sine draume.
Og de etc.

II

7. Eg la meg ne um joleftan,
sterkan svevnen fekk,
vakna kje fyrr um trettandagjen,
då folkje åt kyrkjun gjekk.
For månen skin'e,
og vegjine falle so vie.

8. Eg hev vori meg upp med sky
og ne-att med have svarte;
den som vil mitt fotspor fylle,
lær kje av bliom hjarta.
For etc.

9. Eg hev vori meg upp med sky
og ne med havsens grunne;
den som vil mitt fotspor fylle,
lær kje av bliom munne.
For etc.

10. Eg hev vori meg upp med sky
og ne-att på svarte dikje,
eg hev set åt heite helvite
og ein deil av himmerikje.
For etc.

11. Eg hev fari ivi vigde vatne
og ivi djupe dalar;
høyrer vatn, og ser de inkje,
unde jordi so mune de fara.
For etc.

12. Eg er so trøytt og ferde-mo,
og inna so mune eg brenne;
eg høyrer vatn, og fær de inkje,
unde jordi so mune de renne.
For etc.

13. Inkje kneggja soten min,
inkje gøydde min hund'e,
inkje gol dei ottefuglan':
de tottest meg vera under.
For etc.

14. Eg var meg i auromheime
i mange nettar og trå,
de veit gud i himmerik
hosse mang ei nau eg såg.
For etc.

15. Eg kann noko av kvòrjom,
derfyr tikjest eg fro,
eg var longe i molli mòka,
ha eg tott den dauen go.
For etc.

III

16. Fysste eg var i uteksti,
eg fór ivi tynnyr-mog:
sund'e gjekk mi skarlakskåpe
og neglan' av kvòr min fot.
For etc.

17. So var eg meg i uteksti
igjenom den tynnyr-ring;
sund'e gjekk mi skarlakskåpe
og neglan' av kvòr min fing.
For etc.

18. Kjem eg meg åt Gjallarbrui,
ho heng'e so hågt i vinde;
ho er òll med gulle slegji
og saum i kvòrjom tinde.
For etc.

19. Ormen høgg'e og bikkja bit'e,
og stuten stend midte på leii:
tri er tingji på Gjallarbrui,
og alle er gramme og vreie.
For etc.

20. Bikkja bit, og ormen sting,
og stuten stend og stangar —
de slepp ingjen ivi Gjallarbrui
som feller domane vrange.
For etc.

21. Eg hev gjengji Gjallarbrui,
ho er både bratt og lei;
vassa so hev eg dei Våsemyran',
no er eg kvitt'e dei.
For etc.

22. Va'i so hev eg dei Våsemyran',
der hev kje sta'i meg grunn;
no hev eg gjengji Gjallarbrui
med rapa moll i munn.
For etc.

23. Eg hev gjengji Gjallarbrui,
og der var krokane på;
men eg totte tyngre dei Gaglemyran',
gud bære den dei skò gå!
For etc.

IV

24. So kom eg meg åt votno dei,
der isane brunne blå;
gud skaut de i hugjen min:
eg vende meg derifrå.
For etc.

25. Eg var meg i auromheime,
ingjen der eg kjende,
berre ho sæle gudmor mi
med raue gull på hende.
For etc.

26. Sume fór ivi Grimaråsen
og sume ivi Skålestrond,
men dei som fór ivi Gjallarhylen,
dei kome våte fram.
For etc.

27. So tok eg av på vetterstig
alt på mi høgre hònd;
der såg eg meg til paradis,
de lyser ivi vene lònd.
For etc.

28. Der såg eg att'e gudmor mi;
meg mune kje bet'e gange:
«Reis du deg til brokksvalin,
der skò domen stande.»
For etc.

V

29. Kjem eg meg åt pilegrimskyrkjun,
der var meg ingjen mann kjend'e,
berre ho goe gudmor mi
med raue gull på hende.
I brokksvalin
der skò domen stande.

30. Der kom ferdi norantil,
og den rei no so kvast;
fyre rei Grutte gråskjeggje
alt med sitt store brass.
I etc.

31. Der kom ferdi norantil,
de totte eg vera vesst;
fyre rei Grutte gråskjeggje,
han rei på svartan hest.
I etc.

32. Der kom ferdi sunnantil,
de tottest meg vera best;
fyre rei sankte såle-Mikkjel,
han rei på kvitan hest.
I etc.

33. Der kom ferdi sunnantil,
og den rei no so tvist;
fyre rei sankte såle-Mikkjel
næste Jesum Krist.
I etc.

34. Der kom ferdi sunnantil,
ho tottest meg vera trå;
fyre rei sankte såle-Mikkjel,
og luren unde armen låg.
I etc.

35. De var sankte såle-Mikkjel,
han bles i luren lange:
«Og no skò alle såline
fram fyr domen gange!»
I etc.

36. Men då skolv dei synde-såline,
som ospelauv fyr vinde,
og kvòr den, kvòr den sål der var,
ho gret fyr syndine sine.
I etc.

37. De var sankte såle-Mikkjel,
han vog i skåle-vikt;
so vog han alle synde-såline
burt til Jesum Krist.
I etc.

VI

38. Eg såg meg einom drengjen,
de fysste eg vart ved,
liten småsvein bar han i fangje
og gjekk i jordi til knes.
I etc.

39. Kjem eg meg åt manne dei,
kåpa den var bly:
hass arme sål i dessom heime
var trong i dyre ti.
I etc.

40. Kjem eg meg åt monno dei,
dei bar på gloande jord:
gud nåe dei fatike såline
som flutte deildir i skog!
I etc.

41\. Kjem eg meg åt bonno dei,
dei støje so hågt på glo:
gud nåe dei synduge såline,
ha banna burt far og mor!
I etc.

42\. Kjem eg meg åt podda og ormen,
dei hoggje kvòrare med tanne:
de var synduge syskjeni
som hae kvòrare banna.
I etc.

43\. Der møtte eg dei ormane tvei,
dei bit'e kvòrare i sporde:
de var dei synduge syskjenbonni
som gifte kvòrare på jordi.
I etc.

44\. Kjem eg meg åt Syslehuse,
der var trollkjeringan' inne:.
dei sto kinna i raue bloe,
de var so tung ei vinne.
I etc.

45\. Der er heitt i helvite,
heitar hell nokon hyggje;
der hengde dei 'pivi ein tjørukjetil
og brytja ne-i ein presterygg'e.
I etc.

VII

46\. Sæl er den i føesheimen
fatike gjev'e sko:
han tar inkje berrføtt gange
på kvasse heklemog.
Tunga talar,
og sanning svarar på domedag.

47. Sæl er den i føesheimen
fatike gjev'e ku:
han tar inkje sumlug gange
på håge Gjallarbru.
Tunga etc.

48. Sæl er den i føesheimen
fatike gjev'e brau:
han tar inkje ræast i auromheime
fyr horske hundegau.
Tunga etc.

49. Sæl er den i føesheimen
fatike gjev'e konn:
han tar inkje ræast på Gjallarbrui
fyr kvasse stutehonn.
Tunga etc.

50. Sæl er den i føesheimen
fatike gjev'e mat:
han tar inkje ræast i auromheime
anten fyr hæe hell hat.
Tunga etc.

51. Sæl er den i føesheimen
fatike gjev'e klæe:
han tar inkje ræast i auromheime
fyr håge kjellar-bræe.
Tunga etc.

VIII

52. Gamle mennar og unge
dei gjev'e ette gaum'e;
de var han Olav Åsteson,
no hev han tålt sine draume.

2. Maria.

I

1. Kvinna gjekk på vegjen fram,
   — På dome —
   der møter ho Kristus, vår frelsarmann.
Tunga talar og såli svarar fyr domen.

2. «Høyr du kvinne hot eg spyr'e deg:
   hev du inkje drikke fyr meg?»

3. «Hosse kann du drikke få?
   eg hev inkje anten fat hell skål.»

4. «Visste eg du var ei møy so rein,
   so drakk eg av dine lovane tvei.»

5. Kvinna bannar so dyrt ho kann:
   ho ha' alli havt med mann.

6. Ho svor seg ifrå sud til nord
   at ho var møy som klåre sol.

7. Ho svor seg ifrå aust til vest
   at ho var møyi allerbest.

8. «Sver kje, sver kje, syndugt viv!
   du hev havt deg bonni tri.

9. De fysste med din fa'er,
   de var syndi harde.

10. De are med din bro'er,
    de var syndi store.

11. De tree med din sokneprest,
    de var syndi allervesst.»

12. Kvinna falt fyr honom på kne:
«Å kjære Jesus, skrifte meg!»

13. «Hosse kann eg skrifte deg,
so synduge sål hev kje komi fyr meg?»

14. Kvinna låg fyr honom på kne:
«Kjære, du lyt skrifte meg!»

15. «Du kann kje onno skrifti få
hell gange på skogjen i åtte år.

16. Du skò kje anna ha til sko
hell trø i snjoren med berre fot.

17. Du skò kje anna ha til mat
hell de blikna linde-bla.

18. Du skò kje anna ha til drykk
hell morgodoggji, fell'e tykk.»

II

19. Ho gjekk på skogjen i åtte år
iblandt løvur og ulvar grå.

20. Ho hadde inkje anna til sko:
ho trødde i snjoren med berre fot.

21. Ho hadde inkje anna til mat,
hell de blikna lindebla.

22. Ho hadde inkje anna til drykk
hell morgodoggji, fell'e tykk.

III

23. Kvinna gjekk i skogjen fram,
so møter ho den sama mann.

24. «Høyrer du kvinna, eg talar til din:
hosse likar du skrifti mi?»

25. «Sosso likar eg skrifti di
som kvòr den dagjen å drikke vin.

26. Sosso likar eg skrifti go
som kvòr den dagjen å drikke jol.»

27. «Likar du den skrifti så,
— På dome —
skò du Himmerikje få.»
Tunga talar og såli svarar fyr domen.

3. Torgjusdøtrane.

1. Torgjus heve dei døttane tvei,
— Unde lie —
lengje um morgonen søv'e dei.
— Med' soli skin'e so vie.

2. Torgjus gjeng åt bure,
han vekkjer Kari prude.

3. «Statt upp, Kari, dotter mi,
kyrkjeålmugjen biar din.»

4. «Lat kyrkjeålmugjen rie,
dei tar inkje ette meg bie.

5. Lat kyrkjeålmugjen fara,
eg kjem kje til kyrkje mi' dagar.»

6. Kari ha' på seg stakkjen blå,
gulle låg ette kvòr den trå.

7. Kari sto og skodde sin fot
med silkjesokkar og sylvspente sko.

8. Kari gjeng åt bekkje,
sitt gule hår ho rekkjer.

9. Ho greidde sitt hår med sylvarkamb,
so slengde ho i eit silkjeband.

10. Ho slengjer i ein rau'e gulltrå,
venaste hovugull set ho på.

11. Kari aksla kåpa rau,
gulle låg ette kvòr den saum.

12. Ho sette seg på gangaren grå,
tok ho vegjen åt skogjen låg.

13. Då ho kom på ville hei,
møtte ho dei vaddarar tvei.

14. «Tener du Maria møy,
hell er du dotter til Torgjus unde øy?»

15. «Eg tener inkje Maria møy,
eg er dotter til Torgjus unde øy.»

16. «Kvåre vil du vera vaddareviv,
hell du vil skjosklege låte liv?»

17. «Inkje vil eg vera vaddaremøy,
helle vil eg fyr sverde døy.»

18. Vaddaren let sitt sverde brå,
han hoggje henne i lytir två.

19. So langt som hennar bloe rann,
håge voksljosi ette brann.

Då røvarane såg koss ljosi brann, skyna dei for ei stor synd dei hadde gjort og vart tunge i hug. Dei kom til garden åt far hennar. Torgjus kjende klædi åt dotter si, og han brende røvarane inne i ei badstove.

4. Den vonde stjukmori.

I

1. Nikelus rei seg sud unde øy,
— På follo —
fester han Sylverlin, vene møy.
— De er tungt trøa dansen unde mollo.

2. Han fester Sylverlin, flyt 'a heim,
herrar og riddarar ri'e med dei.

3. Dei livde i hop dei åri ni,
og åtte seg dei bonni tri.

4. Der kom sjukje i deires by,
fysste laest Sylverlin vene viv.

5. Nikelus sette seg på sengjestokk,
leika med Sylverlins gule lokk.

6. «Um du sille døy frå meg,
hòre sille eg gjera av meg?»

7. «Du kunna kje annan sta gjera av deg
hell gange burt og skjemte deg.

8. Du skòe inkje hoss skoren er trødd,
du spyr'e meir hòr ho er fødd.

9. Du skòe kje hennar blomekinn,
men akte hennar goe sinn.

10. Du skòe kje hennar gule hår,
men akte hennar goe rå.»

II

11. Sunnafyr kyrkja jarda dei lik,
nordafyr kyrkja skòa han viv.

12. De var kje lang'e stundi lei,
han feste Ljosborg, flutt' a heim.

13. Dei sette Ljosborg i brurebenk,
møyar og riddarar båre skjenk.

14. Ljosborg tala til ternur två:
«Kven eig'e bonni på golve gå?»

15. So blilege svara dei ternur då:
«De er den herren du skò få!»

16. Ho slo til de lisle kind,
so bloe rann i skarlaksskinn.

III

17. Ho tok ifrå dei bolstri blå,
let bonni liggje på bos og strå.

18. Ho tok ifrå dei store voksljus,
let bonni liggje i myrke hus.

19. De eine ho dengde, de are ho slo,
de tre'e spende ho med sin fot.

20. Han gret so sårt den yngste svein,
de høyrde hass mo'er i annan heim.

21. Sylverlin med Maria tala:
«Må eg meg åt jardrikje fara?

22. Må eg meg på jordi å sjå
hosse dei liver mi' bonni små?»

23. «Ja gjønne må du åt jardrikje fara,
um du kjem atte når hanar gala.»

IV

24. Sylverlin gjekk seg i stoga inn,
so tok ho upp de lisle kind.

25. «Statt upp Ljosborg blomekinn!
Kvi ser du so vreitt på stjukson din?

26. Han græt'e so mykje den lisle svein,
so han er lyen i annan heim.

27. Der var ette meg bå øl og mat,
mi' bonn skò lie hunger og hat.

28. Der var ette meg dei store voksljus,
mi' bonn skò sitje i myrke hus.

29. Der var ette meg dei bolstri blå,
mi' bonn skò liggje på bos og strå.»

30. De eine ho byste, de are ho tvo,
de tre'e vogga ho med sin fot.

31. «No gjel'e hanen den svarte,
han tar eg inkje akte.

32. No gjel'e hanen den kvite,
han tar eg inkje lite.

33. No gjel'e hanen den raue,
då må han vike den daue.

34. Lyt eg tiare til deg gå,
so tung ei lykke skò du få.»

V

35. Ljosborg gjeng'e bå ut og inn,
tiom feller ho tårir på kinn.

36. De eine ho byste, de are ho tvo,
de tree vogga ho med sin fot.

37. Tala de Nikelus i sengji låg:
«Kvi er du so go med bonni små?»

38. «Di er eg so go med bonni små,
eg tala med deires mo'er igjår.

39. Fyrr hev eg vori dei stjukmo'er stri,
no vil eg vera dei mo'er bli.»

40. «Tala du med deires mo'er igjår,
— På follo —
Gud bære meg, eg mått'a kje sjå!»
— De er tungt trøa dansen unde mollo.

5. Kvikjesprakk.

I

1. Tri so vårę dei Erningssønin',
alle ville hjelmen vinne,
og de var Jullands kongje
han rei fyr dei på tingje.
— Dei kunna so væl dei Jullands hestan' utrie.

2. De var Jullands kongjen
han trør so hardt i tilje:
«Kven er de av Erningssønin'
som vil burt å gilje?»

3. Til svara unge Kvikjesprakk
i de sama sinne:
«Eg vil meg til Girklondo
den rike jomfruva vinne.»

4. Til svara Kvikjesprakks syster
— de var so ven ei kvinne —:
«De er so vondt i Girklondo
å lata seg fange og binde.

5. Høyre du Kvikjesprakk, bro'i min,
du site no helle heime!
Du er ung'e og urøynd'e
med sterke kjempur freiste.»

6. Og de var Kvikjesprakk Erningsson,
han slær sin neve mot bord:
«De kallar eg ingjen hovdreng vera,
som ræddast fyr kvinneord.

7. Eg ræddast inkje fyr live mi',
so lengje eg ri 'o Blakk;
eg vil meg åt Girklondo
um eg kjem alli att.

8. Eg ræddast inkje fyr live mi',
so lengje eg ri 'o Rau;
eg vil meg åt Girklondo,
um eg kjem atte dau.»

9. Og de var Kvikjesprakk Erningsson,
han tala til smådrengjen sin:
«Du skò vera med til Girklondo
og passe på gangaren min.

10. Du klæer deg i klæningjen
den beste som nokon vil slite,
der utapå dreg'e du brynja blå,
ho glimar som sylve de kvite!»

11. Svara de Kvikjesprakks liten smådreng
alt både med tukt og ære:
«De samar seg ingjen hestesvein
ei brynje blå å bera.»

II

12. Kvikjesprakk salar gangaren
med dige leggjir og stinne:
«Eg vil meg åt Girklondo
han Ljodvor kongjen finne.»

13. Kvikjesprakk salar gangaren
med dige leggjir og stive:
«Eg vil meg åt Girklondo;
hòre er skjemst'e rie?»

14. «Två er vegjine åt Girklondo,
den eine er noko lengre,
so fer'e last med sjave dei,
der skjæv'e so rauste drengjir.

15. Anten du vil med vigdo fara,
der er leii long'e,
hell du vil på Byrteskogjen.
der er gòta trong'e.»

16. Kvikjesprakk steig på gangaren
med dige leggjir og snarpe,
so ri'e han seg på Byrteskogjen,
han sparer kje hov på Blakkje.

17. De var unge Kvikjesprakk,
han rei i dagane tvo,
de var fulla femten valske milir
dei høyrde hass folafot.

III

18. De var jomfruva Rosamund
ho såg seg ut so vie:
«No ser eg ein av Erningssønin'
åt borgji mune han rie.»

19. Um bergje de er alli so blått,
so må de sund i stykkje;
han må inkje vera hjarteblaug'e
den svein som i salen tor sitje.»

20. Ute bind han hesten sin,
han heve sverde ihjå,
so lyster unge Kvikjesprakk
seg inn i stoga gå.

21. Han hadde so vent eit helsarmål,
de kunna ingjen åt honom finne,
han ba dei alle i freo liva,
kvòrt minste båne derinne.

22. Og de var unge Kvikjesprakk,
sitt mål kunna han frambera:
«Hev du kje, kongje, dotteri ei,
som du lyster guten å gjeva?»

23. Svara de kongjen i Girklondo
både med spott og hå;
«Gud lat meg alli liva den dag
då eg skò få deg til måg!»

24. Svara de Kvikjesprakk Erningsson,
han snudde seg kongjen ifrå:
«Gud lat meg alli liva den dag
eg spyr'e deg tiar um rå!»

25. Kvikjesprakk sette seg fruva næst
— so mangt lyster ungan tala —
han bleiv so snøgt or sesse kipt
at nakkjen small i fjalar.

26. Sette han seg jomfruva næst,
som han totte best å gilje,
han bleiv so snøgt or sesse kipt
at nakkjen small imot tilje.

27. Kvikjesprakk låg i golve daue
og kjende kje til sitt mein;
de totte kongjen ille vera:
«Brøyske var bånebein.»

28. Men upp reis unge Kvikjesprakk,
han tottest i nakkjen kleie:
«Visste eg kven meg or sesse kipte,
so snøgt sille eg han veie!»

29. Upp reis Kvikjesprakk Erningsson,
han tottest i nakkjen svie:
eitt hundra og eit anna halvt
dei tålde han utor live.

30. Sume braut han hovue av,
og sume branka han bein:
fyrr han kom or huse ut,
var der inkje atte ein.

31. Sume braut han ryggjen sunde,
og sume gjorde han blinde,
sume kom or huse ut,
og sume låg atte inne.

IV

32. De var kongjens liten smådreng,
var ute med falske rå:
«Me sleppe ut okkons grumme løve,
ho riv han i stykkje små!»

33. Ut so kjem den grumme løva
med kvasse tennar og lange:
og de var unge Kvikjesprakk
han toss vera stedd i vande.

34. Tok han i den løvekjeft
med båe sine hendar,
snøgg so var hass liten smådreng,
han hoggje løva isunde.

35. De var kongjens liten smådreng,
var ute med falske rå:
«Lyster kje unge Kvikjesprakk
seg inn i stoga gå?»

36. Svara de unge Kvikjesprakk,
han toss vera trøytt og mo:
«Eg vil gange i drykkjestoga,
kvildi ho er vel go.»

37. De var kongjens liten smådreng,
han skjenkte den mjøen og bar,
alt til unge Kvikjesprakk
sovna i sesse han sat.

38. So sprette dei fjoturen um hass fot
og bejaren um hass hand;
so førde dei han åt myrkestoga,
de gjorde dei han til skam.

V

39. «Høyre du de, min lisle smådreng:
du springe på gangaren raue,
du be han Iven, bro'er min,
han skundar å hevne min daue.»

40. Og de var Kvikjesprakks liten smådreng,
han ri'e so radt av garde:
dei kunna han inkje med augo feste
mindre med hondo taka.

VI

41. De var liten smådrengjen,
kom seg riand i gard,
de var um ein aftan,
då Iven kasta tavl.

42. «Vælkomen Kvikjesprakks liten smådreng,
vælkomen hit og heim!
Hosse stend'e de til i Girklondo,
med de kjem'e kje atte hot ein?»

43. «Her sit'e du Iven Erningsson
drikk'e mjø og vin:
han er sett i myrkestoga
Kvikjesprakk bro'er din.

44. Han hev seti i myrkestoga
vel uti tjuge dagar,
hass gangaren spring i Girklondo,
der tore han ingjen taka.»

45. «Høyre du Kvikjesprakks liten småsvein,
no seie du meg satt:
kven var so djerv i Girklondo,
at han unge Kvikjesprakk batt?»

46. «Høyre du Iven Erningsson:
du trøyter inkje lengje;
de var ingjen annan i Girklondo
enn kongjens liten smådreng'e.»

47. De var Iven Erningsson,
han sinom borde skaut,
so brune mjø og klåre vin
ette golve flaut.

48. Ute sålar han hesten sin
og fort utav garde fór,
de var vel femten milir
dei høyrde den folafot.

49. Og de var Girklandskongjen,
han seg gjenom vindauga såg:
«No ser eg Iven Erningsson,
dé slå mine portar i lås!»

50. De var Iven Erningsson
han var både ill og gram,
han spenner sin hesten med spore
so han ivi porten sprang.

51. Og de var Iven Erningsson
han kom seg riand i gård,
og de var Girklandskongjen,
han ute fyr honom står.

52. «Vælkomen Iven Erningsson,
vælkomen hit til min!
No hev eg sta'i den vårsdag lange
og blanda mjø i vin.»

53. «Eg er inkje um din brune mjø,
eg er inkje um din vin,
men eg er komen til Girklondo
å sjå ette bro'eren min.

54. Han hev seti i myrkestoga
vel uti tjuge dagar,
hass gangaren spring i Girklondo,
der tore han ingjen taka.»

55. De var Iven Erningsson,
han let sitt sverde brå:
han hoggje til Girklandskongjen,
hass hovu dreiv langt ifrå.

56. De var kongjens liten smådreng,
han fell'e på berre kne:
«Høyre du Iven Erningsson:
live so gjeve du me!»

57. De var Iven Erningsson,
sitt sverd ville han kje øye:
han slo til honom med neven,
so heilen skvatt på heie.

58. Iven han rei til myrkestoga,
so talar han til fangje:
«Statt upp Kvikjesprakk, bro'er min,
um du er go fyr gange!»

59. «Her sit eg i myrkestoga
fjoturen spent umkring,
lenger tikj' eg vetternotti
hell alle alderen min.

60. Hardt so er eg fengsla,
og hardt so er eg bunden;
men takk have jomfru Rosamund,
hev bori meg mat'e til munnar.»

61. De var Iven Erningsson,
spende med karske fot,
spende han myrkestog-hurdi
so ho dreiv tilja imot.

62. So tok han jønnhurdi
og kasta 'a gòta fram:
«De stend'e meg ingjo myrkestoga,
d'er Girklands-kongjens skam.»

63. De var Iven Erningsson,
han væl av sin styrkjen naut:
han tok dei store jønnboltar,
og mijjom si hendane braut.

64. «Høyre du unge Kvikjesprakk:
me drepa skò hauk og hund!»
«Nei!» sa unge Kvikjesprakk,
«spar att jomfru Rosamund!»

65. De var Iven Erningsson,
då hoggje han alt av trauste:
so fór folkje fyr foto hass
som lauve blæs um hauste.

66. De var unge Kvikjesprakk,
han var både ill og brå:
so fór folkje fyr foto hass
som storren fyr goe ljå.

67. Dei dråpe ne i Girklondo
både katt og hund,
der livde ingjen ette dei,
berre fruva Rosamund.

68. «Høyre du Kvikjesprakk, bro'i min,
d'er eitt du takke meg må:
no må du rå fyr Girklondo,
og eg skò draga ifrå.»
— Dei kunna so væl dei Jullands hestan' utrie.

6. Iven Erningsson.

I

1. De var seint um aftan,
rime de fell'e på kviste,
Iven tala til sine monno:
«Me vil kon åt garde giste.»
— Iven sterke han ri so gladt gjenom borgjir.

2. Iven tala til sine monno:
«Me må inkje lenger bie;
dagjen li og soli skri,
hot veg'e skò me no rie?»

3. «Eg veit eina ekkja den
som bur so hågt i fjelle,
ho tor gjeva kon mat og drykk,
um me kome seint um kvelle.

4. Eg veit eina ekkja den
som bur so hågt i heie,
ho var før til gjeva kon mat og drykk,
um me våre drengjine fleire.

5. Ho tor gjeva kon mat og drykk,
um me våre mykje fleire,
men akte deg, Iven Erningsson:
du beidst kje av ekkjunne meire!»

6. De var Iven Erningsson,
han heim i garde fór,
og de var Gjertru fruva,
ho ute fyr honom sto.

7. «Vælkomen, Iven Erningsson,
vælkomen i kons gama!
Du drikk so lengje som du vil,
so gjere de alle sama!»

8. So blilege skjenkte Gjertru fruva
brune mjøen på bord,
alt til Iven Erningsson
med elskogsordi fór.

9. «Høyr du Iven Erningsson:
du lat inkje hugjen breste;
bitrebranden i hende tak
og bjo deg so til feste!»

10. «Nei, dette lova eg mo'i minne,
då eg helt i hennar hònd:
eg sille ingjo ekkja feste,
so vie eg fór ikring lònd.

11. Dette lova eg mo'i minne,
då eg heimatil fór:
eg sille ingjo ekkja feste,
so vie kring londi eg drog.»

II

12. «No skò du Iven minnast de
at du meg tok med valle:
liggje skò du i femten år
sjuk'e i sterke halle.

13. No skò du Iven minnast de
at du meg nauige tok:
no skò du liggje i femten åri
sjuk'e i sterke sott.

14. Du skò liggje i femten åri
sjuk'e i sterke sott,
alli skò den lækjaren koma
som deg kann vinne bot.»

15. «Du ber eit kind unde belte ditt,
og de er guten snjalle;
han skò hava sverde de
eg tok av rysen i fjølle.»

16. De var ho Gjertru fruva,
tok mot med båe hòndo,
ho støyrde de hardt i hovdegjordi,
der eig'e de tomt å stande.

17. Iven kjende på sjave seg
at sotti mun på han fange,
då tala han til sine monno:
«Me vil kon av garde gange.»

18. Iven kjende på sjave seg
at sotti mun på han skrie,
då tala han til sine monno:
«Me lyt kon av garde rie!»

III

19. Kongjen stend i loftssvolo
ser seg ut so vie:
«No ser eg han Iven, frende min,
åt mine hollo rie.

20. Eg ser han Iven, frende min,
de må honom einkvort fange:
der gjeng ein leier i tygjil og beisl,
og tvo i sålen halle.»

21. «Høyrer du danske konungjen,
du er min nærskylde frende:
du legg'e meg i løynde lofte
so ingjen mann meg kjenner.

22. Høyrer du danske konungjen
hot eg bea deg må:
fyg du meg uppi løynde lofte,
so ingjen mune meg sjå.

23. Du legg'e meg på løynde lofte,
so ingjen mann meg kjenner;
spyr'e de nokon ette meg,
seg, eg er av lande gjengjen.»

24. Han la han i de løynde lofte,
so ingjen mann han såg;
han vitja han inkje sjellar:
tri gongur kvòr ein dag.

IV

25. Heime sat Gjertru fruva
i dei månane ni,
alt til de lei åt stundo dei
ho fødde ein son so frid.

26. So lét ho til kyrkja bera
sæle sonen sin,
ho kalla han Junkar riddarson
ette sæle fa'eren sin.

27. Mei voks Junkar riddarson
uti dei åri tri,
hell dei hine småbonni
veks'e i åri ni.

28. Mei voks Junkar riddarson
uti dei åri ni,
hell dei hine småbonni
i ollom aldre si.

29. Junkar gjeng'e på leikvollen,
kastar sopp av hende,
der blåna der de lite kom på,
der styrmde slett inkje kvende.

30. Ne so settest dei skulebrøan',
våre dei honom vreie:
«De var sømre sin faren vita
hell gjeva kon hoggji fleire.»

31. Ne so settest dei skulebrøan',
so mange som dei våre:
«De var sømre sin faren vita
hell gjeva kon hoggji såre.»

32. De var Junkar riddarson
han gjordest bleik'e i kinn,
so gjekk han seg i steistoga
fyr sæle mo'eri inn.

33. «Høyrer du de, mi kjære mo'er,
hot eg deg spyrje må:
hot hev de min faren vorti,
kvi stend eg i spott og hå?

34. Mo'i, du seie meg fa'ers navne,
eg vil kje i blygslo stande,
anten de er troll hell mann,
tjov hell træl i lande.»

35. «Eg skò seia deg fa'ersnavne,
de er meg slett ingjen vande:
dei kallar han Iven Erningsson,
den yppaste riddar i lande.

36. Han voks upp i Sølondo
ein jallsson so rik;
du bleiv ingjen snurrfant'e,
bleiv du endå slik.

37. No fær han Iven minnast de
at han tok meg med valle,
no hev han legji i femten år
sjuk'e i sterke halle.

38. No fær han Iven minnast de
at han meg nauige tok,
no hev han legji i femten år
sjuk'e i sterke sott.

39. No hev han legji i femten år
sjuk'e i sterke sott,
alli hev den lækjaren komi
som honom hev vunni bot.»

40. Um tala Junkar riddarson,
han renner tårir på kinn:
«Veit du inkje heilevågjen
som lækje kann fa'er min?»

41. «Jau, eg hev sakte heilevågjen,
den beste du ville kjose,
men eg hev inkje akta han
din sæle faren til bote.»

42. De var Junkar riddarson,
han rister på sylvbudde kniv:
«Lækjer du inkje fa'er min,
so skò de koste ditt liv!»

43. De var Junkar riddarson,
han rister på sylvbudde sverd:
«Lækjer du inkje fa'er min
so skò du vel vera de verd!»

44. De var Gjertru fruva,
smiler ho unde lin:
«Galen kallar eg guten den
som drepa vil mo'er si.»

45. De var Junkar riddarson
so tok han i evne:
«No må alle glipegarpar
meg fyr Galiter nevne.»

46. Um tala Gjertru fruva.
ho sto med honn i hende:
«De er so liten mentaskap
å røyne sin styrk på kvende.

47. Høyr du de du sonen min,
du tar kje vreiast i sinn:
no tek'e du de lyvhonne,
so lækjer du fa'er din.

48. Honne de ligg på kistebotnen
i de er ein dannis drykk;
når han fær av de honne drikke,
so veks'e de honom styrk.»

49. De var Galite riddarson
då tok han i med sveitte,
femten kistur or låso braut,
han vill' kje ette lyklo leite.

50. So tok han de lyvhonne
som han lika best.
De er so seint til sveino taka,
han sålar seg sjav ut hest.

51. De var Galite riddarson
han sprette um gjurda traust:
«Kvendi skò inkje læ åt meg,
fyr sålen sleng'e laus.»

52. «Høyr du Galite riddarson,
du er drengjen snjalle:
Her gjev eg deg frægde sverde
din far tok av rysen i fjølle.»

53. De var Galite riddarson,
han spring'e på gangaren grå,
so ri'e han seg uppå land,
der hass kjære faren låg.

V

54. Kongjen stend i loftssvolo
ser seg ut so vie:
«No ser eg einom avringskjempa
åt mine hollo rie.

55. Eg ser einom avringskjempa
åt mine hollo rie;
Rau, du renne honom imot
å sjå um han tore bie.»

56. Rauen rende leikvollen,
han var uti jønne klædd'e,
Galite vende folen sin;
han lest vera Rauen rædd'e.

57. De var Galite riddarson,
tok han til å renne;
rende dei heile leikvollen
alt frå odd til ende.

58. Rauen rende leikvollen
den avringskjempa vesste,
men Galite rei 'o midt imot,
og stakk han so Rau av heste.

59. «Her hev kje komi den avringskjempa
som minom Rau hev sta'i,
sia Iven Erningssonen
var i sin beste bragje.

60. Her hev alli komi den avringskjempa,
med Rauen hev broti stong,
sia Iven Erningssonen —
han fer'e so vidt ikring lond.»

VI

61. «Høyr du, danske konungjen,
hot eg talar til deg:
veit du ingjen som Iven heiter?
du dyl han inkje fyr meg.»

62. «Eg veit fulla ein som Iven het,
han var min skyldaste frende;
no er de uti femtande åre,
sia han er av lande gjengjen.»

63. De var Galite riddarson,
han hadde kje tol til bie:
«Iven ligg i lofte sjuk,
han kjem'e minst um vie.

64. Høyr du, danske konungjen,
hot eg seia deg må:
fyg du meg åt løyndelofte,
Iven vil eg sjå!»

65. Inn kom Galite riddarson,
han sto med honn i hende:
«De er so liten mentaskap
å røyne sin styrk på kvende.

66. Eg ber'e eit honn unde belte mitt,
i de er ein dannis drykk;
du drikk av, Iven Erningsson,
so veks'e deg meire styrk!»

67. Den fyssste drykk han av honne drakk,
de var i lyvi brå:
Iven snuddest på sinne sengji,
ha legji i femten år.

68. Den are drykk han av honne drakk,
de var i lyvi bære:
reis han upp og klædde seg
og studde seg på sverde.

69. Den tre'e drykk han av honne drakk,
de var i lyvi oll:
Iven fór i brynja blå
og gjekk fyr kongjen i holl.

70. Um tala danske konungjen
alt unde skarlakskinn:
«Eg skò gjeva deg gull og jord
fyr du lækte frende min.»

71. «Hav du sjav ditt raue gull
og so din grøne jord,
men eg vil rå fyr tiendo,
som i dag kjem fysste fyr bord.»

VII

72. Inn kjem alle smådrengjine
talar eit ord so bratt:
«No kjem her troll or Trollebotnen
som krevje vil kongjen skatt.»

73. Inn kjem alle smådrengjine,
dei sprang innåt kongjens bord:
«No kjem her troll or Trollebotnen
so mange som mugg i sol!»

74. Alle lutte unde hotto,
ingjen torde svara,
fyrutta Galite riddarson
han koss inkje eggji spara.

75. De var Galite riddarson,
han gjekk fyr kongjen i holl:
«Eg vil meg åt Trollebotne
å drepa trolli oll!»

76. «Høyrer du de, du unge dreng'e:
sit du helle heime!
du er ung'e og urøynd'e
med sterke kjempur freiste.»

VIII

— — — — — — — — — —
— — — — — — — — — —

77. Galite gjekk han vegjen fram
då fall de på han tungje;
bitrebranden i kvåre hende,
han skar ut livr og lungur.

— — — — — — — — — —

78. De var Galite riddarson,
då ropar han heim i holl:
«Eg hev vori i Trollebotne
og drepi ne trolli oll!»

IX

79. De var Iven Erningsson,
då voks honom hugjen meire:
«Eg vil meg på leikvollen,
den avringskjempa røyne.»

80. Dei slost på leikarvollen
i dagane två og trjå:
alt slo Galit med flate verja
på Ivens brynje blå.

81. «Hot skò me gjera av manne dei
som inkje kann beite brande?
Me skò taka av han skiringsnavne
og kalla han Slott i lande.»

82. De var Galite riddarson,
han strauk ette eggji kvite:
«Ha du kje vori min sæle fa'er,
sverde hadde silt biti.»

83. De var Iven Erningsson,
då tok han sin son i fang:
«Eg takkar Krist av Himmerik
at eg deg hera fann!»

84. Um tala Galite riddarson,
han heldt på sylvbudde kniv:
«Ektar du kje mo'er mi,
so skò de koste ditt liv!»

85. Um tala Galite riddarson,
han riste på sylvbudde sverd:
«Ektar du kje mo'er mi,
so skò du vel vera de verd!»

X

86. De var årle um morgonen,
då soli ho rau i lunde,
då feste Iven og Gjertru fruva
i sama morgostunde.

87. De var Galite riddarson,
han syntest de vera ein mun:
«I gjår var eg eit hittebån,
i dag ein riddarson.»
— Iven sterke han rie so gladt gjenom borgjir.

7. Balle Buansson.

I

1. De var um ei morgostund,
lerkjen han spilar i engji;
upp reis Balle Buansson,
klædde seg fyre si sengji.
Uti Riden-øy.

2 Han ha på seg den skjurta,
var vel stikka med gull
og der utanyve ringebrynja:
«i dag ska du vere meg hull!»

3. Han ha på seg den skjurta
— ho var no inkje av låne —
so rei han femten sterke milir
igjenom Seland og Skåne.

4. Han sjala der bispen sin morbror
— han ha ingjen skyllare frende —
og han rådde han so godt eit rå:
han sille heimatte vende.

5. «Å nei, eg vender inkje heim,
fyrr eg hev vunni de viv;
eg hell de kje fyr nokon fulltekjen mann,
som ræest fyr låte liv.

6. Å nei, eg vender inkje heim,
fyrr eg hev vunni den møy;
eg hell de kje fyr nokon fulltekjen mann,
som ræest fyr å døy.»

II

7. De var Balle Buansson,
han rei framette med lie;
der møter han liten fehjuringjen,
han spreier sitt fe so vie

8. «Høyrer du, liten fehjuringjen,
ko eg spyr'e deg:
heve du sét fru Ingjebjør,
du dyl'e de inkje fyr meg.»

9. «Med Lunde kyrkje i Skåne
der møssar dei prestane ni;
der ska vere brumøsse i dag,
der kjem'e so vent eit viv.

10. Med Lunde kyrkje i Skåne,
der møssar dei prestane toll;
der ska vere brumøsse i dag,
der kjem'e ei brur so boll.

11. Høyrer du Balle Buansson,
du halle deg vel unde lie,
der møter du fruva Ingjebjør
kjem riand med ternune sine.»

12. De var Balle Buansson,
han helt seg vel unde lie,
bleiv han var'e fru Ingjebjør
kom riand med ternune sine.

13. De var ei av Ingjebjørs ternur
ho tala no ordi for sant;
«No ser eg kongjen Nikelås
kjem riand or andre land.»

14. «De er inkje kong Nikelås,
de ser eg uppå hass rei,
men de er Balle Buansson,
anten er han drukkjen hell vrei.

15. De er inkje kong Nikelås,
de ser eg på sal og på gjengje;
men de er Balle Buansson,
som eg heve trått so lengje.»

16. De var Balle Buansson,
han stillte sin gangare spak,
so tok han fruva Ingjebjør
og sett' æ uppmed sitt bak.

17. De var Balle Buansson,
han helt den vegjen beint:
der grodde kje gras på femten år
der hass grå gangare steig.

18. De var Balle Buansson,
han heldt den vegjen fram:
der grodde kje gras på femten år
der hass grå gangare sprang.

19. «Høyrer du, Balle Buansson,
du lat kje din hesten springe!
Der spilar i meg eit lite kind
alt unde min silkjelinde.»

20. De var Balle Buansson,
han smiler på liten smådreng:
«Eit lite kind kann du vel få,
men inkje so heve du enn!»

III

21. De var Balle Buansson,
han kom seg riand i gård,
ute sto hass systar tvæ,
dei var vel sveipte i mår.

22. «Vælkomen Balle Buansson
og so di vene møy!
Gud gjeve me turvte kje fæle
at du laut fyr henne døy!»

23. «Dé vaktar min hauk, dé vaktar min hund
alt innafyr den løynlege stia,
dé gøyme fru Ingjebjørs rieklæe,
som glimar i markji so via.

24. Dé vaktar min hauk, dé vaktar min hund
alt innafyr dei løynlege hagar,
dé gøyme fru Ingjebjørs rieklæe,
som glimar i høgeloptssvalar.»

25. Dei vakta hass hauk, dei vakta hass hund
alt innafyr den løynlege stia;
dei gløymde fru Ingjebjørs rieklæe,
som glima i markji so via.

26. Dei vakta hass hauk, dei vakta hass hund
alt innafyr dei løynlege hagar,
dei gløymde fru Ingjebjørs rieklæe,
som glima i høgeloptssvalar.

IV

27. De var kongjen Nikelås,
han kom der riand i gård,
og de var Ballens systar tvæ,
dei var vel sveipte i mår.

28. «Høyrer dé, Ballens systar tvæ,
ko eg spyrje dykk må;
heve dé sét Balle Buansson?
han flutte ei brur her i gjår.»

29. Dei svor um Gud, dei svor um alt,
dei svor seg sjave til mein:
dei ha kje sét Balle Buansson
si' han av garde utrei.

30. De var kongjen Nikelås,
han ville av garde burtrie:
såg han fru Ingjebjørs rieklæe,
som glima i markji so vie.

31. De var kongjen Nikelås,
han ville av garde burtfare:
såg han fru Ingjebjørs rieklæe,
som glima i høgeloptssvalar.

32. De var kongjen Nikelås,
han støytte på dynni med spjut:
«Er du her, Balle Buansson,
du kjem'e til okko ut!»

33. Til svora Balle Buansson,
han var vel inkje so rædd:
«Du gjere de, kongjen Nikelås:
du tøvrar til eg bli klædd!»

34. Men de var kongjen Nikelås,
han spente på dynni med fot,
og kver den nagle i dynni var,
den svara tilja imot.

35. De var Balle Buansson,
han hoggje bå tidt og fast,
so lengje til hass goe sverd
sund'e i feste brast.

36. De var Balle Buansson,
han bleiv både vrei og gram:
han slo med ein sengjestolpe
til strie blo-strauman' rann.

V

Då Balle er fallen, segjer Ingjebjør til kong Nikelås:

37. «Du heve inkje rose deg av,
um Balle laut låte liv:
du heve mist bå hendar og føtar
og so ditt vene viv!

38. Du heve inkje rose deg av,
um Balle han laut døy:
du kann inkje vinne meg ekkje,
du hev inkje vunni meg møy.»
Uti Riden-øy.

8. Herren Jennår.

1. De var Herren Jennår,
han rie på høgan heie,
der møter han Nils av Uppsal,
han gjeng'e på skogjen og veier.
— No er ho venaste lilja vunni.

2. «Høyr de, Nils av Uppsal,
å kjære stallbror min!
Koss liver fruva Ingjebjør?
de er festarmøyi mi.»

3. «So liver fruva Ingjebjør,
de er festarmøyi di:
ho sit heime og blandar
eitr i klåre vin!»

4. De var Herren Jennår,
han kom seg riand i gård;
de var fruva Ingjebjør,
ho ute fyr han står.

5. «Vælkomen, Herren Jennår,
vælkomen hit til min:
no hev eg bryggja og blanda
den mjøen i klåre vin!»

6. Han tok 'a liti fru Kjersti,
han sett' 'a uppi sitt fang:
«Seg meg av desse falske listir
uti vår herres navn!»

7. «Når som fru Ingjebjør kjem'e
med sylvkanna i høgre hende:
drikk inkje, Herren Jennår!
Der er kje hot eitr i blending.»

8. Inn kom fruva Ingjebjør
med sylvkanna i høgre hende;
«Drikk no, Herren Jennår!
Der er væl mjø i blending.»

9. De var Herren Jennår,
han rister på sylvbunden kniv:
«Drikk meg til, fruva Ingjebjør,
hellå skò de koste ditt liv!»

10. Ho sikla til so grande,
de sille kje koma på tunge;
då de kom innafyr tanngarden,
sprakk bå livr og lungur.

11. Upp sprang Herren Jennår,
so hågt han av hjarta lo;
«Å du arme fru Ingjebjør,
no drap du deg sjov!»

12. Han tok 'a liti fru Kjersti,
han sett 'a uppi sitt fang,
han gav henne gullkruna
å dertil dròningnavn.

13. Han tok 'a liti fru Kjersti,
han sett 'a uppi sitt kne,
han gav henne gullkruna
og dertil festarfe.
— No er ho venaste lilja vunni.

9. Villemann og Magnill.

I

1. Villemann og hass møy so prud
dei leika gulltavl i hennar bur.
So lifleg leika Villemann for si skjøn jomfru.

2. Kvòr gong gullterningjen rann umkring,
so rann de ei tår på Magnills kinn.

3. «Græt'e du åker, ell græt'e du eng,
ell græt'e du de at du sov i mi seng?

4. Græt'e du gull, ell græt'e du jord,
ell græt'e du de at du sat ved mitt bord?»

5. «Eg græt inkje åker, eg græt inkje eng,
eg græt inkje de at eg sov i di seng.

6. Eg græt inkje gull, eg græt inkje jord,
eg græt alli de at eg sat ved ditt bord.

7. Eg græt'e mei fyr mitt kvite holl,
at de må kje koma i svartan moll.

8. Eg græt'e mest fyr mitt gule hår,
at de skò ljote rotne i Vendels å.

9. Eg græt'e so mykje fyr Blide-bru,
der sokk til bonns mine systar tvo.»

10. «Magnill, Magnill, still din gråt:
eg skò byggje bru ivi Vendels å.

11. Eg skò byggje brui so håg og so ny
og setje derunde stolpar av bly.

12. Eg skò byggje brui so sterk og so håg
og setje derunde stolpar av stål.

13. Og alle mine sveinar skò rie i ra —
eg vaktar deg nok for de kalle ba.»

14. «Å du må byggje, um du vil, unde sky:
de kann ingjen ifrå si folloga fly!

15. Du må byggje av bly, du må byggje av stål:
de kann ingjen si folloga fly ifrå!»

II

16. Villemann let si ferd i rekkje,
fir' og tjuge fyre og fir' og tjuge ette.

17. Då dei kom midtepå håge bru,
då snåva hennar gangar i raue gullsko.

18. Gangaren snåva i raue gullsaum,
og jomfruva raut åt strie straum.

19. Stolt Magnill slo upp med kvite hand:
«Å Villemann, Villemann! hjelp meg i land!»

20. Villemann tala til smådrengjen sin:
«Du hentar meg horpa i raue gullskrin!»

21. Fram kom horpa, so vent ho let —
alt sat Villemann, sårt han gret.

22. Vil emann gjeng'e for straumen å stå,
meistarleg kunna han gullhorpa slå.

23. Han leika med lempe, han leika med list:
fuglen dåna på ville kvist.

24. Han leika med lempe, han leika med gny:
de gjallar i berg, og de rungar i sky.

25. Villemann leika so lang ein leik:
då rivna borkjen av or og eik.

26. Han leika *av* topp, han leika *av* tre,
han leika honni av kvike fe.

27. Han leika med vreie og leika med harm,
han leika Magnill av nykkjens arm.

28. «Der heve du den eine, der heve du dei tvo,
lat meg no hava mitt vatn i ro.»

29. «Vælkomi den fysste, vælkomne dei tvo!
men alli skò du hava ditt vatn i ro!»

30. Villemann leika og horpa skein,
nykkjen han sprakk i hardan stein.

31. Dei fysste ordi som Magnill tala:
«Sæl er den mo'er slik son må hava!

32. Sæl er den mo'er slik son'e å,
endå sælar den honom må få!»
So lifleg leika Villemann for si skjøn jomfru.

10. Steinfinn Fefinnsson.

I

1. De var ein komumann'e,
han kom so seint um kvelle:
«Bonden, du låner meg hus i nott
og turkar mine fellir!»
  De var Steinfinn Fefinnsson,
  som ette sine systane leitar.

2. «Eg skò låne deg hus i nott
og turke dine fellir,
heve du noko æventy
å seia meg um kvelle.»

3. «Burte so er mine systane tvæ,
de er inkje bet'e seia;
eg hev de fyr sanning spurt:
dei er uppå Skumeheiar.»

4. «Kjend er eg på Skumehei
ikringum kvòr den runne;
var eg so tamd'e med bogjen som du,
eg ha dei longe silt funni.

5. Du take deg inkje anna fyre
i virkevikune två,
hell du lèt dei kvasse pilin'
i mjøllo slipe og slå!

6. Du gjeng deg, Steinfinn Fefinnsson,
nord åt Nipesteine;
utafyr heve du heimekoma,
nordafyr heve du heii.

7. Du legg deg, Steinfinn Fefinnsson,
upp unde hestebarkje;
soten kneggjar, i skrimslo ser;
då må du, Steinfinn, vakne!»

II

8. Steinfinn tek seg kje anna fyre
i virkevikune tri,
hell han kvesser upp piline sine —
han gjer'e bå slipar og gni.

9. Steinfinn han var fyresynt,
han turvte kje smie lengje;
so reiste han av på Skumeheii
heime med heimsens ende.

10. De var Steinfinn Fefinnsson,
han gjekk seg åt Nipesteine;
utafyr hae 'n heimekoma,
nordafyr hae 'n heii.

11. Steinfinn låg unde sotehalsen,
han søtan sengji saknar,
då kneggja soten, i skrimslo såg,
og då mune Steinfinn vakne.

12. Um so tala gyvremori,
tok ho til å mumre:
«Gakk ut, Skjessa, skjer meg steikj'
no tek eg til hungre!»

13. Ut so kom den skumeskjessa,
ville steikji skjera:
Steinfinn tenkte med sjave seg:
«Eg skò få deg anna gjera!»

14. De var Steinfinn Fefinnsson,
tok til piline bjarte:
skaut han til den skumeskjessa,
so odden sto i hjarta.

15. Ut kom gamle gyvremori,
ville på steikji blåse;
Steinfinn tenkte med sjave seg:
«No kjem'e du vel til måte!»

16. De var gamle gyvremori,
ville av steikji skjera;
Steinfinn tenkte med sjave seg:
«Du biar fulla dera!»

17. De var Steinfinn Fefinnsson,
legg han til å skjote;
de totte gamle gyvremori
som hagli or skyi rjote.

18. «Kaldt er her på Skumeheio,
vinden blæs av avle;
kvasse er dei jokletindan',
fyk av fonno skavle!»

19. Steinfinn spente sin bogje fyr kne,
han let inkje pilin' trjote:
skaut han til gamle gyvremori
og råma i augnemote.

20. Steinfinn spente sin bogje fyr kne,
han utav hondo skaut;
skaut han til gamle gyvremori,
so granin' i augo raut.

21. Steinfinn spente sin bogje fyr kne,
han la på trea streng,
skaut han til gamle gyvremori —
ho fekk ein hjartespreng.

22. De var gamle gyvremori,
då ho datt i harde:
«Dé hevner meg, alle småtrolli,
alt ivi djupe dalar!»

23. Ut kom alle småtrolli,
gjorde seg av eit gama:
«Hot-tru okkos mori fattast?
ho fær kje kjeften sama.»

24. Ut kom alle småtrolli,
toke dei til å fæle:
«Hot-tru okkos mori fattast?
ho slær so hardt med hælo.»

25. Ut kom alle småtrolli,
dei kraup kring kvòr den runne;
Steinfinn hae kje mindre fyr seg
hell femten i kvorjom skote.

26. De var Steinfinn Fefinnsson,
tok han til å leiast:
«Hot-tru ho kom den klåre sol
på desse skumeheiar!»

27. De var Steinfinn Fefinnsson,
leiddest han å skjote:
«Takje no den vene brur
som leikar på fimom fote!»

28. So lengje sprunge småtrolli
— dei ville bruri taka —,
til dei blivo i kampesteinar,
standande neri dalar.

29. So lengje sprunge småtrolli,
til soli skein i augo;
då blivo dei i kampesteinar,
standande burti haugo.

30. Sume dei flaug i flintestein
og sume i kampen grå;
de vil eg fyr sanning seia:
dei stande utmed å.

III

31. De var Steinfinn Fefinnsson,
sveiper sitt hovu i skinn;
so gjeng'e han seg i bergje nord
til sine systar inn:

32. «Snille er dé, mine systar,
og snillt so hava dé vaksi —
heimatt'e lyt dé bera meg
uppå dikkos akslir!

33. No hava dé vori i bergje
berre nokle dagar:
dé kunna meg i ermo bera
ivi dei djupe dalar.

34. No hava dé vori i bergje
berre månasdagjen ein:
de kunna meg i ermo bera
att ivi skumehei.»

35. «Vokstren hava me fengji,
men avlen vantar kon alle;
men fann me rysens usketein'e,
so sille vokstren falle.»

36. So fann dei rysens usketein'e
og stakk uti Steinfinns serk;
då fekk Steinfinn deires vokster;
men alli so bleiv 'en sterk.

37. «Å høyre dé mine systar tvo,
dé taka ved kristeleg tru!
Eg gjeng'e meg upp på land
og fester meg stolte jomfru.»

38. Systane gange til kyrkje,
taka ved kristne tru;
Steinfinn reiser åt bergje nord
og hentar si unge brur.
De var Steinfinn Fefinnsson,
som ette sine systane leitar.

11. Kong Eirik og Blakkjen.

I

1. Kong Eirik og hass mo'er
— Segli driv fyre vind —
dei tevler tavl ivi borde.
— Her tevler so mang ei skjøn jomfru.

2. Den fysste tavl dei tevlde,
hass mo'er tårine fellde.

3. «Høyrer du mo'er eg talar til din:
kvi feller du dei tårir so stri?

4. Anten du gjeng ut hell inn,
so feller du allti tårir på kinn.»

5. «Derfyr feller eg tårir på kinn:
blakkjen han bli banamann din.»

6. «Må eg kje heime fyr blakkjen vera,
so skò eg lata meg skipe gjera.

7. Må eg inkje heime bu,
so skò eg skipe på have snu.»

8. Kong Eirik styrer skipe frå land,
hass mo'er sto atte på kvitan sand.

9. Kong Eirik styrer skipe på fjord,
hass mo'er si' hendar i tårir tvo.

10. Kong Eirik sigler i åtte år,
blakkfolen spilar i kongjens gård.

11. De niande tek han til lange,
han ville til fa'ers lande.

II

12. Kong Eirik styrer skipe til lands,
og blakkjen møtte på kvitan sand.

13. Kong Eirik klappa på folabak:
«Kjære min blakkjen, du vere spak!»

14. Kong Eirik klappa med love,
blakkjen spente med hove.

15. Kong Eirik sette seg ne med stein:
«No heve blakkjen gjort meg mein.

16. Kjære min bro'er, du hentar meg prest,
og kjære mi mo'er, du stande meg næst.»

17. Tilegt um morgonen soli upprann,
— Segli driv fyre vind —
då gav kong Eirik upp si ånd.
— Her tevler so mang ei skjøn jomfru.

12. Liti Kjersti.

I

1. Mo'eri tala til dotteri si:
— Ti-lillil haugjen min —
«Kvi renn'e de mjølk utor brjosto di'?»
— Dei leika so lett gjenom lunden.

2. «De er inkje mjølk um de synest så,
de er av den mjøen eg drakk igjår.»

3. «Dei tvo ting er kvòr-are ulik,
for mjøen er brun og mjølkji er kvit.»

4. «De nyttar kje lenger å dylje fyr deg:
elvekongjen hev lokka meg.»

5. «Hev elvekongjen lokka deg,
hot gåvor hev han gjevi deg?»

6. «Han gav meg ein silkjeserk,
den hev eg sliti med sve og verk.

7. Han gav meg dei sylvspente sko,
dei hev eg sliti med stor uro.

8. Han gav meg ei horpe av gull
til slå når eg var sutefull.»

9. Slo ho på den fysste streng,
de høyrde elvekongjen i si seng.

10. Slo ho på den are streng,
elvekongjen klædde seg fyr si seng.

11. Slo ho på den tre'e streng,
elvekongjen tala til liten smådreng:

12. «Du sålar ut min gangaren grå,
so ri'e me til kongjens gård.»

II

13. Elvekongjen kom seg riand i gård,
liti Kjersti ute fyr honom står.

14. Han klappa henne på kvite kinn:
«Kunna du kje dylje fyr mo'eren din?

15. No sankar du ditt gull i skrin,
for no hev eg såla ut gangaren min.»

16. Elvekongjen ha seg ein gangare spak,
han lyfte liti Kjersti uppå hass bak.

17. So rei dei seg gjenom grøne lund,
der kom inkje orde av hennar munn.

18. So rei dei seg gjenom djupe dal,
liti Kjersti ho gret, og elvekongjen kva.

19. «Kjersti, Kjersti, still din gråt!
du skò i mine gullborgjine rå.»

20. Som dei kom til bergje fram,
hennar små bonn imot henne sprang.

21. Sume dei leika og sume dei lo,
sume strødde perlur for hennar fot.

22. Elvekongjen tala til dotteri si:
«Du tappe i ei konne med vin.

23. Du tappe i ei konne med vin,
tri villarkonn du kaste uti.»

24. Fram kom dotteri smal som ein vònd,
ho dansa ein dans med konna i hònd.

25. «Hòre er du fødd, og hòre er du boren,
og hòre er dine jomfruklæe skoren?»

26. «I Norgje er eg fødd, i Norgje er eg boren,
i Norgje er mine jomfruklæe skoren.»

27. Den fysste drykk ho av konna drakk,
då gløymde ho burt kven henne ha skapt.

28. «Hòre er du fødd, og hòre er du boren,
og hòre er dine jomfruklæe skoren?»

29. «I bergje er eg fødd, og i bergje er eg boren,
i bergje er mine jomfruklæe skoren.

30. I bergje er eg fødd, i bergje vil eg døy,
— Ti-lillil haugjen min —
i bergje vil eg vera elvekongjens møy.»
— Dei leika so lett gjenom lunden.

13. Margjit og Targjei Risvollo.

I

1. Margjit gjeng i lio nord,
ho blæs i forgyllte honn;
høyrer 'a Jon i Vaddelio,
de aukar honom stor sorg.
— De var mi og alli di
som jala her unde lio.

2. Margjit gjeng i lio nord,
ho blæs i forgyllte pipe;
høyrer 'a Jon i Vaddelio,
de aukar honom stor kvie.

II

3. «Eg sill' gjeva ut hest og sål'e,
venast i lunden gjeng,
var du Margjit so gla i meg,
som lauve i logjen brenn.

4. Eg sill' gjeva ut hest og sål'e,
venast du ville rie,
var du Margjit kjærasten min,
og eg sov innmed di sie.»

5. «Høyrer du Jon i Vaddelio,
du må inkje tala så;
eg skò hava Targjei Risvollo,
eg må meg sjov inkje rå.»

6. Dei låg i hop den sumarsnotti
innmed kvòrannas sie;
notti lei og soli kom,
dei skjuldest med sorg og kvie.

7. Dei låg i hop den sumarsnotti
uppå kvòrannas arm,
notti lei og soli kom,
dei skjuldest med sorg og harm.

III

8. Heimte kom Margjit fruva,
ho klappa på durakinn:
«Statt upp Kristi terna mi,
du slepper meg fulla inn!»

9. Til so tala ho Kristi terna,
av ordi bleiv ho vrei:
«De samer ingjo jomfruve
å gange på skogjen ei.»

10. «Eg fór villt på ville heio
ikringum ein dvergerunne;
råe no Gud fyr minne ferden:
eg ha s'nær kje heimte vunni.

11. Eg fór villt på ville heio
ikringum ein dvergestein;
råe no Gud fyr minne ferden:
eg ha s'nær kje hitta heim.»

12. «Fór du villt på ville heio
ikringum ein dvergerunne,
råe no Gud fyr dinne ferden:
du hev visst herre Jon funni!

13. Fór du villt på ville heio
ikringum ein elvestein,
råe no Gud fyr dinne ferden:
tru herre Jon var kje ein!»

14. «Høyrer du de, du Kristi terna:
du tar kje mine sorgjine binde;
du hev kje sét din føesdagjen
sveipt'e i heljelinde.

15. Høyrer du de, du Kristi terna:
du tar kje mine sorgjine auke;
du hev kje sét din føesdagjen
sveipt'e i heljelauk'e.»

16. «Høyrer du de, du Margjit fruva:
eg skò kje di naui føre,
men eg skò fyr 'o Targjei stande,
liksom du sjov de være.

17. Hev eg noko fortala meg,
so gjer eg de no so gjønne:
eg skò eta upp ordi mine
som søte natakjønne.»

IV

18. Heim so kome dei brudfolkji,
inkje ha dei luen høyrt,
inkje var lefsune baka
og inkje var ljosi støypte.

19. De var Targjei Risvollo,
kom seg riand i gård,
ute sto ho Kristi terna,
ho blidt honom fagnar då.

20. Um tala unge Targjei,
han studde seg på sitt sverd:
«Hòre er no Margjit fruva,
som skrøyte skò minne ferd?»

21. Til svara Kristi terna,
— ho toss vera stadd i vande:
«Du er kje lagje, rike Targjei,
til brudgom med Margjit stande.

22. Ho er kveisa unde bryst,
og ho inna svier;
du er kje lagje, rike Targjei,
til brudgom med Margjit rie.»

23. «Dé gange i stoga, dé brudmennar,
dé drikke mjø av skål!
eg vil meg i høgelofte
å høyre på hennar mål.»

24. De var han unge Targjei,
han sette sitt sverd i stette:
«No forby' eg mine mennar,
de skò ingjen koma ette!»

25. De var han unge Targjei,
han inn gjenom dynnane gjeng,
so by han gu moren,
so gjere kvòr nyt'e dreng.

26. So breidde'n upp dei dynune
både gule og blå,
blei han var'e tvo vene sønir,
på kvåre armen låg.

27. «Høyr du Targjei Risvollo,
du gjere de eg be'e deg:
vil du no lata krisne
desse tvei drengjin' fyr meg?»

28. «Ja, eg skò lata krisne dei,
eg drygjer inkje lengje,
og ingjen skò få de vita,
fyrr dei er tvei vaksne drengjir.»

V

29. Targjei let'e seg kvende klæ
med bån unde kvåre hende;
de var Margjits støsste gle'e
at ingjen Targjei kjende.

30. Targjei let'e seg kvende klæ
med bån unde kvåre hond;
Margjit sit i løynde lofte
med stor sut og sorg.

31. Targjei stend unde kyrkjeveggje,
med' drengjine båre moll;
so var de honom inna klæes
som eggjine skåre holl.

32. Targjei stend unde kyrkjeveggje,
med' drengjine molli båre:
so var de honom inna klæes
som eggjine holli skåre.

33. «Høyrer du rike Targjei,
hot eg spyrje deg må:
hòr' gjorde du av bonni dei
som eg fødde i gjår?»

34. «Høyrer du Margjit fruva,
du bere ingjo kvie:
presten i løyndom krisna dei,
dei sova i molli vigde.

VI

35. Ven'e var no hesten den
han sjave Targjei rei,
endå venare gangaren
han akta sinne møy.

36. De var Targjei Risvollo,
reiste med sorg og sut;
laus løyp'e brurehesten
ette Risvollo ut.
— De var mi og alli di
som jala her unde lio.

14. Hugaball.

I

1. Myllardotteri dansar og kve
og slær i hop rime med foto,
gjeng ho seg på leikarvollen
Hallvor koningjen i mote.

2. Myllardotteri dansar og kve,
so sveiper ho seg i skinn,
gjeng ho seg i høgelofte
til Hallvor koningjen inn.

3. Dei låg i hop den lange notti,
enda gjorde den nott;
upp reis Hallvor koningjen,
klær han seg på so brått.

4. «Er du no lagji til sonen eige,
um de skò so vera,
du lat han kje fyr mi dròningji koma,
fyrr han sitt skipe kann gjera.»

5. Ho sat atte på møyesalen
vel i månane nie,
til ho åtte sonen den,
han var både stor og frid'e.

6. Dei bar de båne til kristnane,
der gjekk vel kvinnur i blandt,
dei let honom navne gjeva
og kalla han Hugaball.

7. So voks unge Hugaball
uti dagane tvau,
som dei are småbonni
veks'e i åri sjau.

8. So voks unge Hugaball
uti dagane tri,
som dei are småbonni
i ollom aldre si'.

II

9. Hugaball gjeng på leikarvollen
iblandt dei drengjine dyre,
då gjordest han i hoggo so store,
de kunna han ingjen styre.

10. De var dei kongjens sønine,
studde dei seg unde kinn:
«Haldt no unge Hugaball!
du veit inkje faren din.»

11. Hugaball kasta leiksoppen,
han lyster kje lenger å leike,
so gjeng han fyr si mo'eri inn,
hass kinni våre so bleike.

12. «Høyrer du mi kjære mori,
de er deg slett ingjen vande:
du seie meg rette fa'ersnavne,
lat meg kje i blygslo stande.

13. Du seie meg rette fa'ersnavne,
de er deg slett ingjen vande,
anten de so er tjov hell træl,
hell de er mann uti lande!»

14. «Eg skò seia deg fa'ersnavne
de er meg ingjen vande:
koningjen uti Serklondo
de er din faren sanne.»

15. Han tok hatten av hovde se
og hanskjen av si hand:
«Takk skò du hava mi kjære mori,
seie du meg no sant!

16. Høyrer du de mi kjære mori,
hot eg deg spyrje må:
kvåre skò eg utor dinom garde
anten rie hell gå?»

17. «Eg hev ein fole på stallen standand,
bunden med raue gullband;
du skò kje utor min garden gange,
alt um han deg bera kann.»

18. De var unge Hugaball,
han spring uppå folabak;
de var hass kjære mori,
gav honom eit nevaslag.

19. De var unge Hugaball,
han tost unde slagje svingle:
«De er tvinne vegjir imijjom kon,
me vita kje når me kann finnast.»

20. «Høyrer du de, min sæle son'e:
du skò de inkje so trega;
møter du noken din uven på veg,
du skò han de sama gjeva.»

21. De var unge Hugaball,
han rei ette vegjen fram,
so gav han eit nevaslag
til kvòr den meinig mann.

III

22. De var unge Hugaball,
han kjem seg riand i gård;
so bind han hesten sin ute
og sjav inn i stoga går.

23. Um tala Serklandskongjen,
han ser ivi mennar alle:
«Vælkomen er du halvkongssonen,
so skò me deg no kalle.»

24. De var unge Hugaball,
han rister på sylvbudde kniv:
«Kallar kje du meg sonen din,
koste skò de ditt liv!»

25. «Haldt no unge Hugaball,
still no du ditt sverd!
eg skò kalle deg sonen min,
du er de fulla verd.»

26. De var unge Hugaball,
han talar eit ord med vreie:
«Kome no mine brøane sjau,
dé yppe med meg ein sveìv'e!»

27. Inn spring'e Serklands dròningji,
seie ifrå de fysste:
«Tvo av mine sønin' er av hoggo såre,
den tre'e mått' augo misse.

28. Høyrer dé de, mine sæle sønin',
vil de dikkon noko gifte,
alt de gulle i garden er,
skò eg mijjom brøane skifte.

29. Der sit'e tvo jomfruvur nordafjølls,
dei er no so hardeleg bundne,
den som dei utor bòndi kann løyse,
Serkland vil eg honom unne.»

30. Um tala unge Hugaball,
han spring'e seg fram ivi bord:
«De må inkje lenger dveljast i dag,
dyre er mo'ers ord.»

IV

31. De var unge Hugaball,
bind han upp segl i rå;
han let kje på bunkjen strika,
fyrr stavnen i bergje står.

32. «Høyrer dé no, mine brøane tvo,
hot eg dikkon spyrje må:
kvåre vil dé no skipe passe,
hell dé vil i bergje inn gå?»

33. «Høyrer du, unge Hugaball,
me vil kje i bergje gå;
me vil helle skipe passe,
at de reiser kje på bylgja blå.»

34. De var unge Hugaball,
sveiper han seg i skinn;
han hadde so fager ei foteferd
alt til dei jomfruvur inn.

35. «Her sit'e dé no, dé jomfruvur tvo
og spilar med gulle de raue,
kvåre vil dé no fygje med meg
hell vera her til dikkos daue?»

36. «Gulle er godt å spila med
som morgosol og måne,
so unge var me på kons alder som du,
då me her i bergje inn kome.

37. Gulle er godt å spila med
som fuglen på lindekviste,
so unge var me på kons alder som du,
då me okkos glea miste.»

38. Hugaball tek'e dei jomfruvur tvo,
ville hass brøane sill' gøyme,
med' han rei seg i bergje inn,
ville taka gulle meire.

39. Då han kom seg i bergje inn,
då tok hass hesten til tala:
«De skipe du Hugaball siglde på,
no er de langt utpå have.»

40. De var unge Hugaball,
han blei so ille ivi ord,
han blikna som de bleike lauv
og svartna som ei jord.

41. «Tak no den blå kåpa di
og brei unde hovane fride!
kjem'e då me på grøne jordi,
de spyrst ivi verden so vie.

42. Tak no den blå kåpa di
og brei 'a unde min hov!
so må du rie den breie fjord
som på den grøne jord.»

43. De var unge Hugaball,
han tek'e sin hest med krans,
de vil eg fyr sanningji seia
at bergje slost i ein dans.

44. De var unge Hugaball,
han tek'e sin hest med spore,
de vil eg fyr sanningji seia
at bergje slost i ein logje.

V

45. Kongjen han stend i høgelofts-svalir,
ser seg utivi so vie:
«No ser eg eit skip på have fara,
og ein kar uppå hesten rie.»

46. De var no hass brøane tvo,
dei styrde sitt skipe i land;
de var unge Hugaball,
han rei den fysste på sand.

47. De var unge Hugaball,
han let sitt sverde brå,
han hoggje til sine brøane tvo,
dei falt i lutir trjå.

15. Jutulen og stolt Øli.

1. De var den heilage joleti,
alle ville til kyrkja ri'.
So ille bleiv han svikjen med dei runo.

2. Der var kje heime hot eit lite viv,
jutulsonen skunda seg dit.

3. Der bleiv brak og der bleiv brest:
jutulsonen or fjølle gjekk.

4. Stolt Øli såg seg sud med li,
såg ho den jutul på jønnskoren skri.

5. Stolt Øli fann på so sløg ei rå:
ho smelte att dynni, skreidde lokunn' på.

6. Ho vigsla og ho sopa góv,
ho vigslevatne kring seg slo.

7. Han klappa på dynni med fingane små:
»Statt upp, stolt Øli, skrei lokun' ifrå!»

8. «Hot er de fyr ein vesal vett,
i høgtidsnatti spring'e so lett?»

9. «Inkje er eg nokon vesalmann,
eg er kongjens son av Engeland.»

10. «Er du kongjens son av Engeland,
so kann du din faders ottesang.»

11. «Eg hev so lengje dei geitane gjætt,
eg hev so lite i bokji lært.

12. Min far ha dei geitane hundre og ni,
eg rokk inkje mei hell eg passa på di.

13. Men eg kann horpa bå stille og slå,
dei glear seg alle som lyer uppå.»

14. «Kann du di horpa bå stille og slå,
so gakk uppå ljoren, eg lyer uppå!»

15. Og jutulen han på gullhorpa slo,
de stupa i stova bå stolar og bord.

16. Stolt Øli fann på so go ei rå:
ho brende brø og svåveltrå.

17. Jutulen seg frå ljoren sprang,
so bjønnefellen ette han slong.

18. Han hae heimatt dei miline ni,
dei tok han i stigji tri.

19. Der blei brak og der blei brest:
jutulsonen i fjølle gjekk.

20. «Vælkomen, vælkomen heimatt til meg,
hòr er de vive du flyt'e med deg?»

21. «Ho brende so mykje de goan ram,
eg brende meg på foten, eg slapp inkje fram.

22. Ho brende so mykje de tukumo,
eg brende meg på foten, der som eg sto.»

23. Ho la til honom unde kinn:
«Tvi so vøre deg skarvenokjen din!

24. Tvi vøre deg slik sæling du er,
so gjorde kje far din han bela til meg.

25. Han braut upp dei jønnlokun' tolv,
so steig han inn på hallargolv.»
So ille bleiv han svikjen med dei runo.

16. Olov Agjesdotter.

I

1. De var Olav i Strandeby,
han sit'e fyr breie bord:
«Kvi tru Olov Agjesdotter
er komi so vidt på ord?»
— Eg ville ho var mi den rosi.

2. «Ho hev inkje komi so vidt på ord
anten fyr gull hell jord,
men ho hev komi so vidt på ord
fyr de ho hell'e seg go.

3. Ho hev inkje komi so vidt på ord
anten fyr gull hell fe,
men ho hev komi so vidt på ord
fyr de ho hell'e seg ven.»

4. De var Olav i Strandeby,
han sålar ut gangaren grå:
«No vil me rie kon upp i land
Olov Agjesdotteri sjå.»

II

5. De var Olav i Strandeby,
han kjem'e seg riand i gård;
ute sto Olovs mo'er,
ho var vel sveipt i mår.

6. «Høyrer du Olovs mo'er,
hot eg spyrje vil deg:
Er inkje Agje heime
og Olov, dotter di?»

7. «Agje er inkje heime,
han rei seg her burt unde li;
folkje de heve til kyrkja gjengji
og Olov, de vene viv.

8. Agje er inkje heime,
han rei seg her su unde øy;
folkje de heve til kyrkja gjengji
og Olov, den vene møy.»

9. De var Olav i Strandeby,
han spring'e på gangaren grå:
«Eg vil meg til kyrkja i dag
den vene jomfruva sjå.»

III

10. De var Olav i Strandeby,
han kom åt kyrkje-le,
der sette han sitt goe sverd,
sin gangaren batt han derved.

11. De var Olav i Strandeby,
han kom i kyrkja inn;
der smiler so mang ei stolt'e jomfru
alt unde de skarlakskinn.

12. De var Olav i Strandeby,
han helsar ivi mykje kvende,
han helsar Olov Agjesdotter,
ho skyggjer seg med si hende.

13. «Du tar inkje, Olov Agjesdòtter,
å skyggje deg fyr meg:
eg heve sét mang ei jomfru
eg lika bet'e hell deg.»

14. «Du tar inkje, Olav i Strandeby,
spotte meg blandt mykje kvende,
du skò inkje liva den æredag'e
eg bo'ine til deg sender.

15. Du tar inkje, Olav i Strandeby,
spotte meg ut so vie;
du skò inkje liva den æredag'e
du søv'e innmed mi sie.

16. Du tar inkje, Olav i Strandeby,
spotte meg so av harm;
du skò inkje liva den æredag'e
du søv'e uppå min arm.»

17. «Høyr du Olov Agjesdotter,
vil du no vera mi kjæra,
kvòr den finger uppå di hònd
skò ringar av raue gull bera.»

18. «Lånt so heve eg hosur,
og lånt so heve eg sko,
lånt so hev eg mitt hovugull;
i pant eg sette mi tro.»

19. «Heve du lånt deg hosur,
og heve du lånt deg sko,
du hev inkje lånt ditt blomekinn
og inkje di grøne jord.»

20. De var Olov Agjesdotter,
ho la med si terna rå:
«No vil me okkon or kyrkja gange,
so Olav han skò kon kje sjå.»

21. Ho tok eit gullband av sin arm
og gav den sokneprest:
«No gjer du de fyr minne skull:
du hell'e den lange lest!»

22. De var Olov Agjesdotter,
ho tålde upp peningar mange,
de gav ho sin sokneprest,
fyr ho måtte or kyrkja gange.

23. De var Olav i Strandeby,
han gjev'e der liten gaum'e,
alt med' ho Olov Agjesdotter
gjekk ut gjenom mannestraum'e.

IV

24. Då ho kom seg åt kyrkjele,
ho løyser herr Olavs hest,
so braut ho sund hass goe sverd,
alt som ho kunde best.

25. Ho løyser alle dei raske folar
som der sto bundne i band,
so tok ho Olavs i Strandeby,
på den rei ho til strand.

26. De var Olov Agjesdotter,
ho kom seg ned til strand,
so løyser ho alle skip og snekkjur
og skuvar dei langt frå land.

27. Ho løyser alle dei snekkjur ni
som der var bundne med band,
og seinst'e Olavs i Strandeby —
på den siglde ho av land.

28. De var Olov Agjesdotter,
ho skuva snekkja på fjord;
si terna set ho i fremre stavnen,
og sjov ho fyr åro ror.

29. De var Olav i Strandeby,
han kom seg åt kyrkje-le,
sund'e var broti hass goe sverd,
hass gangaren sto kje derved.

30. De var Olav i Strandeby,
han glåpte seg ut på fjord:
«Hot er de fyr eit forgyllte fløy
som glimar som morgosol?»

31. «De er inkje forgyllte fløy
som glimar på bylgja blå,
men de er Olov Agjesdotter,
de lyser av hennar hår.»

32. De var Olav i Strandeby,
sine hendar i tårine tvo:
«Ha' eg vori utpå fjorden med deg,
du ha' kje silt seti rott.»

33. De var Olav i Strandeby,
sine hendar i tårine vrei:
«Ha' eg vori ut på fjorden med deg,
du ha' snart silt komi heim.»

34. De var Olov Agjesdotter
ho vikta med kvite hand:
«Far vel Olav i Strandeby!
eg reiser på eit anna land.»

35. De var Olov Agjesdotter,
ho vikta med gule hår:
«Far vel Olav i Strandeby!
eg bliv'e enn møy i år.»
— Eg ville ho var mi den rosi.

17. Kongssonen av Norigsland.

1. «Høyr du de, du lisle fugl'e,
hot eg be'e deg:
du skò reise til Engeland
å bele fyr meg!»
— Ikor han finn'e si jomfru.

2. «Hoss kann eg reise til Engeland
å bele fyr deg,
eg kann kje anten brev hell runir
føre med meg?»

3. «Du tar kje anten brev hell runir
føre med deg, —
du seie: ein kongsson i Norigsland,
vil bele til deg!»

4. De var den lisle fugl'e,
han fauk ivi hav,
alli nott hell ljose dagjen
han seg kvildi gav.

5. Alli nott hell ljose dagjen
han seg kvildi gav,
fyrr hell han kom åt bure de
som kongsdotteri var.

6. «Høyr du de, mi skjøne jomfruve,
hot eg seie deg:
her er ein kongsson i Norigsland,
vil bele til deg.»

7. «Er der ein kongsson i Norigsland,
vil bele til meg,
hòre er då dei brev hell runir
han sende med deg?»

8. «Eg er meg so liten ein fugl,
i grase eg rann,
eg kann kje anten brev hell runir
føre fram.»

9. «Skò eg dròning i Norigsland vera
mens er eg eit barn,
so skò eg skatten på bøndane leggje,
og den skò bli hard!

10. Skò eg dròning i Norigsland vera,
mens er eg so ung,
so skò eg skatten på bøndane leggje,
og den skò bli tung!»

11. «Vil du skatten på bøndane leggje,
og den skò bli hard:
Gud lat' deg alli til Norigsland koma,
anten nott hell dag!

12. Vil du skatten på bøndane leggje,
og den skò bli tung:
Gud lat' deg alli til Norigsland koma,
anten gòmol hell ung!»

13. Og de var den lisle fugl'e,
kom atte so vrei:
«Du tar inkje til jomfruva bele,
de er kort nei!»
— Ikor han finn'e si jomfru.

18. Far og dotter.

1. Kongjen spurde dotter si:
— Målfri, mi fruva —
«Kven trør den vegjen til bure di'?»
— Torelille ho ligg'e og lurar, ho lurar. —

2. »De trør ingjen vegjen til bure mi',
uttas Kristi, terna mi.»

3. «Gjeng ho so Kristi, terna di,
med krusa håre skori umkring?»

4. «D'er kje krusa håre skori umkring,
d'er Kristis flettur ligg i ring.»

5. «Plar ho Kristi, terna di,
skjera so stutt'e stakkjen sin?»

6. «Når ho fell'e den tykke dogg,
so stytter den jomfru stakkjen upp.»

7. «Hot er de fyr ein gangar grå,
som kvòr dag stend di dynni hjå?»

8. «De er inkje gangar grå,
de er mine gjæsar store og små.»

9. «Er dine gjæsar laga så
med raue gullbeisl og sâl uppå?»

10. «De er inkje gullbeisl og sâl uppå,
de er deires fjørir gule og blå.»

11. «Hot er de fyr eit nakje spjut,
som kvòr dag leikar inn og ut?»

12. «De er inkje nakje spjut,
d'er solegeisli gjeng inn og ut.»

13. «Hot er det fyr eit nytt par sko,
som kvòr den dag fyr di sengji sto?»

14. «De var inkje nytt par sko,
de var mine tøflar tvo.»

15. «Hot er de fyr eit lite kind
kvòr morgon græt i bure din'?»

16. «De er inkje lite kind,
de er Bragje, hunden min.»

17. «Er han so Bragje, hunden din,
med silkjereiv og lind umkring?»

18. «D'er kje silkjereiv og lind umkring,
d'er Bragjes rove ligg i ring.»

19. «De tryt'e fyrr vatn i ville hav,
fyrr de tryt'e kvende svar.

20. Kjennest du med de blo'ute hovu,
som heng innmed min sadelsbogje?

21. Kjennest du med den høgre hand,
som heng'e i mitt sadelsband?»

22. «Å ja, å ja, eg kjenne må
de eg åtte år hev sovi på . . . .

23. Var der ellen i huse di',
og du var sjav der midt uti!»

24. «Gud forlåte deg, dotter mi,
so vondt du ynskjer fa'er din!»

25. «Eg ynskjer kje verre fa'er min,
enn han hev gjort med dotter si.»

---

26. Ho sette ell på de kvite lin,
inne brende ho fa'er sin.

27. Konungjen derinne brann,
— Målfri, mi fruva —
jomfruva seg åt skogjen rann.
— Torelille ho ligg'e og lurar, ho lurar. —

19. Bendik og Årolilja.

I

1. Bendik ri åt Sølondo,
ville han skòa møy;
han var kje lagje til att'e koma,
difyr so laut han døy.
— Årolilja, kvi søv'e du so lengje?

2. Bendik ri åt Sølondo,
ville han skòa viv;
han var kje lagje til att'e koma,
difyr so let han liv.

3. Han var kje i konungs-garde
mei hell ei liti stund:
han vitja uti møyesalen —
so brå er belelund.

4. Han var kje i konungs-garde
mei hell månar tvo;
han vitja kongjens dotter
med so stor elskog.

5. Kongjen byggjer gullbrautine
både til og ifrå:
«Den som d e i i løyndo trør,
han skò kje live få!»

6. Kongjen byggjer gullbrautine
både breie og håge:
«Den som d e i i løyndo trør,
han skò live låte!»

7. Til svora raustan Bendik,
han var kje guten fælen:
«Eg skò trøa gullbrautine
fyre kongjens augo bæe!»

II

8. Um dagjen ri Bendik i skogjen ut
og veier den ville hjort,
um notti vitjar han jomfruva
med åst og elskogs-ord.

9. Um dagjen ri Bendik i skogjen ut
og veier den ville rå,
um notti vitjar han jomfruva —
de gjell'e hass live på.

10. «Eg tikje so vent um ditt gule hår,
som epli dei dryp på kviste —
sæl er den som deg må få,
gud bære den som skò misse!»

11. «Eg tikje so, når eg sit hjå deg,
som eg sat uti solskin bjarte;
når eg og du me skyljast åt,
då rivnar bå hug og hjarta.

12. Eg tikje so, når eg sit hjå deg,
som eg sat uti solskin bjarte;
når eg og du me finnast att,
då gleast bå hug og hjarta.»

III

13. Upp stend kongjen av Sølondo,
klær han seg på so brått:
«Gud skò fyr mine draumo råe,
eg drøymde so vondt i nott.

14. Eg heve drøymt so vondt i nott
— Gud fyr mine draumo råe! —
um raustan Bendik og Årolilja,
eg drøymde vondt um dei båe.»

15. Inn kjem kongjens smådreng,
seie han tiend ifrå:
«Bendik trør gullbrautine
foruta kongjens rå.»

16. De var kongjen av Sølondo,
slær sin neve i bord:
«Bendik skò inkje live njote,
um eg vann all verdsens jord.

17. Olavskyrkja i Trondeim
ho er tekt'e med bly:
Bendik skò inkje live njote,
um ho var tri gongjir ny!

18. Olavskyrkja i Trondeim
ho glimar av gull:
Bendik skò inkje live njote,
um ho var tri gongjir full!»

VI

19. Ut kjem ho Årolilja,
gjeng'e sin faren imot:
«Kvi er du ute i otta,
fyrr upp ris bjartan sol?»

20. «Di er eg ute i otta:
eg vil min mågjen vitje.
De tikje meg veslaste vera,
eg må kje bryllaupe drikke.»

21. De var ho Årolilja,
falt fyre sin fa'er på kne:
«Høyre du de, min sæle fa'er,
Bendik so gjeve du me'!»

22. «Gakk burt ifrå meg, Årolilja,
eg vil deg inkje høyre!
De samer so ille mitt goe sverd
å rjoast i kvende-drøyre.»

V

23. Dei toke raustan Bendik,
slo han imot golv;
femten var dei bastetaugjir
ikring hass kvite holl.

24. Dei toke raustan Bendik,
batt han med taug og reip:
um dei var alli so sterke,
Bendik dei sund'e sleit.

25. Dei toke raustan Bendik,
batt han med reip og taug:
um dei var alli so sterke,
Bendik dei sund'e braut.

26. Fram so kjem'e smådrengjen,
alt med si falske rå:
«Dé tek Åroliljas gule hår,
so kann dé fangjen få!

27. Dé tek Åroliljas gule hår
og bind ikring hendan' kvite!
So stend'e hugjen isama runnen:
han nennest kje håre slite!»

28. Dei tok Åroliljas gule hår
og batt ikring Bendiks hònd:
«Fyrr eg skò dette sund'e slite,
fyrr skò eg døy i bònd!»

VI

29. Inn kom Mari dròningji,
ho sto i silkje grøn:
«Eg be deg, kjære herren min,
at du vil veite meg bøn!

30. Du flutte meg inkje frå skorvir
og inkje frå fjørustein,
du tok meg frå min fa'ers garde
og so ven ein festarsvein.

31. Minnest du hot du lova,
då du flutte meg frå monno:
du sille inkje nekte meg
den fysste bøn hell onno?

32. Minnest du hot du lova,
då du flutte meg av sta:
kvòr den bøn som eg ba deg,
sille allti vera ja?»

33. «Eg skò inkje nekte deg
den fysste bøni hell den are —
men Bendik skò inkje live få,
um de galt um kon alle!

34. Kvòr den bøn som du meg be,
skò allti vera ja —
foruta Bendik sill' live njote:
de gjeng eg alli ifrå!»

VII

35. Dei ba fyr raustan Bendik
alt de som bea kunna,—
mannen ùtor mannheimen
og fiskjen på havsens grunnar.

36. Dei ba fyr raustan Bendik,
alt de som bea må —
engjilen av himmerikje
og hindi, i haga låg.

37. Dei ba fyr raustan Bendik,
alt de som hae mål —
fuglen på villan kvisten
og båne, i vogga låg.

38. Dei ba fyr raustan Bendik,
alt de som hae liv —
tre-i utor grøne skogjen
og bloman' i fagerli.

39. De var kongjen av Sølondo,
slær sin neve i bord:
«Bendik skò inkje live njote
fyr alle bønir på jord!»

VIII

40. De var raustan Bendik,
han skaut gull av hende:
«Hogg du, Hauk, mitt hovu av —
du er min nærskylde frende!»

41. So gret ho Årolilja,
— de totte alle under —:
belte sprang av mjåryggjen,
og sylgja den flaug sund'e.

42. So gret ho Årolilja,
bar ljos på altarbord:
belte sprang av mjåryggjen,
og hjartae flaut i blo.

43. «Årolilja, Årolilja,
gråt inkje fyr meg leng!
Eg tikje hjartae i meg brenn'e,
når eg ser dine tårir renn.»

44. Årolilja kjember hass gule hår
og set'e på silkjeluve,
Hauk han hoggje hovue av,
og drengjen falt på gruve.

45. Utfyre kyrkjedynni
der laut han Bendik døy;
i kyrkja, fyre altaren,
der sprakk hass vene møy.

46. Utfyre kyrkjedynni
der let han Bendik liv;
i kyrkja, fyre altaren,
der sprakk hass vene viv.

IX

47. De var kongjen av Sølondo,
tala til drengjine små:
«Dé gangje i lofte til Årolilja
og sei 'a inn fyr meg gå!»

48. Att'e kjeme smådrengjin',
seie dei tiend ifrå:
«Dø er unge Årolilja,
ligg unde kvislar blå.»

49. Upp reis Mari dròningji,
studde ho seg med bord:
«Du var verd liva eismall'e
utpå ein øyeskog!

50. Høyr du de, du kongjen,
so stolt'e som du står:
inkje hev du dotter,
alli fær du måg!»

51. «Ha eg visst dette igjår,
at hugjen ha vori so sterk,
inkje ha Bendik silt live låti
fyr alt de i verdi er!

52. Ha eg visst dette igjår,
at åstin' ha vori so heit,
inkje ha Bendik silt live låti
fyr alt i verdi eg veit!

53. Olavskyrkja i Trondeim
ho er tekt'e med bly:
inkje ha Bendik silt live låti,
um ho var tri gongjir ny.

54. Olavskyrkja i Trondeim
ho glimar av gull:
inkje ha Bendik silt live låti,
um ho var tri gongjir full.»

55. Svara Mari dròningji,
rann tårir på sylvspennte sko:
«Gud forlåte deg, herren min!
Ette-sia er du go.»

X

56. Bendik la dei norda kyrkja
og Årolilja sunna,
de voks upp av deires grefti
tvo fagre liljerunnar.

57. De voks upp av deires grefti
tvo fagre liljegreinir;
dei krøktest i hop ivi kyrkjedynni —
der stend dei kongjen åt meine.

58. De voks upp av deires grefti
dei fagre tvo liljeblomar;
dei krøktest i hop ivi kyrkjesvoli —
der stend dei kongjen til domar.
— Årolilja, kvi søv'e du so lengje.

20. Kong Gaud og ungan Herredag.

I

1. Årle var dæ um moronen,
sola hu røna på sala;
upp sto ungan Herredag,
han tog si søster på tala.
— Sjål var han med te hova.

2. «Å høyr du dæ, kjær søster mi,
dæ ska du av mæg frægda:
æg vil nå mæg te Gautland i år,
min fa'ers dø å hebna.»

3. «Å vil du dæg te Gautland i år,
då rebna dæ i mi hoga;
så side æg atte eisemål
som einlege fugl i skoga.

4. Å vil du dæg te Gautland i år,
å vil du nå detta gjera,
tag med dæg han snappan Sjuransvein,
du la han kje heima vera.

5. Tag med dæg han snappan Sjuransvein,
og så han kappan Tor,
og så han Osmund Flagrekjempa,
som bu i bergje nord.

6. Du legg inkje ud dei bådan små,
som ligg'e her ude på sunne;
men tag du dæg den Dyreknurren,
som vie går soga umme!»

7. Så toge dei den Dyreknurren,
dei la han ud på fjorda:
då Herredag kom med all si makt,
han sokk te fjerde borda.

8. Då dei kom unne Stangefjelle,
då flaga dei ette los,
og sund'e gjekk deira bramrå,
for hu var gjort udav tros.

9. Og dæ var ungan Herredag,
han blei nå detta var'e:
«Å høyre du, snappan Sjuransvein,
du skøyde vel detta sama!»

10. Så skøytte han den bramrå,
dæ gjorde han Sjuran Skjegge:
der var inkje av å taga
og inkje te å leggja.

II

11. Kjuringen sid'e i Sandsheia,
han vokter bå geider og får;
han går sæg te kongens gard
og seie der tiend ifrå:

12. «Her er komen eit skjeb til okkan land,
dæ er så stort som øya;
antell vil dæ børen hava,
hell vil han bela møya.

13. Æg sto så lengje og såg derpå,
æg tottest i hugjen leiast:
sverdan dei glima som rabnefjøre,
dei var inkje lett å veia.

14. Æg sto så lengje og såg derpå,
æg tottest i hugjen roa:
sverdan dei glima som rabnefjøre
øve dei store skjebsborda.»

15. «Er her komen eit skjeb te okkan land,
som er større hell du kann nebna,
så er dæ visst ungan Herredag,
sin fa'ers dø vil hebna.»

III

16. Og dæ var ungan Herredag,
han kom der så vel te rå:
«Me kjus okke ud et sendebu,
me kjem'e ustolen på!

17. Æg ste dæg, Hogfall, te min dreng,
æg veid du er rask te lauba:
ingjen haug hell velfaren hund
kann ta den sveinen på laube.

8. Du helse Gautlands kongen,
dei andre tar du kje nebna:
Imora kjem Herredag med si makt,
sin fa'ers dø å hebna!

19. Du be han møda i odderstormen,
at oddan ska inkje gletta;
og inkje sid' heima i arestein
og spenn' som ei anna kjetta!

20. Du be han kvesse vel sine spjud
og skjerpe vel sine spjerta,
og tege sæg karmanns mod i bryst
og før inkje kålvehjerta!»

*

21. «Æg helse dæg Gautlands kongen,
fleire sku' æg inkje nebna:
imora kjem Herredag med si makt,
sin fa'ers dø å hebna.

22. Han ba du vill' møda i odderstormen,
at oddan sku' inkje gletta,
og inkje sida i arestein
og spenn' som ei anna kjetta.

23. Han ba du sku' kvessa vel dine spjud
og skjerpa vel dine spjerta,
og ta dæg karmanns mod i bryst
og før inkje kålvehjerta.»

24. Te svarte Gautlands kongen,
han svarte som ein mann:
«Æg ska møda i mora,
um hesten mæg bera kann.

25. Bere var dæ Herredag heima vera
i revekrottane sine:
aller stend han dei hoggan ud
hans fa'er kunne inkje bie.

26. Bere var dæ Herredag heima vera
i revekrottane små:
aller stend han dei hoggan ud
hans fa'er kunne inkje stå!»

IV

27. Dæ var alle dei kongens menn,
dei heldt upp øve seg hennan;
dei ba alle, kver te sin gud,
at notta måtte få enne.

28. Dæ var alle dei kongens menn,
dei toge te å kvia:
dei ba alle, kver te sin gud,
at notta hu måtte lia.

29. Dæ var ungan Herredag,
han skjebte mennan sine:
hæltan sku' i striden gå
og hæltan på skjebe bia.

30. Og dæ var Gautlands kongen,
han robte ud ei rodda:
«Kom nå Tore Noa
med alle dine trodda!»

31. Og så kom Gugra Joglekåba,
hu budde nordanfør Jæren;
henne fydde Rangel og Rangelty
og tolvar kjemper flere.

32. Og så kom Fredje Finnbur,
han budde der ude på Lista;
men kå mange der var med han,
dæ veid æg inkje med vissa.

33. Og dæ var snappan Sjuransvein,
han kom der så væl te råe:
«Vælkomen Tore Noa!
for me er kjemper båe.»

34. «Å illa gjorde du, snappan Sjuransvein
kvi nebnte du mæg så bråe?
Me sku' ha sle'i okk' i stallbrolag,
for me er kjemper båe.»

35. «Kosse sku' me sle'i okk' i stallbrolag?
Me tene kver sin herre.
Mi brynja ska bli i afta heil,
men di ska gå i spjerre.»

36. Og dæ var Tore Noa,
han tog te sitt langa bein;
og dæ var snappan Sjuransvein,
han ba han sku' helsa heim.

37. Og dæ var Fredje Finnbur,
han fer nå allti med liste:
han hogde te ungan Herredag,
so han si høgre hånd miste.

38. Og dæ var snappan Sjuransvein,
han stokk inkje for den sveite:
han kasta både brynja og sverd,
ette Herredags hånd han leitte.

39. Så tog han den smitlekrusa
som Gugra hu han ga;
så smitle han atte Herredags hånd
hu blei så go som hu var.

40. Og dæ var snappan Sjuransvein,
han løfte sitt sverd med alle:
han hogde til Fredje Finnbur,
han måtte te jorda falla.

41. Og dæ var Gautlands kongen,
han heldt uppøve seg henna:
«Du held nå upp, ungan Herredag!
Du ser eg fattest menna.»

42. Dæ var alle Herredags menn,
dei blei nå alle huga:
dei rykte eigan med roda upp,
dei totte kje sverdan duga.

43. Og dæ var Gautlands kongen,
han tog nå te å langa:
«Nå heve eg livt i airomætt,
men aldri sét eigskogjen ganga.»

44. Og dæ var Gautlands kongen,
han falt på sitt bara kne:
«Æg be dæg, ungan Herredag,
du unner mæg nottefre!»

45. Og dæ var snappan Sjuransvein:
«Æg seie dæg så eg meine:
Drikk han drykkjen og søv han svebnen,
du stend han inkje heime!»

46. Og dæ var ungan Herredag,
han løfte sitt sverd med alle;
han hogde te Gautlands kongen,
han måtte te jorda falla.

47. Og de var ungan Herredag,
han tog nå te å hikka:
«Æg be dæg, Gautlands dronningja,
du gje okke noge å drikka!»

48. Og dæ var Gautlands dronningja,
hu gjekk i kjellaren då;
for dæ kann æg med sannheid seia,
hu visste kor eideren låg.

49. Og så kom hu atte igjen,
og dæ gjorde hu med liste:
«Æg drikk'e dæg te, du unge dreng,
æg veid du er fælig tyst'e.»

50. Og dæ var snappan Sjuransvein,
han uti hodne såg:
«Å høyr, du Gautlands dronningja:
og detta drikke du sjål!»

51. Og dæ var ungan Herredag,
han hodne i hanna rykte,
han slo dæ på Gautlands dronningja,
hu sprakk i femtan stykkje.

52. Så slo dei i hel i kongens gard
te dei fekk last og meina;
ingjen måtte levands bli
uden kongens dotter aleina.

53. Så toge dei den skjøn jomfru
og leidd' henne øve skjebsborda:
«No gje æg dæg ein av mine menn,
kven som dæg hava torde.»

54. Og dæ var ungan Herredag,
han seilte nå heim igjen;
så drakk han sin fa'ers gravøl
i hob med sine menn.
— Sjål var han med til hova.

21. Dei tri vilkori.

I

1. Kongjen sille fara i kri;
— Her veks inkje gull —
han la fyr si dròningji vilkori tri.
— Krist gjeve meg ei jomfru!

2. Han la fyr si dròning vilkori tri,
ho gjer inkje eitt av alle di.

3. «Du skò byggje ein sal utav bly,
den skò vara i aldro ni.

4. Dèr so set'e du inni ein stol,
den skò glima som morgosol.

5. Og so skò du eige eit bån i år,
og eg skò vera deg langt ifrå.

6. Og um du inkje gjer alle tri,
so skò du misse ditt unge liv!»

7. Kongjen han styrde sitt skip ifrå land,
hass dròning stend att'e på kvitan sand.

II

8. Dròningji tålde upp peningan' ny,
so lét ho byggje ein sal utav bly.

9. Dèr so sette ho inni ein stol,
de glima av den som morgosol.

10. So lét ho skjera seg jomfruskrud,
sitt gule håre de slo ho ut.

11. Dròningji gjekk seg åt strande,
ho styrde sitt skip av lande.

12. Dròningji hissar upp segl og flamm,
deri so skriv ho sitt jomfrunavn.

13. Då ho kom seg til Skottland fram,
der møtte ho kongjen på kvitan sand.

14. «Høyre du, skjøn jomfru, eg talar til deg:
og lyster du no å fygje med meg?»

15. Han klappa henne på kvite kinn:
«Du skò vera allerkjærasten min!»

16. «Nei, kjære min herre, du talar kje so:
du hell'e no gjævar di dròning hell so.»

17. «Eg la fyr mi dròning vilkor tri;
ho gjer inkje eitt av alle di.

18. Ho skò byggje ein sal utav bly,
og den skò vara i aldro ni.

19. Dèr skò ho setje inni ein stol,
og den skò glima som morgosol.

20. Og so skò ho eige eit bån i år,
og eg skò vera der langt ifrå.

21. Og um ho gjer inkje alle tri,
so hev ho misst sitt unge liv.

22. No gjev eg deg ein rau'e gullring,
slik ha' kje vori på dròningjis fing.

23. So gjev eg deg eit korìleband,
dèr stend på mitt egje navn.»

24. Då ho ha' vori der månane två,
dròningji fór til heimatt'e trå.

25 Dròningji skuva si snekkje frå land,
att'e sto kongjen på kvitan sand.

III

26. Og då som de lei utètte mot høst,
dròningji fór til tyngjast fyr brøst.

27. Kongjen han kom frå leidingjen heim,
han skunda so fort og var inkje sein.

28. Dròningji var både kåt og bli;
«No hev eg gjort dei vilkori tri!»

29. Dròningji var både gla og kåt:
«No skò me drikke 'kons barsøl i år!»

30. «Hoss kann me drikke 'kons barsøl i år,
sjav hev eg vori so langt her ifrå.»

31. Ho synte honom den salen av bly:
«Og den skò vara i aldro ni.»

32. Ho synte honom den gyllte stol,
de glima av den som morgosol.

33. Ho synte honom de lisle kind:
«— Men eg er visst inkje faren din —!»

34. Då tok ho upp sitt korileband,
og der sto på hass egje navn.

35. «Hev du kje vori fyr Skottlands øy?
fann du kje der so ven ei møy?

36. No hev eg gjort dei vilkori tri,
no må du taka mitt unge liv.»

37. Han klappa henne på kvite kinn:
«Nei, du skò vera allerkjærasten min!»

38. Fyrr'e tryt'e vatne i storom å,
— Her veks inkje gull —
fyrr ho tryt'e den kvende-rå!
— Krist gjeve meg ei jomfru!

22. Knut i Borg.

I

1. De var fruva liti Kjersti,
tost vera komi i vande:
ho visste kje hot ho sille svara,
tvo belar fyr borde stande.
— Knut i Borgji lovar so vene brurir.

2. De var hennar sæle mori,
ho rådde so go ei rå:
«Den eine skò du kjose deg,
den are deg seia ifrå.»

3. «Helle vil eg hava Knut i Borg,
i gylltan sålen ri,
hell eg vil hava kongjen herre Svein,
i snekkjunne der han skri.

4. Helle vil eg hava Knut i Borg
med gyllte akslebònd,
hell eg vil hava kongjen herre Svein,
han rår ivi femten lònd.»

II

5. De var unge Knut i Borg,
han ville til bryllaups reie;
de var kongjen herre Svein,
han let'e seg klæ'i sneie.

6. De var unge Knut i Borg,
han ville til bryllaups bu;
de var kongjen herre Svein,
han let'e si snekkja snu.

7. De var kongjen herre Svein,
han kom seg riand i gård;
de var unge Knut i Borg,
ute fyr honom står.

8. «Vælkomen kongjen herre Svein,
vælkomen hit til meg!
alle denne virkevika
hev eg venta på deg.»

9. «Snekkja hev lengje fyr lande legji,
er broti av mykje byrr,
ha du vilt meg til gjestebos bo'i,
so ha du vel bo'i meg fyrr.»

10. Inn kom kongjen herre Svein,
trødde so hardt i tilje,
blikna bruri i høgsæte sat
alt unde dei rosir og liljur.

III

11. De var kongjen herre Svein,
han brått framåt borde snur:
«Statt upp unge Knut i Borg,
du verje di unge brur!»

12. «Høyrer du liti Kjersti,
du ber'e fyr meg ingjo sut,
han plaga allstødt verre fara
som fangtokji by'e ut.»

13. De var unge Knut i Borg,
han sinom sverde brå,
han høvde kje kongjen herre Svein
fyr tykke mannetrå.

14. De var kongjen herre Svein,
han hogg ivi breie bord,
han kløyvde skjollen og ringebrynja,
hass hjarta uti tvo.

15. «Høyrer du de, du Knut i Borg,
hot eg deg seia må:
er der noko botevon,
lækjaren skò du få?»

16. «Her er ingjo botevon,
kjæra mi so go:
hjarta de er sund'e sprukkji,
de flyt'e uti blo.»

17. De var fruva liti Kjersti,
ho hell'e uti hass hånd;
Knut han snudde veggjen til,
so gjev'e han upp si ånd.

IV

18. «Høyrer du fruva liti Kjersti,
hot er deg likar so ille?
Når me skò okkon til sengje gange,
skò drengjine horpune stille.»

19. «Eg er inkje um dine horpur,
inkje um dine engelske pipur;
de tikje meg allervesste vera,
du munde min Knut'en svike.»

20. De var fruva liti Kjersti,
ho sette seg i sengji ned;
de var kongjen herre Svein,
han spring'e der veggjen te.

21. Kongjen sovna frå kvelle brått,
jomfruva vakjer lengje,
alt til de li åt stundo dei,
at fuglane skaka vengjir.

22. De var fruva liti Kjersti,
ho uppivi seg såg:
so såg ho de gullbudde sverde
der uppå naglane låg.

23. Ho sette odden fyr bringebein,
de svarar i svanadun:
«Du statt upp kongjen herre Svein!
du fær ingjo onno brur.»

24. Ho sette odden fyr bringebein,
de svarar i sengjebleie:
«Du statt upp kongjen herre Svein!
du fær inkje møyar fleire.»

25. «Tvi so være deg, kjæra mi,
so sårt du munde meg svike!
eg akta deg til mitt ekteviv
å rå ivi land og rikje.»

26. «Alli hev eg vori kjæra di,
alli di vene møy;
men dette munde eg akte deg,
når Knut i Borgji laut døy.

27. Alli hev eg vori kjæra di,
alli ditt vene viv,
men dette munde eg akte deg,
når Knut i Borgji let liv.»
— Knut i Borgji lovar so vene brurir.

23. Hr. Asbjønn og liti Kjersti.

1. Kongjen og herr Asbjønn Snare
   — den vælborne mann —
   drikke jol i Engelands garde.
   — Den stigjen trør eg kje uti.

2. «Herr Asbjønn, vil du min mågjen vera,
   liti Kjersti, mi dotter, skò eg deg gjeva.»

3. «Hot skò eg med liti Kjersti gjera?
   Ho kann kje mi klæe anten sy hell skjera.»

4. «Å ho kann væl både skjera og sy
   fyr den yppaste riddar som bur i by.»

*

5. Herr Asbjønn han ri'e til næste by,
   han kauper silkje og skarlak nytt.

6. Han kauper bå soks og skjærebla,
   og sender 'a liti Kjersti på sta.

*

7. Ho lae den saumen på tunne,
   ho skar 'n som ho kunna.

8. Ho lae den saumen på tilje,
   ho skar 'n i rosur og liljur.

9. Liti Kjersti sette seg på ein stol,
   ho sauma imot den klåre sol.

10. Ho sauma ivi hass herd
    fire riddarar med dregne sverd.

11. Ho sauma på hass ermekrans
    tie jomfruvur uti dans.

12. Ho sauma på hass bryste
hoss riddaren jomfruva kyste.

13. «Krist gjeve eg ha meg ein trugjen svein,
som kunna bera den saumen heim!»

14. Til so svara den liten smådreng:
«Berre eg kjende herr Asbjønn frå hass hovmenn.»

15. «Når du kjem deg i stoga inn,
Asbjønn sit fremst i manne-ring.

16. Når du kjem deg i stoga fram,
han slær gullhorpa, han ber gullband.»

*

17. Då han kom seg i stoga inn,
Asbjønn sat fremst i manne-ring.

18. Og då han kom seg i stoga fram,
han slo gullhorpa, han bar gullband.

19. De fysste herr Asbjønn saumen såg:
«Krist signe hennar fingar små!»

20. Der blei gle'e og mykje gama,
— den vælborne mann —
liti Kjersti og Asbjønn drakk bryllaup i sama.
— Den stigjen trør eg kje uti.

24. Toreliti og Skakjelokk.

I

1. De lei seg til joleti,
— Ro ut, ærlege menn!
til vokunne klæddest de vene viv.
— Å den jomfru!

2. Til vokunne klæddest ho Tore,
den greivedotteri goe.

3. Til vokunne klæddest han Skakjelokk,
den yppaste riddar i kongjens flokk.

II

4. Toreliti sette sine ternur i ring,
sjov ho dansa uta ikring.

5. Fyre ho gjeng'e som ei sol,
ette dei dansar som i jol.

6. Skakjelokk ivi borde sprang,
sylvbudde knivar or sliro rann.

7. Sylvbudde knivar or sliro rann
av ne i Torelitis hand.

8. Toreliti stakk sine hendar i barm,
bloe de ut gjenom ermo rann.

9. Toreliti ho gjeng ette stette,
si sæle mo'er ho møtte.

10. «Høyrer du Tore, dotter mi,
kvi renn'e der blo utor ermo di?»

11. «Eg var meg i høgeloft
min bro'ers seng å reie upp.

12. Eg breidde upp dei laken små,
min bro'ers sverd derunde låg.

13. De skar meg uti dei fingar fem,
eg syr alli gulle oftar med dem.»

14. «Du tar inkje, Tore, dylje fyr meg:
dei Skakjelokks knivane skåre deg.»

15. Skakjelokk i dynni sto,
han lydde på dei jomfruord.

16. «Eg takkar deg Tore, som dulde med meg,
de raue gull eg gjev'e deg.»

17. Han tok Toreliti på sitt kne,
— Ro ut, ærlege menn!
gav henne gullkruna og festarfe.
— Å den jomfru!

25. Jon Remarsson.

1. Snekkja ligg'e på lande,
og grase unde henne gror:
her spyrst alli so raske drengjir
som 'n Herre Jon Remarsson!
— Men sjøen tek'e so mang ein.

I

2. De var Herre Jon Remarsson,
han krusar sitt gule hår;
so gjekk han seg til si fostermor,
vill' spyrje hoss dø han sill' få.

3. «Og inkje døyr du på sotteseng,
og inkje fell du fyr sverd;
men akte deg væl fyr bylgja blå:
ho bliv'e di seiste ferd!

4. Og inkje døyr du på sotteseng
og inkje fyre pil;
men akte deg du fyr bylgja blå:
ho tek'e ditt unge liv!»

5. De var Herre Jon Remarsson,
han snuddest si mo'er ifrå:
«Du skò alli liva den heirs-dag'e
eg spyr'e deg oftar um rå!»

II

6. «I kvell so vilje me drikke,
med' me kann øle få,
i morgo so vilje me sigle,
um vinden han blåse må!»

7. De var gamle skipar Håken,
vende sine augo mot sky:
«Den som vil sjøen sigle i dag,
han kjem inkje livands til by.»

8. De var Herre Jon Remarsson,
han var seg ein vågehals:
«Å den som inkje vil sigle i dag,
han tener sin herren med fals!»

9. De var Herre Jon Remarsson,
han studde seg på sitt sverd:
«Å den som inkje vil sigle i dag,
han tener sin herren med flærd!»

III

10. Dei rokest utpå de ville hav
i dagane ein og tvei:
alt sat gamle skipar Håken,
han visst' inkje land hell lei.

11. «Hòre er no den vågehals,
i fyrrdags slo so stort?
Me kann inkje ankare kaste,
og segli dei blæs'e burt.»

12. Og de var gamle skipar Håken,
talar til liten smådreng:
«Du hentar meg hit mitt tavlebord,
lat terningan' hava sin gang!»

13. Den fysste terning, på tavlebord rann
— dei terningar var so små —,
den falt på Herre Jon Remarsson:
han sille um skipbord gå.

14. «No er me so langt av lande komne,
me kann inkje presten nå,
du skriftar meg fyre mastre-tre,
Vårherre skò lye derpå:

15. Ekkjur so heve eg krenka,
og lokka so mang ei møy —
de hev alli komi i hugjen min,
eg sille på sjøen døy.

16. Og klostri heve eg røva,
og kyrkjur heve eg brent —
de hev alli komi i hugjen min,
de ha' meg sosso silt hendt.

17. Kjem'e de noken livands til lands,
og mi mo'er ho spyr'e då,
so seg, eg tener i kongjens gard
og er både kvik og kåt.

18. Kjem'e de noken livands til lands,
mi festarmøy spyr ette meg,
so seg, eg søv'e på kvitan sand,
og be ho vil gifte seg!»

IV

19. Dei var tjuge og sju gong tjuge
den ti dei droge frå land;
de var berre fem til lande kom,
i mijjom dei Herre Jons dreng.
— For sjøen tek'e so mang ein.

26. Herr Nilaus.

I

1. «De gjere både snjoar og blæs,
og veten gjerest kall;
høyrer du fruva Signe liti:
hòr skò me slå vår tjall?»
— Dei leikar ein leik,
og den leikjen stend alt utav vreie.

2. «De gjere både snjoar og blæs,
og veten gjerest kall;
me vil okkon åt Friarlunden,
der skò me slå vår tjall.»

3. «Eg var meg i fjor åt Friarlunden,
eg vog dine morbrøar tri;
inkje er meg gjelli ettergjevi,
inkje hev eg bøtt for di.»

4. «Du fare utor ringebrynja
og hav på skjurta blå:
der er inkje sverd i Friarlunden,
som der kann bite på.»

II

5. De var bolde herr Nilaus,
han kom seg riands i gård;
ute sto bispen i Friarlunden,
han var vel sveipt i mår.

6. «Høyrer du bispen i Friarlunden,
eg helsar deg so brått:
kann du fyr ho Signe liti
låne kon hus i nott?»

7. «Vælkomi fruva Signe liti
med alle dine sveinar,
foruta bolde herr Nilaus,
han ha vel mått seti heime.»

8. Dei toke bolde herr Nilaus
og sette høgast til bords,
den fysste rett som blei framboren,
var spott og håingsord.

9. «Du var i fjor i Friarlunden,
du vog mine brøar tri,
ingjo boti hev eg fengji
og inkje spurt ette di.»

10. «I fjor var eg i Friarlunden,
eg vog dine brøar tri;
eg ri'e meg på tingje
og bøter fyr alle di.»

11. De var bolde herr Nilaus,
han seg unde borde såg,
såg han båe si' systersønir
daue på golve låg.

12. De var bolde herr Nilaus,
han seg ivi borde sprang,
han slo vel femten hovmenn,
fyrr han fekk sverd i hand.

13. De var bispen i Friarlunden,
han glytte upp og såg,
då fekk bolde herr Nilaus
på staen sitt banesår.

14. De var bolde herr Nilaus,
han sinom sverde brå,
hoggje til bispen i Friarlunden,
han falt i lytir twå.

15. «Dé leggje mitt lik i Lucikyrkje,
der fruvur og møyar gange;
skjollen og mitt goe sverd
skò ivi mitt hovue hange.»
— Dei leikar ein leik,
og den leikjen stend alt utav vreie

27. Det var så silde.

1. Det var så silde og sent om en kveld,
jeg vidste af slet ingen kvide;
da kom der et bud ifra kjæresten min,
jeg skulde til hende udride.
— Tvunget haver elskoven hende —.

2. Jeg gik mig med il udi stalden ned,
og klappede grå gangeren på bagen;
jeg lagde på hannem sadlen af sølv,
og bidslet, med guld var beslagen.

3. Så red jeg mig de stive mile frem,
mens andre monne sødeligen sove; —
og veien gik til min kjærestes hjem
igjennem de mørkende skove.

4. Og alle de små fugle, i skoven var,
de voldte mig så stor en kvide;
for alt det de kvidred og alt det de kvad,
de sagde, jeg fortere skuld' ride.

5. Og alle de fugle, i skovene var,
de gjorde mig så stor en møde;
for alt det de kvidred og alt det de kvad,
de sagde, at min kjæreste var døde.

6. Og som jeg mig kom på grønnen eng,
der hørte jeg de klokker ringe:
ikke andet jeg vidste, ikke andet jeg fornam,
end mit hjerte itu monne springe.

7. Jeg ilede mig op i høienloft,
som jeg pleied let stedse at gjøre:
der stander de jomfruer alt udi flok
at klæde min kjærest til døde.

8. Jeg klappede hende på hvìden kind,
som før var så rosende røde:
Herre Gud bedre mig fattig ungersvend!
her finder jeg min kjæreste døde.
— Tvunget haver elskoven hende —.

28. Jomfruva Ingjebjør.

Eg veit meg ein ædeli skog'e
sunna og vesta fyr fjord:
der veks'e so mange dei ædeli tre,
dei venast på jordi som gror.
— Hòre skò sveinen finne jomfruva?

Der veks'e so mange dei ædeli tre,
bjørkji og so lindi;
der spilar so mange dei ædeli dyr,
hjorten og so hindi.

Der spilar so mange dei ædeli dyr,
ikonne og so duva —:
ho er ætta av aurom lande,
den rike stolte jomfruva.

I

1. De var strie stjukmori,
ris upp um midje natt:
forskapte ho fruva Ingjebjør,
som Herre-Per ha' silt havt.

2. De var strie stjukmori,
ho framafyr sengji sto:
«Statt upp, fruva Ingjebjør,
so årle og so skjott!»

3. De var strie stjukmori,
auka ho syndi stor;
skapt 'a i ei villande hind
som spring'e på øyeskog.

4. De var fruva Ingjebjør,
ho upp i sengji reis;
tiom trilla tårine,
i hindehamen ho steig.

5. De var fruva Ingjebjør,
ho upp or sengji sto;
tiom trilla tårine,
i hindehamen ho fór.

6. Ho la uppå hass hovdegjår
gulle av fingane fem —
de var 'o til sorg og kvie
kvòr dag han såg uppå dem.

7. Ho la uppå hass hovdegjår
gulle av fingane ti —
de var 'o til sut og tregje
kvòr gong han såg på di.

8. De var han rike Herre-Per,
vakna og um seg såg:
burte var fruva Ingjebjør,
som på hass armen låg.

II

9. «Høyre du, unge Herre-Per,
du syter no inkje lengje!
Dotter til Alv å Skeio nord
er venar hell anna kvende.

10. Dotter til Alv å Skeio nord
ho er so ven ein blome,
ho ligg i sinom sengji sjuk:
ho ventar Herre-Pers kome.»

11. «Dotter til Alv å Skeio nord
er venar hell anna kvende;
inkje vert ho svart av meg,
inkje vert eg kvit av henne.»

12. De var han Alv å Skeio nord,
han bryggjar og blandar han;
Herre-Per ri åt øyeskogjen,
sjav'e trettande mann.

13. De var han Alv å Skeio nord,
han bryggjar og blandar vin;
Herre-Per ri åt øyeskogjen
med alle hundane si'.

14. Han sette snorur i kvòr den kro
der hindi vani å fara;
men hindi var so var'e um seg,
ho ville kje lata seg snara.

15. [Han sette snorur i kvòr den kro
der hindi vani å gange;
men hindi var so var'e um seg,
ho ville kje lata seg fange.

III

16. Kjem'e ein liten småsvein,
seie han tiend ifrå:
«Dei såge hindi i haga igjår
som Herre-Pers hug leikar på.»

17. De var strie stjukmori,
aukar ho syndi mei:
skapte 'a i den ville ørn
som flyg'e so hågt ivi hei.

18. Skaut ho seg or hindehamen,
flaug so hågt i tre.
Herre-Per sto på grøne vollen,
de gjekk hass hugjen so ner.

19. Tok han øksi uppå si herd,
hoggje so langt han måtte,
alt til han kjem'e mannen den
som ædeli skogjen åtte.

20. Kjem'e den gamle mannen,
var inkje ven å sjå:
«Høgg'e du ne mitt blometre,
du skò inkje fruva få!

21. Høyre du, unge Herre-Per,
kvi høgg'e du ne min skog?
Du fær kje den ville ørni,
fyrr ho fær manneblo.»

22. Han skar stykkje utor sin barm,
kasta det hågt 'pi kviste;
ørni skreik, so hågt ho gol,
ho ville Herre-Per giste.

23. Ho sette seg på såle-brugda,
plukka seg som ei duve.
Skaut ho av seg ørnehamen,
den rike stolte jomfruve.

24. «Eg hev so lengje på skogje legji
at dé må tikje de furdur;
eg hev kje anna til føe havt
hell einer-ber i urdo.

25. Eg var meg so liti ei hind,
eg dro meg framte med bakka;
mine sjau brøane kjende kje meg,
dei pussa på meg rakkar.

26. Eg var meg so liti ei hind,
eg skreidde meg framte med lie;
mine sjau brøane kjende kje meg,
dei skaut ette meg med pilir.

27. Gud signe deg, dandis Herre-Per,
fyr alle go-rå'ine dine!
Stjukmor mi sit i Trollebotn,
der græt ho syndine sine.»
— No heve sveinen funni jomfruva.

29. Horpa.

I

1. Der var tvo systar i ei borg,
 — Ved sande —
den eine volde den andre sorg.
 — Båra ber'e so vent eit viv frå lande.

2. Den yngre kunna spinne lin,
den eldre kunna kje stie svin.

3. Den yngre kunna spinne gull,
den eldre var allti svevnefull.

4. Den yngre kunna skipa mat,
den eldre kunna kje två eit fat.

II

5. Syster tala til syster så:
«Me vil okkon til Sjoar-å.»

6. «Hot skò me 'kon til Sjoar-å?
me hava der ingji klæe två.»

7. «Me vil två 'kon kvite,
me er tvo systar like.»

8. «Du må två deg nott og dag,
du tvær kje av de Gud deg gav.

9. Um du tvær deg kvit som krit,
alli vert du di syster lik.

10. Du må två deg so kvit som du kann,
alli fær du ein festarmann.

11. Um du tvær deg kvit som bein,
alli fær du ein festarsvein.»

12. Den yngre gjekk fyre som ei sol,
den eldre gjekk ette som orm i jord.

13. Den yngre gjekk fyre med utslegje hår,
den eldre gjekk ette med falske rå.

14. Då dei kom åt Sjoar-å,
so fór dei til å vaske og två.

15. Den yngre sette seg på ein stein,
den eldre skuva ho ut fyr mein.

16. Ho rette upp si kvite hand:
«Å hjarte syster, hjelp i land!»

17. «Ligg du der, og få du skam,
eg vil hava din festarmann.»

18. «Eg skò gjeva deg gull og jord,
um du vil hjelpe meg upp or fjord!»

19. «Ligg du der, og hav du mein,
eg vil hava din festarsvein.»

20. «Eg skò gjeva deg meire:
eit skip med gogn og greie.

21. Eg skò gjeva deg bære:
alle mi' brureklæe.»

22. «Inkje eg hjelper deg i land,
utan eg fær din festarmann!»

23. «Fyrr du skò få min festarmann,
fyrr skò eg reka so langt eg kann.»

III

24. Den eldre blei klædd i brurehus,
dei bar for henne dei håge voksljus.

25. »De tek inkje av dei sløri små,
eg toler inkje soli sjå.»

26. «Væl du toler soli skin,
verre de er for festarmann din.»

IV

27. Der kom vind av norde,
dreiv de likje til fjorde.

28. Der kom vind av austre,
dreiv de likje til nauste.

29. Der kom vind av are land,
dreiv de likje på kvitan sand.

30. Der gjekk tvo pilgrimar ut med å,
dei såg de likje på sanden låg.

31. Dei toke hennar kvite kropp,
der gjorde dei av ein horpestokk.

32. Dei toke hennar gule hår,
gjorde dei horpestrengjir små.

33. Dei toke hennar festar-ring
og gyllte horpa rundt i kring.

34. «Der skò vera bryllaup i næste by,
no vil me prøve 'kons horpe ny.»

35. Dei tok den horpa unde skinn,
so gjekk dei i bryllaupsstoga inn.

36. Dei sette seg i duragått:
«Lyster dé høyre ein horpeslått?»

37. Til svara strengjen fysste:
«Bruri ho var mi syste.»

38. Til svara strengjen are:
«Bruri ho var min bane.»

39. Til svara strengjen tree:
«Brudgomen var min bele.»

40. Mælte no bruri, rau som blo:
«Hav ut den horpa, ho gjere uljo!»

41. Svara de brudgomen, bleik som bast:
«Slå mei på horpa, og slå vel fast!»

42. Til svara strengjen fjorde:
«Bruri ho meg forgjorde.»

43. Til svara strengjen femte:
«Bruri på å meg spente.»

44. Til svara strengjen sette:
«Brudgomen meg forgjette.»

45. Bruri tró på spilemanns fot,
so bloe sprang av naglerot.

46. Bruri tró på spilemanns tå:
«Dé slå den norpa i stykkje små!»

47. Dei toke horpa slo imot jord,
so blei derav ei jomfru go.

48. Brudgomen heiter på sveinar två:
«Dé gangje åt skogjen og hogge bål!

49. Hogge no older og eikje
og hente so næver og kveikje.»

V

50. Sundag sat bruri i høgsæte boll,
— Ved sande —
um måndagjen låg ho i oske og kol.
— Båra ber'e so vent eit viv frå lande.

30. Asaliborgji.

I

1. «Eg hev so vondt i hovde mé,
eg veit inkje kven de vell;
um eg legg alli so augo isama,
so fær eg kje sova hell.»

2. «Hev du so vondt i hovde dé,
og veit inkje kven de savnar,
so kaup deg gull og glimestein
og send de av med ravnar.»

3. «Høyrer du de, du ville ravnen,
hot eg talar til deg:
vil du deg åt anna lande
å bele til møyo fyr meg.

4. Høyrer du de, du ville ravnen,
fuglen uppå tre:
du bere bo til Asaliborgji,
best'e so trur eg dé.»

5. »Hosse kann eg åt anna lande
å bele til møyo fyr deg?
eg hev inkje brev hell runir
å føre dei ifrå deg.»

6. De var ungan Alv'e,
han sat i gyllte stol;
so tok han dei gulljartur
og batt til ravneklo.

II

7. Ravnen sette fjør i vêre,
fauk han ivi hav,
alli nott hell ljosan dagjen
han seg kvildi gav.

8. Alli nott hell ljosan dagjen
han seg kvildi gav,
fyrr han kom åt høgelofte
der Asaliborgji var.

9. De var ville ravnen,
sette seg i svalar:
«Statt no upp, du Asaliborgji!
eg lyster med deg tala.»

10. Ravnen sette seg i svalar,
rister og skjek sine vengjir:
«Statt no upp, du Asaliborgji!
no hev du bo'i fengji.»

11. «Eg hev so lengje i lofte legji,
og mykje heve de hendt;
men alli hev ville ravnen
fyrr vori til meg sendt.

12. Gakk du deg på vollen ut
der drengjine ljote døy,
og inkje gakk i høgeloft
å bele til vene møy.

13. Gakk du deg på vollen ut
der drengjine låte liv,
og inkje gakk i høgeloft
å bele til vene viv.»

14. «Du tar inkje spotte meg,
um eg hev drukkji blo:
for tung'e er mi follogji,
vond'e og inkje go.

15. Du tar inkje spotte meg
um eg hev drukkji blo:
me våre tri samsyskjeni,
stjukmori var kje for go.

16. Tri so våre me kongjens sønir,
og alle våre me fride;
den eine blei skapt i ein frånarorm,
han skri'e der neri lie.

17. Den eine ho skapte i frånarorm,
lågt neri grase å skrie,
og meg ho skapte i villan ravn,
dei sendebo bera so vie.

18. Den tre'e ho skapte i fjørustein,
han ligg'e ne med å;
fyk'e eg nott hell ljosan dagjen
eg kviler meg deruppå.»

19. So tok han dei gulljartur
og kasta i Asalis fang:
«Dette sender deg unge Alv'e,
so er hass skiringsnavn.»

20. «Ja du ber'e bo'i til unge Alv'e
og de uppå mi vegne:
at hev han hug og vilje til,
so fester han fruva gjønne.»

III

21. Ravnen sette fjør i vere,
faúk han ivi hav,
alli nott hell ljosan dagjen
han seg kvildi gav.

22. Alli nott hell ljosan dagjen
han seg kvildi gav,
fyrr han kom åt bure de
der unge Alv'e var.

23. Han sette seg på loftssvoli,
skok han sine vengjir:
«Sæl'e er du unge Alv'e
fyr tiend du hev fengji.

24. Eg ber'e bo frå Asaliborgji
og de uppå hennar vegne,
at hev du hug og vilje til,
so fester du fruva gjønne.»

IV.

25. De var unge Alv'e,
han styrde sitt skipe i land,
og de var hennar sæle faren,
han rei på kvite sand.

26. «Høyr du de, du unge Alv'e:
gakk deg i stoga inn,
med' eg gjeng åt høgelofte
å tala med dotter min'.»

— — — — — — — — — — —

27. Silkje og skarlaken
blei ette jordi breidd,
so blei Asaliborgji
ne åt strondi leidd.

— — — — — — — — — — —

28. De var Asaliborgji,
gjekk ette stettinn inn,
dei turvte kje ljose bera
de lyste av hennar kinn.

31. Svein Nordmann og Gullbjør.

I

1. Svein Nordmann tener i kongjens gård
— Fyr den som er graven unde lie —
i åtte vintrar og eit år.
— For der belar Svein,
Svein Nordmann langt nordafyr bergom.

2. Han tener inkje fyr onno løn
hell fyr henne Gullbjør, ho var so skjøn.

II

3. Svein Nordmann luter ivi breie bord,
han talar til Gullbjør dei løyndar-ord:

4. «Høyrer du Gullbjør eg talar til deg:
lyster du fygje av lande med meg?

5. Eg skò føre deg på den øy,
du kann syrgjelaus liva og syndelaus døy.

6. Eg skò føre deg på de land,
du gjeng'e på gulle som hera på sand.

7. Der gjel inkje annan fugl hell gauk,
der veks'e kje anna gras hell lauk.»

8. «Er de sant som du seier meg,
so er eg snart ferdug å fygje deg.»

9. Gullbjør ho samlar sitt gull i skrin,
Svein Nordmann salar ut gangaren sin.

10. Gullbjør ho samlar sitt gull i skål,
Svein Nordmann stiller sin gangaren grå.

III

11. Då dei kom seg nord unde li,
då såg dei den grefti djup og vi.

12. «Høyr du Svein Nordmann, eg spyr'e deg:
kven skò liggje i grefti der?»

13. «Fyr min hest er ho for trang,
fyr min kjærast passa lang.

14. Åtte jomfruvur hev eg havt,
alle hev eg i gravi lagt.

15. No skò du den niende vera,
deires syndir skò du bera.»

16. Lengje sto Gullbjør og tenkte med seg:
kann inkje mi' runine hjelpe meg?

17. «Du tente min fa'er i åtte år,
eg hev alli luska ditt gule hår.»

18. «Ja, gjønne må du luske meg,
når du kje i svevnen svik'e meg.»

19. «Krist svike meg på Gjeddare bru,
um du inkje kann meg tru!»

20. **Svein Nordmann la seg i Gullbjørs fang,**
runesvevnen på han rann.

21. **Gullbjør tok upp si raue gull-snor,**
den batt ho kring Svein Nordmanns fot.

22. **Gullbjør tok upp sine raue gullbònd,**
dei batt ho kring Svein Nordmanns hònd.

23. **«Statt upp Svein Nordmann, eg vekkjer deg,**
eg vil kje i svevnen svike deg!

24. **Den grefti du hev akta meg,**
no vert ho måten fyr sjave deg.

25. **Fyr hesten din er ho hoste trang,**
fyr sjave deg vert ho måten lang.»

26. **Gullbjør drog upp ein sylvbunden kniv,**
sette ho den i Svein Nordmanns liv.

27. **«No ligg'e du fyr hauk og ravn,**
enno ber eg mitt jomfrunavn.

28. **No ligg'e du, deg renn'e blo,**
enno gjeng eg ei møy so go!»

29. **So la ho han i si egjo grav,**
— Fyr den som er graven unde lie —
so rei ho heim til sin fa'ers gard.
— For der belar Svein,
Svein Nordmann langt nordafyr bergom.

32. Olav og Kari.

I

1. Olav sat heime i åtte år,
   — Trø meg inkje for nære —
   fyrr han ville si mo'eri sjå.
   — På vollen dansar mi jomfru.

2. De niende tek'e til lie,
   han ville til si mo'eri rie.

II

3. «Høyrer du Olav, sonen min:
   hosse likar du gifta di?»

4. «Sosso likar eg gifta mi,
   som eg drikk'e bå mjø og vin.

5. Sosso likar eg gifta go,
   som kvòr den dagjen å drikke jol »

6. «Eg såg henne Kari rie
   igjår med elvesie.

7. Ho hae kje anna til hest,
   hell kvite bjønnen ho lika best.

8. Ho hae kje anna til beisle-ring,
   hell frånarormen ho slengde ikring.»

9. «De mune dei på henne ljuge —
   Gud nåe den som slikt trudde!»

10. «Hosse kann grase på jordi gro,
    når sonen må inkje mo'eri tru?»

III

11. Olav han spring på gangaren grå,
so hastig ri'e han derifrå.

12. Kari ho ser seg ut so vie,
so ser ho 'n Olav ette halline rie.

13. Ho gjordest bå blå og bleik:
«No ser eg Olav at han er vrei!»

14. Ho skodde si hònd, ho skodde sin fot,
so gjekk ho sin herren syrgjeleg imot:

15. «Høyrer du Olav, herren min:
hot tiend fekk du hjä mo'eri di?»

16. «Ho sa, ho såg deg rie
igjår med elvesie.

17. Du hae kje anna til hest
hell kvite bjønnen du lika best.

18. Du hae kje anna til beisle-ring,
hell frånarormen du slengde ikring.»

19. «De mune dei på meg ljuge —
Gud nåe den som slikt trudde!»

20. «Hosse kann grase på jordi gro,
når sonen må inkje mo'eri tru?»

21. Han la til henne med tynnyrtein,
serkjen rivna, og holle seig.

22. Han la til henne med tynnyrkvast,
serkjen rivna, og holle brast.

23. «Olav, Olav, slå inkje leng'!
No hev eg fengji min hjartespreng.»

24. Han tok 'a Kari i sitt fang,
so bar han henne på silkjeseng.

25. «Du dreg'e serkjen utor blo'e,
du sender han til mi mo'er!

26. Du be, ho tvær han rein'e
og gifter kje døttar fleire!»

IV

27. Kari kom seg til himmeriks dør,
jomfru Mari slepte 'a innafyr.

28. Jomfru Mari tukka fram ein stol:
«Sit, liti Kari, og kvil din fot!»

29. «Du tar inkje rydje sess fyr meg,
eg er inkje for go til stande fyr deg.

30. Eg er inkje trøytt, eg kann væl stå, —
men må *Olav* himmerikje få?»

31. «Sit, liti Kari, og kvil deg på —
Olav han skò himmerikje få!»

32. «Eg er inkje trøytt, eg kann væl stå:
men må Olavs *mo'er* himmerikje få?»

33. Jomfru Mari ho svara så:
— Trø meg inkje for nære —
«Olavs mo'er kann kje himmerikje få.»
— På vollen dansar mi jomfru.

33. Solfager og Ormekongjen.

I

1. David kongjen kom seg riand i gård,
   — Med de vive var so ungt —
   Solfager sto ute, ho sola sitt hår.
   — Meg lyster i lunden utrie. —

2. «Kvi stend'e du Solfager solar ditt hår,
   hev du ingjo gullkrune å setje uppå?»

3. Han gav henne gullkrunune tri,
   Solfager tok imot alle di.

4. Han gav henne gullkrunune fem,
   Solfager tok imot alle dem.

II

5. David kongjen sille i leding fara,
   Solfager sille lande taka i vara.

6. Han støypte gullkrossen i Solfagers hònd,
   at ho sill' vera kjend på fremminde lònd.

7. Ormekongjen kom seg riand i gård,
   Solfager sto ute, ho sola sitt hår.

8. «Høyr du, Solfager, eg talar til deg:
   du svik'e kong David og trulovar meg!»

9. «De skò kje skje med' eg live hev,
   at eg mi tru til tvo brøar gjev.»

10. So gav han henne dei dvaladrykkjin' tri,
    Solfager ho dåna, då ho fekk di.

11. Og der kom bo fyr kong David inn:
«Solfager er dau, allerkjærasten din.»

12. David kongjen han blei so ille ved ord,
han bleikna som bast og svartna som jord.

13. Dei la'e Solfager på likebår,
so syrgjeleg ri'e kong David ihjå.

14. Dei grove Solfager unde moll og stein,
so syrgjeleg ri'e kong David heim.

15. Dei jarda likje, og alle drog heim,
men Ormekongjen ette kring grefti sveiv.

16. Han grev'e Solfager or molli ho låg;
Solfager ho vakna og kring seg såg.

17. «Kvåre vil du no, Solfager, liggje hera døy,
hell fygje på mitt lande og vera mi møy?

18. Kvåre vil du no, Solfager, liggje hera lik,
hell fygje på mitt lande og vera mitt viv?»

19. «Eg tiss vera for ung'e til liggje unde stein,
eg lyt helle fygje med Ormekongjen heim.

20. Eg tiss vera for ung'e til liggje unde jord,
eg lyt helle sitje med Ormekongjens bord.»

III

21. Kong David gjeng'e vegjen fram,
der møter han so gamal ein mann.

22. Der møtte han so gamal ein mann,
bar tiend ifrå fremminde land.

23. «Kong David, kong David, eg til deg talar:
Solfager liver i bjarte gullsalar.

24. Høyr du, kong David, du gløym dine sorgjir:
Solfager liver i bjarte gullborgjir.

25. Du let'e deg pilegrimsklæ'e skjera,
liksom ein pilegrim mune du vera.

26. So tek'e du pilegrims-staven i hond,
so reiser du deg i fremminde lond.»

IV

27. Kong David let pilegrimsklæ'i skjera,
liksom ein pilegrim mune han vera.

28. So tok han pilegrimsstaven i hand,
so reiser han på Ormekongeland.

29. David kongjen kom seg gangand i gård,
Solfager sto ute, ho sola sitt hår.

30. «Å høyr du, Solfager, hot eg be'e deg:
ei omosegåve so gjeve du meg!»

31. «Du gjeng'e no deg i stoga inn,
og sjov skò eg bera den maten umkring.»

32. Alt med' ho bar den maten fram,
ho tok inkje hanskane av si hand.

33. «Er de so skikkjen på dette land:
dei bryt'e braue med hanskar på hand?»

34. «De tiss inkje vera vandare mann,
hell eg må brjote braue med hanskar på hand.»

35. «Er eg inkje no, so var eg den ti
eg gav gullkrunun' til festarmøy mi.

36. Er eg inkje no, so var eg den gong
eg støypte gullkrossen i Solfagers hond.»

37. Solfager ho lyfter på pilegrimshatt:
«Er du kong David, du seie meg satt!»

38. «Å høyr du, Solfager, hot eg spyr'e deg:
vil du kje heimatte fygje med meg?»

39. «So gjønne eg ville fygje med deg,
når eg visste at Ormekongjen sakna kje meg.»

40. Kong David han såg uti si bok:
Ormekongjen er vikjen so langt av krok.

41. Kong David han tok ut Ormekongjens hest,
so rei han heim med den han ha' fest.

V

42. Ormekongjen kom av ormegarden heim:
Solfager var burte, den vene møy.

43. Ormekongjen vart so splitrande vrei,
— Med de vive var so ungt —
at han flaug sund'e i flintestein.
— Meg lyster i lunden utrie.

34. Tor Brynjulv og fluga.

1. Tor Brynjulv han sit unde stoguvegg,
han byster sitt hår, han kjember sitt skjegg.
— Hei og hå! Hugjen leikar so vie.

2. Tor Brynjulv sparkar, han er so kåt:
«Eg aktar meg til å bele i år!

3. Høyre du myhank, min frende,
du skò bera bo aust til kvende.»

4. «Eg skò bera bo, både aust og vest —
eg veit inkje hòre din hugjen er fest.»

5. «Du skò bera bo aust til fluga,
ho stend'e fest i min huga!»

6. «Men hosse kann eg til fluguland?
du veit no fluga er belevand.»

7. «Du helsar fluga med ålvors-ord:
eg er den sterkast' på denne jord!»

8. Myhankjen tvær'e si kvite hand,
so drog han seg til fluguland.

9. Myhankjen kjem seg riand i gård,
fluga stend ute, slær ut sitt hår.

10. «Eg helsar deg, fluga, eg talar til deg:
Tor Brynjulv han aktast å bele til deg.

11. Her stend'e du, fluga, bå fager og fin:
eg tikje du er Tor Brynjulv so lik.»

12. «Hosse kann eg vera Tor Brynjulv lik,
for han er fatik, og eg er rik?

13. Når eg sit fyre herrebord,
so bukar han i den svarte jord.

14. Når eg sit et'e av sylvarfat,
rotar Tor Brynjulv i motting-sta.

15. Når eg sit et'e ost og egg,
ligg'e Tor Brynjulv unde kamar-vegg.»

16. Myhankjen slo fluga unde kinn:
«De skò du hava fyr kjeften din!»

17. «Knipp!» sa fluga, ho snipt' ein gråt:
«Når skò okkos bryllaup stå?»

18. «De fær stande i denne vår,
med' alle småflugune heve mål.»

19. Fluga ho fór seg åt rjomeholk,
ette kom Tor Brynjulv med alt sitt folk.

20. Der vart brak uti brureferd,
myhankjen spøkte med nakje sverd.

21. Og der vart leven i brureflokk,
Tor Brynjulv datt n'i ein tjøruholk.
— Hei og hå! Hugjen leikar so vie.

35. Rabnabrydlaupe i Kråkelund.

1. Långt i auster i Kråkelund
dar er so vakker ein by;
adle dei dyr i verdæ er,
dei sånkast dar uti.
Bjødnen han er yppaste kar i skogjen.

2. Bjødnen sat uti bakkje,
og mångt so munne han hugsa:
«Ska eg sømja dan breie fjord,
våt då vert'e mi buksa.»
Bjødnen visste seg ingjæ rå i skogjen.

3. «Sòte heve eg dan heile nott
med gråt og idle låt:
Søte deg, Hallvar, lena meg skuto di,
meg ber slett ingjen båt.
Eg er bo'en te brydlaupsgard i skogjen.

4. Eg er bo'en te brydlaups
uti rabnabur;
rabnen ska han brudgom vera,
trano vera hans brur.
Eg ska vera kjøkemeistar i skogjen.»

5. Sio kom ulven laupande,
spòdde seg som ei pil:
«Gjeva vilde eg inkvart godt,
eg vore tvertøve ei mil.
Di eg ska verta klokkar i skogjen.»

6. Ottren smaug han i ei vòr,
vart han var ein fisk;
dan so skjenkte han brudgomen,
da vart deira ottebisk.
Ottren var deira fiskar i skogjen.

7. Kjøtmeisæ kom hu fykande
med ein vesal mòle kjøt;
dan la hu te gjestabo's,
da smaka hadla søtt.
Kjøtmeisæ var hu tenestepika i skogjen.

8. Hjasen kom han byksande,
datt han på si nasa,
han skunda seg utå bakkjen ne,
han haurde ikodne blåsa.
Ikodne bles i luren uti skogjen.

9. Orren kurra 'punde bjørke-rot,
fann ein vesal makk;
dan so skjenkte han brudgomen,
han fekk guss læ og takk.
Orren han var kokkjen uti skogjen.

10. Ein feit smørklakk bar høno fram,
— hu var deira kokke-taus —
dan lånt' hu med seg heimån-te;
kjetto gav ei mus.
Kjetto var hu dyreskyttar i skogjen.

11. Haukjen gav ein kjukling,
dan stal han som ein tjov.
Kråko svara: «Stolen kost
hava me inkje behov.»
Brudgomen sa: «Oss vantast kost i skogjen.»

12. Hanen gav ein flabbrø-leiv,
kom utå stabur;
spånka, sparka, gjorde seg te,
gol han «Kui-ku-lur!»
Han var deira songemeistar i skogjen.

13. Sporven skulde han drikka skaffa,
da la dei hono på;
fann han seg eit malta-kodn,
da gjorde han mungåt på.
Sporven var han mungåtsmann i skogjen.

14. Ein søtmjelks-kjæs' på deira fat
dan munne svalo bringa;
dan kjøpte hu 'tåv ein «dank-jou-maat».
Dei toko med kvat dei fingo.
Svalo hu var brura-pika i skogjen.

15. Suggo gav eit kamshòve,
komparute og kling,
hòve stoppa, havrasupa,
skòke-drykk og bleng.
Dar var bå' saup og syra i skogjen.

16. Reven gav ein lepsekling,
levragraut og kumla,
levrakaka, kalvadans,
kjæse, skjør og gumble,
rjomasold og møsebrym i skogjen.

17. Krossbrø, kabbretta, søtebrø,
da gjekk te brydlaupsgard,
rognakaka, levrakling,
kjæsa ost og rav.
Da gav geitæ, borisk-sleikjar i skogjen.

18. Knøost, tvibryggja og brennevin,
rauge dravle og graut,
da gav lerko songefugl;
gaukjen gav eit naut.
Gaukjen vara mungåtsman'n i skogjen.

19. Ulven stend i kjørkje-le,
støe seg på sitt sverd,
ser han seg åt strandæ ne
so fager ei fugla-ferd.
Han ser trano trinande i skogjen.

20. Han ser bruræ trinande
med si' høge bein,
hegren med sin långe hals
han er henna leiesvein.
Steindolpen buldra på trumbo uti skogjen.

21. Dar vart møkje glira,
halvo meira gaman,
ulven skulde han klokkar vera,
han kunde ikkje ringja saman.
Reven var dan treiskaste kar i skogjen.

22. Sauen var deira føresmann,
kadla var han te prest;
gjekk han seg i kjørkjo inn,
las so vakker ein tekst.
No tok på å kveldast uti skogjen.

23. No tok på å kveldast,
dei kunde ikkje lenger bia;
dei skunda seg te brydlaupsgarden,
magjen bar på å svia.
Dar gjordest som ei slupsing uti skogjen.

24. Hjasen utåv si dristigheit
fekk han seg ein brand'e,
skaut han triår skyte av,
dar ræ'est kver ein mann'e.
Han gjorde som ei frøsing uti skogjen.

25. Brudgomen tek'e si brur med seg,
set'e seg i høgsæte;
mjødlo hine gjestenne
yppest stor skitlæta.
Da er alt um høgheitæ i skogjen.

26. Sporven sette seg manna høgst,
han tottest ikkje vera liten.
Kjøtmeisæ bykste hu hono nest
og sette seg i brikjæ.
Gåsæ hu var kleva-kåna i skogjen.

27. Skjor'æ skulde hu skjenkja
i møkjen mannatrong:
hu kunde seg ikkje på golve snu,
di vele var for långt.
No beit mungåt'e på i skogjen.

28. Uglo drog ut task-hakjen,
bykste hu øve borde;
hogga vilde hu kjøtmeisæ.
Kjøtmeisæ tok te orde:
«Di skitlåt, meg finst rett um i skogjen.»

29. Ulven drikk utåv sylverskål,
slengje han henne mot golv.
Inn so kjem han bamse bonde:
«Eg trur du rår deg sjølv.»
— «Vår herraste, famen, haldt meg inkje i skogjen!»

30. Upp språng sporven løstig og gla,
dansa han med merræ;
tala te henne: «Vara deg,
eg byks' ikkje din hov forderva.»
Hjorten han tuta i bukkahodn uti skogjen.

31 Inn kjem kråko hoppande
med si svarta hetta:
«Sitje no adle heil og sæle!
ere dé no adle mette?
Vilja dé so brått hald' upp å eta i skogjen?»

32. Te svara ørnæ, gamla gomor,
i brikjæ dar hu sat:
«Oss hev ikkje skorta i dag
korkje drikka elde mat;
guss læ have dé som te hava lòte i skogjen!»

33. Bjødnen vart han rusande,
gjorde han i si brok;
sume hava da lote på seg,
dei gruva dei få alder nog.
Måten æ da yppaste gras i skogjen.

34. Dar vart møkjen elskogjen
uti rabnabur;
rabnen tek'e si trana i fång,
hu var so knøtæ ei brur.
No drog kver mann te sino uti skogjen.

35. Foro dei ikkje væl i danna ferd
uti rabnabur?
Gud lat oss fara evindeleg væl!
Ska'e i brudgom og brur.
Gud late dei alder dagjen trivast i skogjen!

36. Hustru kann deile med sin bonde.

1. Då de lei til ottemål,
hanen fór til gala,
kjeringji vekte upp mannen sin,
han sille på kvenni mala.
— Hustru kann deile med sin bonde.

2. Som han hadde mali
ei tunne eller tvo,
reiste han seg heimatt
og gjorde på varmen go.

3. Som han ha gjort på varme
og ellen i ovnen brann,
tok han seg rokk og snelle,
sette seg og spann.

4. Som han hadde spunni
ei snelle eller tvo,
tok han seg ei klæebytte,
reiste åt åi tvo.

5. Som han hadde tvegji
og fagre klæi skein,
hengde'n dei att'e på gardle'e,
sjav'e gjekk han heim.

6. So vaskar han bommen
so sopar han góv;
alt han hadde onna,
fyrr hell upp rann sol.

7. So gjekk han seg åt høgelofte,
og vekte upp hustru si:
«Statt upp, statt upp, hustru mi,
hev eg tvegji klæi di.»

8. «Høyrer du de, du bonde,
du tar inkje vera so mjuk;
du var inkje so i fjor,
de bile eg låg sjuk.

9. Lat no du upp dynnane,
med' eg gjeng'e inn,
kjem'e dei på nakkjen min,
skam få ryggjen din!»

10. Som ho kom i stoga inn,
tro ho på eit strå:
«Skam so fare ryggjen din,
kvi tek du kje slikt ifrå.»

11. So tok ho ei kinne,
som sto på ein hjell:
«No skò du, bonden, kinne,
og de skò vera snegt!»

12. Som han hadde kinna
og ville taka salt,
treiv han upp i osketrogje
og skjemde ut smøre alt.

13. So klinte ho ein kling'e
og la'e innmed vegg:
«No skò du inkje få dogurden din,
fyrr hønun' hev vorpi egg.»

14. Tok han sine tuppur
og knepte i eit skinn:
«Verpe, verpe, tuppune mine,
so fær eg dogurden min!»

15. Hønune dei var nie,
og eggji var berre sjau.
«Skam få deg du skalkjen din!
no hev du stoli tvau!»

16. Kjeringji reiste åt beitekosten,
braut ho kvisten harde;
fysste dengde ho bonden sin,
jaga han so av garde.
— Hustru kann deile med sin bonde.

37. Tjovane.

1. Steinfinn og Ståle
— Min gangaren grå —
dei var tjovane båe.
— Enno stend'e gangaren i grøne lunden og biar meg.

2. Dei var brøane beste,
og dei var skalkane vesste.

3. Steinfinn var go'e til kvea,
men Ståle var bære til stela.

*

4. «Kvåre vil du åt bure stela,
hell vil du åt stoga kvea?»

5. «Eg vil hell i stoga kvea,
hell eg vil åt bure stela.

6. Eg er lettare på mitt mål,
og du er bære til få låsan' ifrå.»

*

7. Ståle gjekk åt bure stela,
Steinfinn gjekk i stoga kvea.

8. «Høyrer du Åse goe:
må eg kvea um tjovar?»

9. «Du må kvea mest'e du vil,
når de kjem okkon inkje til.»

10. «Stel du lereft, hell stel du lin,
stel so de som er noko fint.

11. Stel du fleskje ne or rot,
gløym inkje istre til vår sko.

12. Glåp so deg i korgji full,
der hev kona si beste ull.

13. Glåp so deg litt bære hit,
der stend'e bondens peningskrin.»

14. Um tala fruva Åse:
«Er våre dynnar i låse?»

15. «Ja, våre dynnar er i lås,
men Gud rå um lyklane er kje hjå.»

16. «Kiss ut, kiss ut, liten pus,
no vil hustru tenne i ljus.

17. Kiss ut, kiss ut, puse,
no kjem hustru med ljuse.»

18. Ståle utor bure sprang,
— Min gangaren grå —
Steinfinn utor stoga rann.
— Enno stend'e gangaren i grøne lunden og biar meg.

38. Tosstein tala til staven sin.

1. Og Tosstein tala til staven sin, han Tosstein:
«Og meinar du isen ber meg heim?» sa'n Tosstein,
i gnell . . . i gnell . . . i gnellande frosten.

2. Og staven tala til Tosstein so: «Du Tosstein!
Gakk ut på isen, so fær du sjå, du Tosstein,»
i gnell . . . i gnell . . . i gnellande frosten.

3. Han Tosstein ut på isen skrei, han Tosstein,
og båe beini unda'n glei, han Tosstein,
i gnell . . . i gnell . . . i gnellande frosten.

4. Og Tosstein sokk, og staven flaut fyr'n Tosstein,
og alt de mjøle vart upp i graut, fyr'n Tosstein,
i gnell . . . i gnell . . . i gnellande frosten.

39. Truls med bogjin.

1. Kjettå gjorde både kvein og grein:
ho måtte kje njota sin arestein,
«Kiss ut!» sa Truls med bogjin.
«Kiss ut, kiss ut!» sa Truls med bogjin.

2. Truls han tente i kungjins gård;
han fekk inkje løn på femtån år.
«Gjev løn!» sa Truls med bogjin.
«Gjev løn, gjev løn!» sa Truls med bogjin.

3. «Å ingjè løn hev du fortent,
for alle mine byrsur hev du utskjemt.»
«Gjev løn!» sa Truls med bogjin.
«Gjev løn, gjev løn!» sa Truls med bogjin.

4. «Å alle mine hestar heve du sprengt,
og stalldŷrè heve du mot meg stengt!»
«Gjev løn!» sa Truls med bogjin.
«Gjev løn, gjev løn!» sa Truls med bogjin.

5. Truls tok upp ein pengepung,
og dreiv til kungjin midt i munn.
«Kyss den!» sa Truls med bogjin.
«Kyss den, kyss den!» sa Truls med bogjin.

6. Truls tok kungjin i hår og skjegg
og sløngde han upp på femte vegg.
«Gjev godt!» sa Truls med bogjin.
«Gjev godt, gjev godt!» sa Truls med bogjin

7. «Eg hev inkje anna å gjeva deg i løn,
hell eg gjev'e deg min bogje so skjøn.»
«Send hit!» sa Truls med bogjin.
«Send hit, send hit!» sa Truls med bogjin.

8. Truls han gjekk seg til fjorden ne,
so kom der ein bamse fuksandes te.
«Kom hit!» sa Truls med bogjin.
«Kom hit, kom hit!» sa Truls med bogjin.

9. Truls han spende sin bogje for kne,
so skaut han den bamsen, so han datt ne.
«Ligg der!» sa Truls med bogjin.
«Ligg der, ligg der!» sa Truls med bogjin.

10. Truls han slipte si' knivar små,
so byrja han til på bamsen å flå.
«Eg flær!» sa Truls med bogjin.
«Eg flær, eg flær!» sa Truls med bogjin.

11. Truls han sløngde den fell på bak,
so gjekk han fram til kungjins gard.
«Gu dag!» sa Truls med bogjin.
«Gu dag, gu dag!» sa Truls med bogjin.

12. «Eg trur denne fellen han slepper hår.»
«Du laug som ein tjov, eg skaut han igjår.
Far væl!» sa Truls med bogjin.
«Far væl, far væl!» sa Truls med bogjin.

13. Truls han gjekk ette vegjen fram,
der kom han ette ein køyrandse mann.
«Bi litt!» sa Truls med bogjin.
«Bi litt, bi litt!» sa Truls med bogjin.

14. Truls han seg uppå vognè sprang,
førr køyraren visste eit einaste grand.
«Køyr fort!» sa Truls med bogjin.
«Køyr fort, køyr fort!» sa Truls med bogjin.

15. Truls han gjekk seg til skjenkjarhus.
Der sat nokè svaddar, drakk seg eit rus.
«Skjenk hit!« sa Truls med bogjin.
«Skjenk hit, skjenk hit!» sa Truls med bogjin.

16. «Mi hev kje den visen i okkos land,
mi skikkar kje til nokon fremmin mann.»
«Alt eitt!» sa Truls med bogjin.
«Alt eitt, alt eitt!» sa Truls med bogjin.

17. Truls han gjorde den stovå rein;
dei måtte på dỳrè kver einaste ein.
«Herut!» sa Truls med bogjin.
«Herut, herut!» sa Truls med bogjin.

18. Truls han sette seg i høgsætbenk:
han drakk og takka seg sjav for skjenk.
«Drikk ut!» sa Truls med bogjin.
«Drikk ut, drikk ut!» sa Truls med bogjin.

40. Den bakvende verdi.

I natt, å i natt!
eg låg og eg datt, —
eg totte at verdi var bakvend radt.

1. Laksen leika i furutopp,
han gnaga borkjen av greinir;
og ikonn spila på havsens botn
og velte store gråsteinar.
I natt, å i natt! etc.

2. Hønune kalva, og kyri ho vòrp,
og tre'i dansa i skogjen,
og skreik gjorde soli, og månen han gol,
og klakkane såm utpå fjorden.
I natt, å i natt! etc.

3. Og dynni var burte, og veggjen var hol,
og de rauk og de brann burti engjo;
der blække ein prest, og der preka ein sau,
og bikkjune flagsa med vengjo.
I natt, å i natt!
eg låg og eg datt, —
eg totte at verdi var bakvend radt.

TILLEGG.

50 stev or Setesdal.

1. **Høyr di dette, di gjentu unge,**
no lyt di kve'e mæ mål å tunge;
blomen bleiknar å dagjen skri,
å ho renn so fort dykkos ungdomsti.

2. **Dei tenkjer vel at eg kve av gle'e,**
men ai, ai, ai, d'æ av sorg å tregje;
dei tenkjer vel at eg æ so kåt,
men eg tikje hjarta de brest av gråt.

3. **Ein andlitsven'e æ gama have,**
ein faktegrei'e æ au de same;
ein andlitsven å ein faktegrei,
eg veit kje kvæ eg vil hav' av dei.

4. **Han hev her alli i dalen vori,**
so andlitsven'e som Olav Skori,
å alli kjem han her atte mei
so fakteven å so turegrei.

5. **D'æ vandt å gange, d'æ vandt å stande,**
d'æ vandt ver' ven'e iblandt so mange;
d'æ vandt å vere bå ven å grei,
fysst at adde skò'ar å vi' sjå feil.

6. Alli liti å alli stor'e,
alli ven'e å alli ljot'e,
å alli rik'e å alli ring:
dei kann alli snå meg for nokon ting.

7. Hev du høyrt han, å hev du sét han?
Ai, ai, ai, ai, han æ grei um nettan'!
fysst eg høyrer hass vene mål,
de æ plent umogeleg sove då.

8. De æ no alli ko bare læte,
at garegutan' ska' vere bære,
for smør, å jor-epli, ost å brau,
de kann mi få mæ ein laus'e au.

9. Sitt hjartesår tor han alli le'e,
um annans suti va snart å kve'e;
for si egjo sut fann han alli or,
men ho låg i bringa som klaka jor.

10. Den gjenta kome di visst ti' sakne,
so kåt'e kjem ho her alli atte;
de kann nog hende so snål å grei,
men so kåt å lettliva — alli mei.

11. Dei spotte meg for eg æ kje ven'e:
eg kann kje venleikjen av dei lene;
dei spotte meg for eg æ kje grei:
de æ same skaparen som ti' dei.

12. Dei løynde kvellane mi hev halli,
han sei' de sjav, han dei gløymer alli;
dei løynde kvellane mi hev havt,
dei han alli gløymer, de hev han sagt.

13. Ai, ai, ai, ai, du min gut'e ven'e,
du låg for lengje på hjartelene;
du låg for lengje på armen min,
dei kjem visst ti' bleikne mi' unge kinn.

14. Der stend ei fure der nor i mone,
der hev eg sta'i å dust' o' skone;
der hev eg treftst mæ min gut'e fin,
å so dusta snjoren o' skone mi'.

15. D'æ alli gama ti' Heista kåme,
si' vene Margjit hev blivi kåne;
d'æ alli gama i Heista tun,
si' ho vene Margjit hev dansa brur.

16. Som morgosolæ på ristin' leikar,
so æ ho lettsleg mi gjente greie,
um eg æ sturen å alt gjeng trått,
fysst eg treffer hæ, æ mitt hjarta fjågt.

17. Stundom re'i å stundom gjengji,
å våga live for vene kvende;
stundom strenda å stundom rott,
å vassa fossan' so mang ei nott.

18. Eg å du mi æ no so like,
å båe tvo æ mi like rike;
de ville gjeve ein druste klang,
fysst du va kjedding å eg va mann.

19. Eg gløymer alli den eine gongjæ,
mi sto mæ bore å røktest hondæ.
Ein laus å grei utfor glase sveiv —
de tottest myrkna um solæ skein.

20. Ho ba han ville der alli kåme,
ho tolde inkje ho på han glåpte;
ho ba han ville kje far' der fram,
for ho tolde inkje å høyre han.

21. Koss kann du tenkje du kann var' gløymd'e,
som æ so væl unde hjarta gøymd'e.
Koss kann du tenkje eg gløymer deg,
som æ i hjarta mitt lagde ne.

22. Nei, alli eisemo kor eg fer'e,
fysst eg han jamt inni hjarta ber'e.
Nei, alli eisemo kor eg æ;
fysst han æ i hjarta, so æ han mæ.

23. Eg tikje vondt um min gut'e kåt'e,
han gjeng på skorvin' å bliv so våte.
Eg tikje vondt um min gut'e grei,
han lyt ver' på skorvin' i eleveir.

24. Kjem eg at fjose, kjem eg at løa,
addesta hev mi seti røa;
alli kjem eg at noko hus,
utta mi hev seti der, eg å du.

25. Skogjen rundt ikring garen stend'e,
der kve eg jamt fysst eg eismadd gjeng'e.
Eg ser kje gjente, eg ser kje gut,
men de svorar bare frå berg å nut.

26. Der eg æ fødd å der eg æ ala,
æ toddemona å slette gara;
dẹr eg hev heime der æ so vent,
der æ toddemona å garen slett.

27. De æ so leidt utyv' heian' glåpe,
der eg hev sulla mæ eg va kåt'e;
de æ so leidt utyv' heian' sjå,
der eg hev sulla mæ eg va bån.

28. De æ so dauvlegt på heian' vere,
fysst greie gjentu lyt heim å skjere;
då æ de dauvlegt på heian' slå,
utyv' hottemyra mæ lite på.

29. No æ her kvellen, no vi' mi stidde,
no æ solæ gladd'e av Olavs smidje;
no æ her kvellen, no vi' mi heim,
no æ solæ gladd'e av Røyneskleiv.

30. No vi' eg av gjæte adde dagjen,
no vi' eg av nor i Jarbudalen;
no vi' eg av nor ti' Jarbutjønn,
å der vi' eg treffast mæ guten min.

31. Anne Drivsli, de djarve kvende,
ho gjæter geitan' for Austa drengji;
ho gjæter geitan' so langt mot nor,
å der gjeng ho sullar so eisemo.

32. Du vene Vassli, du vonde strondæ,
der gjeng ho Anne mæ råhøysfongjæ;
stundom ho slo, å stundom ho bar,
de va plent umogeleg halle lag.

33. Fiskarvegjen æ vond'e gange,
men Uppsta-gjentun' æ verre fange;
Fiskarvegjen æ vond'e gå,
men Uppsta-gjentun' æ verre få.

34. Ånund Suleskar va ei kjempe,
å Sigri Dysje so grei ei gjente;
men ho svora nei ti' so hæv ein kar,
for der va for audsklegt i Suleskar.

35. Ti' Skåmedal tor eg inkje kåme,
der æ so kaldt der vi' alli tåne;
husi ligg'e ut-å ei rein,
de gustar å blæs'e tileg å seint.

36. De æ dei venast her æ mæ Bykle,
d'æ Ingjer Nesland å Sigri Dysje;
d'æ Ingjer Innestog grei å snål,
å ho staute Guro frå Bjønnarå.

37. Den lisle gjenta frå Raulandsstrondi,
d'æ ho som vev'e dei vene bondi;
ho æ so lettliva, gla å kåt,
hennes mål æ venar hell felelåt.

38. De va so leidt eg sill' guten treffe,
at eg sill' hugjen min ti' han leggje;
den bånehugjen han æ so lei,
han dreg i lengdæ alt mei å mei.

39. De æ so gama å mæ deg tale
um adde minne frå båndomsdage,
som grodd' i hugjen då mi va små,
de æ so gama å tenkje på.

40. Fysst de æ ei du vi' gjønne have,
so ska' du sjalnaste mæ henn' tale,
so ska' di gange i tvo-tri år,
liksom di alli kveraire såg.

41. I lag å sellskap eg guten skydde,
so dei sill' tru eg han lite vyrde;
fysst at eg eisemo att han fann,
å so tott' eg ingjen va grei som han.

42. Den lisle gjenta ho låg i tanka,
ho totte guten på dynnæ banka,
so reis ho upp å vill' slepp'an inn,
då ho sill ti' sjå, va de ingjen ting.

43. Den eine møtte ho ne i gjore,
den aire høyrd' ho på fjoren rodde;
so mange tanka å stor uro,
då ho kom i hug ho ha lova tvo.

44. Den lisle guten, den spretteleggjen,
å ette gjentun' æ han som kleggjen;
å liksom kleggjen so fyk han fram,
fysst gjentun' reiser, so surrar han.

45. Ailei hev eg deg alli lova,
ko bil å bil atte mæ mi stroka;
ailei lovar eg alli hell,
ko bil å bil atte, kvell å kvell.

46. Eg totte gama, eg totte løglegt,
han kom å fria ti' meg so sløglegt;
og sossi slo han sin tale fram:
koss ha du lika ein spilemann?

47. De æ kje undr i um eg æ bleik'e,
som heile sumåre lyt'e breie,
ture mæ drengjo kver laurdagsnott,
å danse sundagjen ette non.

48. Som nutan' blånar fysst solæ dalar,
so blotnar hjarta fysst guten talar;
for kvert de or han hev ti' meg slengt,
æ som regn å sol på ei tjurr'e eng.

49. So æ stevæ å so æ måle,
som fljote hesta på isen håle,
so kve dei stevæ på dalevis,
liksom fljote hesta på håle is.

50. Stevi mi' dei sku alli trjote,
fyrr tryt'e vatne i Åraksfjoræ;
stevi mi' dei gjev alli traut,
de æ liksom regne‿o' skyo raut.



INNLEIDINGAR OG MERKNADER

1. Draumkvædet.

Moltke Moe hev fortalt um då han fyrste gongen høyrde Draumkvædet: «For mit syn stiger et billede frem: den første gang jeg i Telemarken hørte Draumkvædet sunget. En fattig husmandsstue høit oppe i en avdal; høstvind og piskende regn mot ruten; gjennem de gisne gulvplanker en ulidelig træk; og på stabben borte ved gruen, midt imot mig, den bedagede sangerske selv. Hun lette med møie de halvglemte vers frem i hukommelsen, og målet som bar dem, var skjælvende og sprukket. Men eftersom mindet klarnet og stemningen grep hende, fik røsten varme, og de furede, magre kinder begyndte at rødme. Det var koralens høitidelighet, salmens inderlighet, ekstasens henrevethet, av og til som en fjern, dirrende ôm av kirkeklokker. Jeg begyndte at skjønne at dette kvad kunde gå fra mor til datter og fra far til søn i syv hundrede år, magte at fylde slegt efter slegt med sin høihet og sin helhetsstemning. Det var som jeg saa ind gjennem torv og sten til en sunken tid, en tid med oprindelighet og dimensioner og av vidunderlig enkelthet. Men så fjern, så fjern. Den gamle sat for mig som en attegløyme fra længst henfarne dager.»

Dette kvædet, som kunde gjera slik ein verknad, og som hev vore kalla «det 13de århundredes og hele middelalderens ypperste digtning i Norge», hev me berre i ei uheil form. Då det vart uppskrive i

19de hdr., gjekk det endå segner um at det hadde vore mykje lenger. Det som finst, er atterstødor etter eit større kvæde. Men når ein, som Moltke Moe hev gjort, held alle uppteikningane innåt einannan og granskar sjølve emnet i diktet, øygnar ein samanhengen: Olav Åsteson fell jolekvelden i ein djup ekstatisk svevn, og vaknar ikkje att fyrr trettande dag jol. Då rid han til kyrkje, set seg i kyrkjedøri og fortel kva han hev drøymt. Han hev sét livet attum gravi: skirseld, himmerike og helvete. Ferdi til den andre verdi var full av uhygge og redsle. Han laut ned på havsens botn og so uppatt til skyene, der var høge fjell og djupe dalar, og han høyrde koss det dura elvar under jordi, men elles var alt stilt. Og «månen skin'e og vegjine falle so vie». Han kjem til ein stor tornemo og fer yver den, endå han riv sund kåpa si og sting sund føtene, og han når då fram til brui yver til den andre verdi, den gulllagde Gjallarbrui. Ho er ikkje god å gå: heng høgt i lufti, er sett med sylkvasse piggar og tindar, og skræmelege dyr held vakt. Berre dei rettvise sjelene slepp yver. So lyt han vassa yver nokre botnlause myrar, og då fyrst er han komen til den verdi der dei avlidne er, «andre heimen». Fyrst fær han sjå dei fagre solljose engene i Paradiset — «det lyser ivi vene lond». Men det varer ikkje lenge fyrr Guds sæle moder byd honom å fara til Brokksvalene, forhalli til pinslestadene: «der skal domen stande», den fyrebils-domen som sjeli fær straks etter dauden. So kjem den mektuge skildringi av domen med dei tvo herane som møter einannen, djevleheren frå nord på svarte hestar, engleheren frå sud på kvite hestar. St. Mikael lyfter domsbasunen og kallar sjelene fram for domen, og syndesjelene skjelv som ospelauv for vind, og alle græt for syndene sine. — So fer han gjenom skirselden og helvete, «og det

veit Gud i himmerik kor mang ei naud eg såg». Straffi svarar til syndi: dråpsmannen lyt bera den han hev drepe, med seg kvar han gjeng og stend, den som hev flutt merkestein, må bera på gloande jord, den gjeruge som hadde ei «trong» sjel, er smida fast i ei kåpe av bly. Til slutt gjev Olav Åsteson oss den lærdomen som desse takande synene hev prenta inn i honom: gode gjerningar fær si løn i den andre verdi, dei fylgjer den daude på den siste ferdi og vernar han mot vondt; men det gode må vera gjort med heil hug, utan fals; «tunga talar, men sanning svarar på domedag» lyder det manande umkvædet til denne siste bolken.

Draumkvædet høyrer til visionslitteraturen: dei tallause forteljingane som skildrar ei ferd til eller ei burtrykkjing til den andre verdi. Grunnlaget for desse diktingane er ei tru som ein finn nær sagt alle stader og til alle tider, trui um at sjeli lyt gjera ei lang ferd etter dauden, fyrr ho når fram til det landet der ho skal vera. Men utav denne trui hev det vakse fram ei ny tru: at det er mogelegt i levande live å gjera denne ferdi, og sidan venda attende til manneverdi. Frå den kristne millomalderen (serleg etter år 1000) hev me ei mengd forteljingar um slike ferder, og Draumkvædet er ei av dei. Mange av dei einskilde dragi i desse diktingane kann me fylgja attende til gamle-tidi og til Austerlandi, til gresk, jødisk, persisk og egyptisk tru.

Me veit ikkje kven hev dikta Draumkvædet, men det må ha vore ein stor diktar. Og ikkje veit me kvar det er dikta; det er funne i Norig berre, og det er visseleg norsk frå fyrsten; dei fleste uppteikningane er frå Telemark, men ein finn far etter det vestigjenom Agder til inn i Rogaland. Heller ikkje veit me når det er dikta; det likjest mykje på nokre visionar frå tidi ikring 1200 og utetter til

1250 (Godskalks vision 1189, Turkils vision 1206, den norrøne umsetningi av Tundals vision og av Gundelinus's vision), so det må truleg høyra denne tidi til. Det botnar alligjenom på katolsk tru og tenkjemåte.

*

I. Råma åt visionen.

1. *einkvan nytan drengjen* ein eller annan dugande kar. — Kven Olav Åsteson er, veit me ikkje; sume hev meint at det var Olav den heilage; Moltke Moe trudde at Åsteson var ei umlaging av det gamalnorske *ástsonr, ástarsonr*, «kjærleiks son» av *ást*, kjærleik, «Guds elskede søn, *ástsonr*, hvem Herren har vist sin særlige yndest og nåde». Det rimelegaste er kanskje at det er ein elles ukjend mann, som hev heitt Olav og vore son til Åste. Mannsnamnet Ásti møter ein ofte i gamalnorsk tid. — 4. *fljot* rask, snar. — 5. *lestine* dei heilage tekstene (av gamalnorsk *lest* lesestykke). — 6. *gaum* «opmerksomhet», akt.

II. Fyremæling av visionæren.

8. *fotspor fylle* dvs. gjera etter det eg hev gjort. — *bliom* dativform av adjektivet *blid*. — 10. *dikje* n. hengjemyr, søylehol, pøl. — 11. *vigde vatne* det vigde, heilage vatnet, den fløymande elvi i dødsriket. — 12. *ferde-mo* mod (trøytt) av ferdi. — 13. *sote* m. svart hest, her um helhesten. — *ottefuglan'* morgonfuglane, dei fuglane som syng tidleg um morgonen. — 14. *auromheim* den andre verdi. — *trå* langvarig, som gjeng langsamt. — 15. *kvòrjom* kvart (dativ av *kvòr* kvar og ein. — *fro* vis, kunnskapsrik (av gamalnorsk fróðr).

III. Ferdi til dødsriket.

16. *uteksti* er ei forvending og samanblanding av tvo av dei vanlegaste ordi i visionslitteraturen: *extasis* visionær burtrykkjing, og *exitus* utferd, um sjeli som fer ut or lekamen. — *tynnyrmog* tornemo. Etter dei millomalderlege visionane var det på grensa av den andre verdi ein milelang mo, tettsådd med torner, som flengde sund føtene på ferdamannen. Tornene stod so tett at moen vart likna innåt ei hekle (sjå *heklemog* i str. 46). — 18. *Gjallarbrui* var

etter den heidne trui den gull-lagde brui yver elvi Gjǫll; yver denne brui fór dei til Hel. Her hev Gjallarbrui falle saman med den trådsmale brui som dei kristne i millomalderen trudde var millom denne verdi og åndeheimen; dei meinte at ho var sett med kvasse piggar, og at skræmelege dyr heldt vakt der. — *i vinde* i lufti. — *odd* hokyn av all: heil; heile brui er gull-slegi, og det er spikar-oddar på kvar ein tind. — 19. *ting* her: skapning, vette. — 21. *Våsemyrane* eller *Gaglemyrane* er dei uhorvelege søkkjemyrane som etter den millomalderlege trui fanst i dødsriket og som seinka sjeli på vegen hennar. — 22. *der hev kje sta'i meg grunn* eg fann ikkje grunn nokon stad. — *med rapa moll i munn* med gravmold i munnen, dvs.: som daud mann. — 23. *krok* mothake.

IV. Ferdi i dødsriket I.

24. *votno dei* dei vatni. — *brunne:* brann (impf. fl.). — *blå* svart (jfr. kolblå = kolsvart); «der isane brann svarte», dvs. der det samstundes var isande kulde og brennande hete; denne pinsla møter ein jamleg i skildringi av livet etter dauden i visionane. — 25. *med raue gull på hende* med raude gullringar på handi. — 26. *Grimaråsen:* visionane talar ofte um ein stor ås i den andre verdi. — *Skålestrond* husstrandi (av gn. skáli hus, stove). Visionane nemner fleire gonger hus i den andre verdi. Pave Gregor den store talar i sine «Dialogi» um nokre hus som ligg ved dødselvi; der bur dei som nok hev gjort godt her i verdi, men som hev sulka sjeli med kjøtslyst. — *Gjallarhylen* høl i elvi Gjǫll, som Gjallarbrui gjeng yver. Visionane fortel um koss ein lyt vassa elvar i dødsriket, og veit um fleire vegar for sjelene: di syndugare sjeli er, di verre er dei å fara. — 27. *vetterstig* vetterbrauti, vettervegen; mange stader trur dei at vetterbrauti er eit slag sjeleveg, som dei avlidne gjeng, når dei fer til den andre verdi. — 28. *Brokksvaline* tyder kanskje forhalli til trengslone (av eit gamalengelsk ord broc naud, trengsle).

V. Fyrebilsdomen.

29. *Pilegrimskyrkja* er det same som brokksvaline. — 30. *Grutte gråskjeggje* er djevelen. — *brass* n. sverm, sleng, låkt fylgje. — 32. *såle-Mikkjel* «sjele-Mikael». Etter den katolske trui er erke-engelen Mikael hovding for Guds englehær; han tek imot sjeli, når ho fer ut or lekamen (av det kjem namnet såle-Mikkjel); han veg dei vonde og dei gode

gjerningane på vekti si, og viser sjeli til den staden ho skal vera fyrebils (til domedag). — 33. *tvist* stilt. Når Kristus er med her ved fyrebilsdomen, so kann det snaudt vera upphavlegt i kvædet. Fyrebilsdomen er truleg seinare blanda saman med den endelege domen på domedag. — 37. Her møter me den trui at alle til slutt vert sæle, ei tru som ovrar seg her og der i visionane, men som kyrkja aldri stadfeste.

VI. Ferdi i dødsriket II.

38. Kva andre lina tyder, er uvisst. — *gjekk i jordi til knes;* det er ein dråpsmann som gjeng og ber på den han hev drepe, og den drepne er so tung at han søkk til knes i jordi. — 39. *åt manne dei* av det gamalnorske at manni þeim «åt den mannen». — *i dessom heime* i denne verdi. — 40. *deild* f. merkestein, marke-skil. — 41. *bonno dei:* av gamalnorsk bǫrnum þeim dei borni. — *støje* stod (impf. konj. av *stande*). — *banne burt* forbanna. — 42. *hoggje* hogg (impf. av *hogge*). — 43. *tvei* tvo. Dei fær si straff, for di dei gifte seg, endå dei var skyldfolk. Den katolske kyrkja hadde strenge forbod i den vegen. — 44. *Syslehuse* er straffestaden for trolldom. Namnet heng kanskje i hop med det gamalengelske sûsl sorg, pine, straff, serleg um dei evige straffene. — *vinne* f. arbeid. — 45. *hyggje* tenkjer. — *tjørukjetil* tjørekjel. — *brytje* lema sund, hogga kjøt smått til koking. Medan dei straffene som er umtala i str. 38—43 er i purgatoriet, reinskings-staden, so er straffi her (og truleg i str. 44) i sjølve helvete.

VII. Løni for gode gjerningar.

46. *i føesheimen* her i verdi, medan ein lever; *føesheimen* tyder den verdi der ein hev sitt føde, upphelde. Meiningi er: Sæl er den som her i verdi gjev den fatige sko. — *heklemog* sjå str. 16. — 47. *sumlug* svimrug, «svimmel». — 48. *horsk* harsk. — *gau* gøying. — 50. *hææ* hæde, spott. At djevlane hæder og spottar syndesjelene, er eit heller vanlegt drag i visionane. — 51. *kjellarbræe* er truleg dei store is-mengdene som er umtala i mange visionar og her i kvædet str. 24.

2. *Maria.*

Det er ikkje nemnt i visa kven denne «kvinna» er. Men av innhaldet og av namnet i andre former av visa, kann ein sjå at det er Maria Magdalena som er meint.

Sjølve Bibelen fortel ikkje stort um henne. Ho fylgde med Jesus frå Galilæa; i Lukas 8,2 er det sagt at sju vonde ånder var farne utor henne, og i tillegget til Markus stend det at det var Jesus som dreiv dei ut. Ho var med millom dei kvinnone som stod eit stykke undan og såg på, då Jesus vart krossfest. Like eins var ho millom dei kvinnone som drog til gravi og vilde salva Jesu lekam, og tillegget til Markus segjer at Jesus synte seg fyrst for Maria Magdalena, etter han var uppstaden.

Alt tidleg tok dei til å tru at denne kvinna var den same som Maria, syster åt Lazarus, og som den synduge kvinna som salva Jesu føter. Ikring år 600 slo pave Gregor den store dette fast. Men det er fyrst i den seinare helvti av millomalderen at me finn legenden um Maria Magdalena. Legenden fortel at ho var ei fager kvinne av kongeleg ætt. Ho førde eit syndugt liv, til Jesus fekk umvendt henne til anger og bot. Då dei kristne i Jerusalem vart forfylgde og Stefanus leid dauden, vart Maria, Marta, Lazarus og mange fleire sette ut på det opne havet i ein båt utan ror. Dei kom til slutt til Marseille. Maria arbeidde ei tid med å kristna landet, men drog seg so attende til øydemarki og levde der i 30 år. Ho vart metta av englesong, ikkje av jordisk mat. Det var Marta som levde i sju år i skogen, åt gras og røter og frukter og sov på kvister med ein stein til hovudpute.

Det er på legenden at den vidgjengde folkevisa um Maria Magdalena byggjer. I dei romanske landi

held visa seg i det heile til legenden, men i England og dei nordiske landi er legenden blanda saman med den bibelske forteljingi um den samaritanske kvinna.

Visa må ha kome til dei nordiske landi i millomalderen alt; ein ser det m. a. av at ho reknar med prestecølibatet.

*

1. *sål* sjel. Jfr. umkvædet i Draumkvædet: Tunga talar og sanning svarar på domedag. — 4. *tvei* tvo. — 11. *allervesst* allerverst. — 12. *skrifte* i skriftemålet setja ein til å gjera eitkvart til bot, refsa. — 15. *skrift* f. refsing, straff (eig. skriftemål, pålegg som skriftefaren gjev den som skriftar). — 16. *snjor* m. snø. — 17. *blikna* bleikna. — 24. *til din* til deg (*din* er gamal eigeform styrd av *til*).

3. *Torgjusdøtrane.*

Denne visa finst i alle dei nordiske landi, men her i Norig hev me ingi uppteikning som er fullstendig på slutten; kvedarane kunde berre i stuttmål fortelja koss det gjekk.

Det finst ei fransk, provençalsk og norditaliansk vise som hev dei tvo hovuddragi den nordiske visa er bygd upp på: dotteri vert drepi av røvarar ute i skogen; røvarane kjem til foreldri hennar, mori kjenner att nokre eigneluter som dotteri hev havt, og mordarane vert tekne.

Denne sud-europeiske visa hev kome til Norderlandi, og der hev dei sett til eit par drag, som halvvegs hev gjort henne til ei religiøs vise. Ein finn i vår vise, som i fleire norske visor, ei umstendeleg skildring av koss den fagre høgborne møyi klær seg i sin beste bunad. Men her er dette draget sett saman med at møyi er so likesæl når det gjeld kyrkje-

gonge; ved stasen hennar vert det noko syndigt, som fortener straff, og ho må lata liv. Men diktaren hev ikkje makta å gjenomføra dette. Han hev samstundes medkjensle med møyi, av di ho fær so hard ei refsing. So let han ljos tendrast på mordstaden til å syna at ho hev sona syndi heilt og vorte heilagmenne. Det synet visa hev på møyi, svingar heilt um, og det vert poetisk noko usamanhangande og uheilt ved visa. Men det let seg tyda ut frå millomalderleg katolsk synsstad. Ho gjorde ei grov synd, då ho neitta å gå til kyrkja og lyda messe. Men ho sona alt med dauden sin, og det hender straks eit under som viser at det er so.

*

1. *tvei* tvo, er hankynsformi, som er nytta her til å få rim på *dei*. — 2. *bur* = jomfrubur. — *prud* ven, staut. — 3. *din* genitiv av deg, styrt av *biar*. — 8. *rekkjer* løyser upp, slær ut. — 10. *hovugull* hovudprydnad av gull (kjennemerke på møyi, den gifte kvinna bar «de kvite lin»). — 11. *aksla* tok på seg, kasta yver herdane. — 13. *vaddare* ferdafant, tiggar (gn. vallari). — 14. *Maria møy* jomfru Maria; å tena Maria møy vil segja å vera nonne. — 16. *kvåre* kva for ein av tvo ting. — *skjosklege* skjotleg, snøgt. — 18. *brå* lyna, blinka. — *hoggje* hogg (impf. av *hogge*) — *lytir* av *lyt* el. *lut* del.

4. *Den vonde stjukmori.*

Dette er ei mykje vidgjengd vise. Ho finst på norsk, islendsk, færøysk, svensk, dansk, tysk, vendisk, bøhmisk, polsk, littauisk, estlandsk. Det er gjort ovmange uppteikningar av visa i dei nordiske landi. Ein kann greidt sjå at det upphavleg hev vore ei og same visa, men det hev vakse fram ei mengd avbrigde med mange nye episke drag. Ho hev vore so umtykt og sungi med slik samhug at det hev lokka til nydiktingar.

I Norig hev me tvo formingar: ei kjølegare og mindre fager, men kanskje upphavlegare form, der den avlidne mori kjem til borni i heimen; og ei meir kjenslerik, som hev det takande draget um at borni gjeng til gravi åt mori og græt henne tibake til jordarriket.

Visa byggjer på den gamle tanken at samanhengen millom denne verdi og livet på hi sida av gravi ikkje er heilt broten, men at dei avlidne i visse høve kann koma attende til jordi. Ofte finn ein fortalt at dei som lever att, kann gråta den avlidne tilbake til jordi. Eller au kann det vera at den avlidne gjeng heimatt, av di han hev noko ugjort eller noko å retta på i denne verdi.

Trui på at den avlidne kann fylgja dei som lever etter, i deira glede og sorg, kjem au vent fram i den danske folkevisa um «Fæstemanden i graven». Der kjem den avlidne festarmannen um natti til festarmøyi si og bankar på. Ho slepper han inn, og han fortel då:

For hver en gang du græder,
din hu gjøres mod,
da står min kiste forinden fuld
med levret blod.

For hver en gang du kvæder,
din hu er glad,
da er min grav forinden omhængt
med rosensblad.

Jamsides med dei gamle formingane av visa um den vonde stjukmori, er Rahbeks umdikting: «Den fromme fru Signe på sotteseng lå» vel kjend her i landet.

*

1. *på follo* på jordi (av *fold* jord, land). — *unde mollo* under moldi. — 3. *åtte bonni tri* fekk tri born. — 4. *sjukje* farang, smittsam sjukdom. — *laest* vart liggjande sjuk. — 6. *hòre* kvar (*hòr* kvar, *hoss* korleis). — 8. *skòe* skoda, sjå etter. — *hoss skoren er trødd* korleis gonglaget er. — *hòr*

ho er fødd her: kva folk ho er av. — 11. *jarda* jorda, jordfesta. — 13. *båre* bar (fl.). — 16. *kind* barn. — 23. Når hanane gjel, må etter gamal tru attergangarar i grav, og ymis trollskap vert maktlaus. — 25. *stjukson* styvson, «stifsøn». — 26. *lyen* lett å høyra, lyd. — 31. Den raude, den kvite og den svarte hanen finn ein umtala i mange folkediktingar. — 35. *tiom* tidt, ofte (gn. tíðum). — 39. *stri* streng, hard.

5. *Kvikjesprakk.*

I Norig og på Færøyane hev dei havt diktingar um tri brør, Kvikjesprakk, Iven og Brand, som alle var storkjempor. Heile denne diktkrinsen synest å ha kome upp i seinare luten av millomalderen, og må vera nydikting på gamalt grunnlag. Som ein vil sjå, er folkevisone um Kvikjesprakk og Iven Erningsson uvanleg lange til norske folkevisor å vera, og likevel kann ein merka — helst i visa um Iven Erningsson — at mykje må vera burtkome. Visone er knytte saman ved det at Iven er med i båe, og i færøysk er det beintfram so at både Kvikjesprakk-visa og Iven-visa er tætter av eitt stort kvæde: Ivint Herintsson.

Kjempa Kvikjesprakk høyrer ein ikkje um i dei gamle sogone. Men likevel er visa um han dikta endefram etter soga um Rolv Gautreksson. Soga hev vorte avstytt og hendingane samandregne, men emnet er lett å kjenna att likevel. Rolv Gautrekssons saga fortel um tri vande beleferder, og det er forteljingi um den tridje og vandaste som ligg til grunn for visa. Åsmund, fosterbror til Rolv Gautreksson, aktar å fri til Ingebjørg, dotter av irekongen. Dei tel han ifrå, men han dreg av stad likevel. I England slæst Åsmund og Rolv med ei løve, som tvo av mennene åt Englandskongen med svik hadde slept laus på dei; men dei fær hogge løva i hel.

— Då dei kom til Irland, tok ire-kongen imot dei med spott-ord, det vart strid, og både Åsmund og Rolv vart fanga og kasta i ei djup hole. Men kongsdotteri Ingebjørg sytte for mat og drykk til dei, og um ei tid fekk dei hjelp frå heimlandet sitt. Ire-kongen vart fanga og laut festa dotter si til Åsmund, men han fekk halda livet, av di dotteri hadde vore so hjelpsam.

Som ein ser, er det mest same forteljingi som i visa. Men namni er umbytte, som so tidt i visor som er dikta etter sogor. I eit færøysk avbrigde av visa finn ein att namni Ingebjørg og Irland, so namnelikskapen med soga må ha vore større frå fyrsten. Namnet Rosamund hev kome inn frå den gamalnorske Elis saga ok Rosamundu, som me hev i ei handskrift frå Sudvestlandet.

*

1. *våre* var (fl.). — Dei tri Erningssønene er Kvikjesprakk, Iven og Brand. Kva dette um å vinna hjelmen siktar til, veit me ikkje. Visa er her noko uheil. — *Julland* Jutland, hev kome inn i staden for Gautland i soga. — 2. *gilje* bela, fri. — 3. *I de sama sinne* i same stundi, med det same (*sinn* n. gong, tid, stund; jfr. nokosinne, her i sinn o. s. b.). — *Girkland* er gamalnorsk namn på Grekarland. — 5. *freiste* røyna seg hardt. — 6. *hovdreng* riddarsvein. — 7. *live mi'* livet mitt (dat.). — *'o* honom. — 11. *hestesvein* stalldreng. — 12. *dige* digre (fl. av *dig'e* diger). — *finne* råka og tala med. — 13. *skjemst'e* stuttaste (av gn. skammr stutt). — 14. Tridje lina er uskynande. — *skjæv'e* skjelv. — *raust* modig, dugeleg. — *dreng* dugande kar, vaksen mann. — 15. *med vigdo* der det bur folk, frammed dei vigde kyrkjegardane og dei dyrka markene. — *long* gamal hokynsform av *lang*. — *Byrteskogjen* er truleg ei umlaging av det mytiske namnet Bertangaskog i Didrikssaga; i visa er namnet sett i samband med grendenamnet Byrte i Mo i Telemark. — *gòtu* f. veg; helst nytta um smal veg med gjerde på sidone. — 16. *snarp* rask, snøgg. — *valske milir* er fleire gonger nemnt i folkevisor og gamalnorske sogor; *valsk* velsk, som kjem frå eller høyrer til Valland (Nord-Frankrike). — 19. *hjarteblaug* reddhuga. — 20. *ihjå* hjå seg,

ved sida. — 21. *helsarmål* røyst til å helsa med. — *finne åt* lasta, spotta. — *i freo* i fred. — 22. *mål* ærend, sak. — *kunna* fortid av *kunne*; her: skyna seg på, ha dugleik til. — 23. *hå* håd, hæding. — 24. *rå* her ikkje rettleiding, men = gn. ráð giftarmål, parti. — 25. *kipt* rykt. — *i fjalar* i golvet (*fjalar* gamalt fleirtal av fjøl; gn. fjǫl, fl. fjalar). — 26. *tilje* golvtilje, golvplanke. — 27. *brøysk* skøyr, veik. — 28. *veie* fella, fanga. — 29. *tålde* talde (av telja). — 30. *branke* skada, brjota, forvrida. — 33. *toss* tottest, tyktest. — 34. *hoggje* hogg (impf. av *hogge*). — 36. *mo* mod, trøytt, sliten. — 37. *og bar* og bar mjøden fram til gjestene. — *i sesse han sat* i sætet der han sat. — 38. *fjotur* fotlekkje. — *bejar* lekkje (gn. beja). — *myrkestoga* fengslet. — 40. *radt* snøgt, skjott. — 41. *kasta tavl* spela brettspel. — 42. *med* = *med di at* sidan, av di. — *hot ein* utan ein, berre ein kjem att. — 45. *satt* sant. — 46. *trøyte* venta, drygja, tøvra. — 47. *han sinom borde skaut* støytte til, velte bordet. — 52. *til min* til meg. — 53. *eg er inkje um* eg bryr meg inkje um. — 55. *brå* lyna, glimta. — 56. *me* meg. — 57. *øye* slita på, bruka so det vert ringare. — *heile* hjerne. — 59. *alle* heile. — 61. *karsk* rask, kvik. — *hurd* dørskive (*dynn* tydde i gamal tid berre døropning). — 63. *væl av sin styrkjen naut* hadde godt gagn av styrken sin. — 64. *drepa hauk og hund* vil segja å drepa alt både folk og fe. — 65. *av trauste* med heil hug. — 68. *eitt* ein ting.

6. *Iven Erningsson.*

Denne visa er ikkje som *Kvikjesprakk* bygd på nokor soge som me no hev; men mange av dei einskilde dragi kjenner ein att frå dei gamalnorske romantiske sogone, som vart umsette frå fransk i kong Håkon Håkonssons tid og utetter.

Iven er ingen annan enn den store kjempa Ivein eller Ivent, ein av dei gjævaste kjempone hjå den keltiske segnkongen Artur. På gamalnorsk hev me ei heil saga um honom; men det er andre kjempeverk dei fortel um han der. I visa er dragi um sjukdomsdrykken og koss Iven vart løynd, lånte frå Mirmants saga. Mykje av forteljingi um Galite

er teke frå det franske kjempekvædet Galien. Ferdi til Trollebotn er eit vanlegt drag i trollvisone (jfr. nr. 14: Hugaball, og nr. 10: Steinfinn Fefinnsson). Som ein vil skyna av dette, må visediktaren ha havt god kjennskap til dei gamle sogone, og ein kann segja at denne visa er halvvegs ei lærd etterdikting.

*

1. Ein må tenkja seg at Iven og fylgjet hans er ute i skogen og myrkret kjem yver dei. — *til sine monno* til mennene sine. — *Me vil kon åt garde giste* me vil gjesta oss på ein gard. — *gladt* av *glad* bjart, strålande; her um rustningi. — 3. *ekkje* enkje. — 5. *beidast* krevja. — *av ekkjunne* av enkja (dat. eint.). — 7. *gama* glede, moro. — 9. *breste* vanta, skorta, svikta. — *bitrebranden* det kvasse sverdet. — *feste* festa til giftarmål, trulova. Det var sume stader skikk at dei skulde halda i sverdet når dei gjorde ein eid eller høgtidsam lovnad. — 10. *mo'i minne* mor mi (*minne* er dativform). — 12. *med valle* med vald. — *i sterke halle* i hard pine, i vondt hald. — 13. *meg nauige tok* valdtok meg. — 14. *vinne bot* skaffa betring. — 15. *kind* barn. — *snjall* dugande. — *ryse* rise. — 16. *eig'e* fær, lyt. — *tomt* i ro (av gn. adj. tómr fånyttig, ledig). — 19. *åt mine hollo* til mine haller. — 20. *fange* taka på, skakka. — 25. *åt stundo dei* til den tidi. — *frid* ven. — 27, 28. Ein slik snøgg vokster finn ein ofte i folkevisor og eventyr, t. d. folkevisa um Hugaball (nr. 14) og eventyret um Lange-Jon. — *i ollom aldre si* i heile si levetid. — 29. *sopp* ball. L. 3—4: det vart blått der ballen berre kom eit litegrand innåt; det var ikkje leik for kvinnor. — *styrme* strøyma til. — 30. *skulebrøane* skulekameratane. — *honom vreie* vreide på han. — *sømre* sømelegare, høvelegare. — 32. *gjordest* vart. — *steistoga* steinstova. — *sæl* kjær. — 33. *hot hev de min fairen vorti* kva hev det hendt far min. — 34. *i blygslo stande* skjemmast. — 36. *Sølondo* Sudlandi. — *jallsson* jarleson. — *snurrfant* vesalmann. — 40. *heilevåg* lækjedrykk. — 41. *kjose* velja ut, taka fyre. — 43. *sylvbudd* sylvprydd, innlagd med sylv. — 44. *unde lin:* ei gift kvinne eller ei enkje bar ein hovudduk av kvitt lin; møyi bar hovudgull. — 45. *so tok han i evne* han tok i [det] *evne* (dvs. årsak) til å segja. — *glipegarp* spottar, skjemtegauk. — 46. *mentaskap* mannsleg, fin framferd. — 47. *lyvhonn* lækjehonn (*lyv* medisin, lækjedom). — 48. *dannis* dugande, fullgod. — 49. *med sveitte* so

han sveitta. — 51. *gjurda* gjordi, sålgjordi. — 52. *frægde* = *fræge* vidgjetne. — 54. *i loftssvolo* i svali på høgeloft. — *avringskjempe* yvergongskjempe, ovleg stor kjempe (=gn. afrekskappi). — 56. *jønn* jarn. — 57. *frå odd til ende* frå ende til annan. — 59. *i beste bragje* i beste velmakt, i beste alder (av *brag* m. velmakt, glans). — 60. *brjote stong* brjote lanse (um riddarar). — 64. *fyg* fylg. — 67. *på sinne sengji* på sengi si (dativ). — 68. *bære* betre. — 69. *lyvi oll* fullkomen, heil lækjedom (*oll* n. fl. av *all*, gn. ǫll). — *holl* hall (gn. hǫll). — 72. *bratt* brått. — *Trollebotn* tyder Trollviki. Forfederne våre tenkte seg at Nord-Norig var landfast med Grønland, soleis at sjøen mot nord vart ei stor vik, Trollabotnar; der høyrde troll og risar heime. — 73. *mugg* my, «mygg». — 74. *hotto* hattane (dat. fl.). — *koss* sagde seg (av kvedast); han sa at han ikkje vilde spara våpni. — 75. *oll* alle (inkjekyn fl.; gn. ǫll). — 77, 78. Mest heile forteljingi um ferdi til Trollebotn er gløymd; berre desse tvo strofane stend att. — 80. *två og trjå* tvo og tri (akk. fl.). — 81. *manne dei* den mannen. — *beite brande* få sverdet til å bita. — *skiringsnavn* døypenamn. — *slott* dagdrivar, landstrjukar. — 86. *rau* fortid av *rjoe* gjera raud. — 87. *mun* skilnad til det betre, bate, fyremun.

7. *Balle Buansson.*

Dette er ei av dei mest kjende brurerovs-visone. Her i landet er ho funni i Telemark, Setesdal og Vest-Agder. Den formi som er prenta her er frå Setesdal. I Telemarki plar helten heita Palmen (eller Palle) Burmansson.

Visa er kjend i Sverike, Danmark og på Færøyane. Det ser nærast ut til at ho er dikta i Skåne.

*

4. *sjala* vitja. — 5. *fulltekjen* fullt dugande, fullgod. — 9. *brumøsse* brurmesse, messe ved eit brudlaup (gn. brúðmessa) — 14. *rei* riding, måte å rida på. — 15. *gjengje* fylgje. — *trått* lengta etter. — 16. *sett'æ uppmed sitt bak* sette henne attum seg på hesten. — 19. *spilar* leikar, ledar på seg. — *silkjelinde* silkebelte. — 21. *tvæ* tvo (hokyn). — *mår* mårskinn. — 23. *hauk* vart nytta på veiding. — *stie* f.

av gn. *stía* avgjerdt rom til fe. — *rieklæe* ridedrakt. — 28. *ko* kva. — *flytje ei brur* vil segja: føra heim ei brur. — 29. *sverje seg til mein* gjera galen eid (jfr. meinsvoren). — 32. *dynni* døri. — 38. *ekkje* enkje.

8. Herren Jennår.

Emnet i denne visa gjeng attende til ei gamal forteljing um Rosamunda, dronningi åt den vidgjetne longobardkongen Alboin. Kronisten Agnellus frå Ravenna, som skreiv ikr. år 834, fortel dette um Rosamunda: Ho drap mannen sin Alboin (573). Til det fekk ho hjelp av ein tenar Helmichis. Ho rømde i lag med Helmichis, og gifte seg sidan med honom. Dei kom til Ravenna, som då stod under byzantinsk styre, og der rådde ein stathaldar Longinus. Han vart hugteken i Rosamunda og bad henne få Helmichis or vegen, so vilde han gifta seg med henne. «Ein dag då Helmichis kom ut or badet, kom Rosamunda med ein kalk med vin og gift. So snart han merka at det var ein daudedrikk, tok han kalken frå lippone og gav han til dronningi med dei ordi: «Drikk du au saman med meg!» Ho vilde ikkje. Då drog han sverdet og stod yver henne med: «Drikk du ikkje, so stikk eg deg!» Anten ho vilde eller ei, laut ho drikka, og i same stundi døydde dei båe.»

Denne forteljingi er nytta i den kjende norditalianske folkevisa um Donna Lombarda (av Domina Longobardorum, dvs. den lombardiske kvinna eller dronningi). Ein kann steg for steg fylgja utviklingi av denne visa, ettersom ho vandrar frå Nord-Italia aust- og nordetter til albanarane og dei slaviske folkeslagi, og vest- og nordetter til Pyrenearhalvøyi, England og Norderlandi.

*

4. *gård* og *står* danske former for *gard* og *stend*. — 5. *til min* til meg (gamal genitivform styrd av *til*). — 6. *Kjersti* er terna hjå fru Ingebjørg. — 7. *kje hot* berre. — 9. *hellå* eller òg. — 10. *so grande* so fint, so smått. — 11. *sjov* sjølv (hokynsform; hankyn heiter *sjav* i telemålet).

9. *Villemann og Magnill.*

Mange av dei nordiske folkevisone gjeng um menneske som vonde vette fær vald yver. Til denne krinsen høyrer vår vise, berre at her er det ein vond lagnad som gjer at nykken fær makt yver Magnhild. Men den kjærleiken som Villemann ber til henne, gjev honom større makt enn dei vonde vetti; han fær jamvel vendt sjølve lagnaden og bergar henne.

Skildringi av den underfulle makti det ligg i tonane, er det mest sermerkte ved visa. Sovorne skildringar finst hjå mange folk, men forteljingi her i visa minner mest um den greske Orfevs-segni. Den trakiske songaren Orfevs vart gift med ei nymfe Evrydike. Ein dag ikkje lenge etter brudlaupet gjekk ho yver ei eng. Der vart ho stungi av ein orm som låg løynd i graset, ho døydde og fór til skuggelandet. Men Orfevs tolka si sorg so fagert på lyra, at fuglane og dyri i skogen, og jamvel tre og steinar fylgde etter han. Til slutt fór han ned til daudeheimen, og song so vedunderleg til lyra at Evrydike fekk lov til å fylgja han attende, men berre på det vilkåret at han ikkje skulde snu seg og sjå etter henne, fyrr dei var heilt uppe på jordi. Dette heldt Orfevs, til han såg dagsljoset frå opningi i jordi; då glytte han attum seg, og med det same kvarv Evrydike for alltid.

Denne segni var vidgjeti både i gamletid og millomalder. Ho kom til dei keltiske folki au. Etter ei bretonsk forming tok ein engelsk diktar seg fyre

å laga henne um til ei romanse, *Sir Orfeo.* Her er det myrke og tragiske ved den greske segni teke burt. Daudeheimen er umbytt med alvelandet, og kjærleiken sigrar heilt, med di songaren vinn den han elskar attende og lever lukkeleg med henne.

Det engelske diktet skildrar det me vilde kalla ei bergtaking, men vår vise skildrar ei burtføring til vassheimane: det er nykken som tek Magnhild. Dette hev kome inn frå ei tysk-vendisk folkevise, *Møyi som druknar.* Den nordiske visa er komi upp ved at ein diktar hev sameint tvo segnstraumar, ein frå England og ein frå Tyskland, og ho er kjend i Danmark, Sverike, Norig og på Island. I Vest-Telemark hev dei bytt um det framandslege namnet Villemann med det heimlege Gaute, og med namni Gaute og Magnhild hev so visa kome til Island.

*

1. *møy* festarmøy. — *prud* ven, staut. — *leike* spela. — *gulltavl* n. brettspel med terningar eller brikkor av gull. — *bur* n. jomfrubur. — *lifleg* (dansk) ljuvleg. — 3. *gråte* (med objekt) gråta for. — 7. *holl* n. her: mi kvite hud, min vene skapnad. — 9. *bonns* for *botns*, eigeform av *botn* m. Det er ikkje fyrst og fremst for systerne sine ho græt, men for di det er spått at ho sjølv skal missa livet sitt på same staden; i andre formingar av visa heiter det beint fram: «De er spått eg skò drukne i Vendels å». — 14. *folloge* f. forloge, lagnad. — 16. *let si ferd i rekkje* skipa fylgjet sitt i rad og rekkje. — 18. *raut* fall, gleid (av *rjote).* — 19. *stolt* fornem, byrg (nytta um høgætta kvinnor). — 25. *leik* m. slått, musikk-stykke. — 26. *leika av topp, leika av tre* spela so topp og tre gjekk av. — 28. *den eine*, dvs. Magnhild, *dei tvo* dvs. dei tvo systerne til Magnhild, sjå str. 9. — 30. *sprakk i hardan stein* vart til stein, sprang i flint; *sprakk* er ei gamal form for sprang. — 31. Det Magnhild segjer hev fyrebiletet sitt i Lukas evangelium XI, 27: «Sælt er det liv som bar deg, og dei brjost som du saug». — 32. *å* eig (av *eige*).

10. Steinfinn Fefinnsson.

Dette er ei typisk trollvise. Ho fortel um ei ferd til Trollheimen; Skumehei er eit av dei mange namni som folkevisone hev på heimstaden åt trolli. Fyremålet med ferdi er her i visa, liksom i fleire trollvisor (Åsmund frægdegjæva, Kappen Illugjen, Hugaball) og i mange eventyr, å berga kvinnor som trolli hev teke.

Men Steinfinn-visa hev ikkje fenge hovudemnet sitt frå andre visor eller frå eventyri. Ho hev det frå ei norrøn soge, Orvarodds saga. Det som mest skil Steinfinn-visa frå andre trollvisor, er at Steinfinn hev nokre piler som hev vorte makelaust gode ved trollråder (han hev late dei «i mjøllo slipe og slå» i tvo vikor). Då det kjem til strid med trolli, råkar han gyvremori med desse pilene, fyrst i augo og so i hjarta. — Um Orvarodd er det fortalt at han hadde nokre makelaust gode piler som råka alt det han skaut på. I Risaland skaut han båe augo ut or eit trollkvende med dei. Sidan gjekk han ein gong i ein stor skog, og der var han um natti hjå ein ukjend mann og fekk av honom tri piler til, som var endå gjævare enn dei han hadde fyrr. Desse nye pilene nytta han ein gong i ein strid mot ei trollkunnig kvinne, og han råka henne fyrst i augo og so i hjarta, like eins som Steinfinn i visa råkar gyvremori. I visa er desse tvo gongene Odd skyt, blanda saman. Det er likevel lett å sjå at visa hev lånt emnet frå soga. Visediktaren hev sett det inn i ei råme som var vanleg i visor og eventyr, med di han let Steinfinn draga ut på leiting etter dei bergtekne systerne sine og berga dei.

I Norig kjenner dei visa i Vest-Telemark berre, og i Sverike hev dei funne henne ein einaste gong.

Ho er truleg dikta i Sud-Norig; der hev dei, som me skal sjå av næste visa, halde uppe minnet um Orvarodd heilt til våre dagar.

*

1. *komumann* gjest, framand. — *bonden* er tiltale-form; i folkevisone kann dei nytta den bundne formi i tiltale au. — *fell* eit firkanta plagg som vart nytta til ferdaplagg og sengjeplagg. — *Steinfinn* er eit vanlegt gamalnorsk namn. *Fefinn* er ikkje kjent elles; det må tyda «den rike Finn». — 2. *æventy* eventyr stend her i den gamle tydingi: hending, livshending, forteljing, soge. — 3. *tvæ* tvo (hokyn). — *Skumeheiar* dei myrke heiane (av adj. *skum;* jfr. Trollebotn «der ingjo soli skin»). — 4. *tamd* øvd. — *longe* for lenge sidan. — *silt* skula (perf. ptc.). — 5. *virkeviku* arbeidsvike; jfr. virkedag. — *mjøll* laus og turr snø. — *slå* hamra, smida (jfr. slå saum, slå mynt) — 6. *heimekoma* heimferdi, vegen heim. — *heii* Skumeheii. — 7. *sote* svart hest. — *i skrimslo ser* fær ein glytt av skrymtet (*skrimslo* dat. fl. av *skrimsl(e)* skrymt, troll). — 9. *fyresynt* synt fyreåt koss han skulde fara. — 11. I ordlagi «unde sotehalsen», «unde hestebarkje» hev me leivor av ei utgamal folketru um at ein kann sjå yvernaturlege ting når ein ser igjenom eit hol. Det kann vera lykleholet i ei kyrkjedør, skokleauga, eit hol etter ein kvist i ein planke o. s. b. Dyri kann sjå vetti; når ein køyrer og hesten tverrstansar, skal ein sjå under hudlaget eller gjenom beisleringen, og då vil ein kunna verta vis med um det er vette eller skrymt som held hesten. Steinfinn ser vel gjenom beisleringen eller millom føtene på hesten. — 12. *mumre* tala med naseljod, «snøvle». — *Gyvremori* er den gamle gygri, trollmori. — *Skjessa*, gn. s k e s s a, tyder beint fram jøtunkvende; skumeskjessa er då det myrke jøtunkvendet. — 13. *sjave seg* seg sjølv. — 15. *til måte* til rette tid, til pass. — 17. *rjote* pres. fl. av *rjote (ryt, raut, roti)* falla. — 18. *av avle* med makt, med velde. — *fyk av fonno skavle* som fyk av den gamle (forne) snøskavlen. — 19. *trjote* taka ende, slutta. — *augnemot* romet millom augo. — 20. *utav hondo skaut* skaut pili av stad. — *granine* lippehåri, munnskjegget, vêrhåri. — *raut* impf. av *rjote* spretta, falla. — 21. *han la på trea streng* må vel tyda «han skaut tridje skotet». — *hjartespreng* det som sprengjer hjarta. — 22. *i harde* av adjektivet *hard;* ein må tenkja seg til eit ord som «naud» el. likn.: «då ho fall i hard naud». — 23. *gjorde seg av eit gama*

hadde det til moro. — 24. *fæle* reddast. — 25. *kvorjom* kvart (dat.). — 27. *fim* rask, snar («fim på foten»); *fimom fote* er dativ eint. — 28. *sprunge* sprang (fl.). — 30. *kamp* stein, kampestein. Steinfinn narrar trolli til å vera ute til soli sprett; so gjeng dei i stein. — 32. *snill*, her = snjall, dugeleg, hæv, klok, modig, god. Det er fortalt i fleire segner um menneskje som kjem til jøtunverdi, at dei vert større og sterkare, medan dei er der. — 34. *månadsdag* ein dag 4 vikor etter ein annan. — 35. *avlen* styrken. — *usketein* ynskjestav. — *falle* høva, falla etter einannan, passa. Troll plar hava ymse vedunderlege ting; det er t. d. eit vanlegt eventyrdrag at den guten som bergar jomfrua, fær seg ein drykk i berget, og då vert han mykje sterkare enn fyrr.

11. Kong Eirik og Blakkjen.

Medan Steinfinn-visa byggjer på eit par einskilde bolkar i Orvarodds saga, so hev denne visa sjølve råma for Orvarodds saga til grunnlag.

Då Orvarodd var ung, var det ei kvinne som spådde honom at hesten Fakse skulde verta banen hans. Orvarodd slo hesten i hel, grov han ned og drog so burt i mange år. På sine gamle dagar kom han heimatt. Då hadde hovudskåli åt Fakse kome uppatt, og det rann ein orm utor henne og stakk Orvarodd, og det vart banen hans. Soleis gjekk spådomen fram likevel.

Dette er ei mykje gamal forteljing. Ho var i millomalderen knytt til russekongen Oleg, Ruriks ettermann. Krønikeskrivaren Nestor fortel at Oleg, soleis som det var spått honom, fekk banen sin av ein orm, som kom krekande ut or hausen på hesten hans, lange tider etter at hesten var daud. Alt Bråvallakvædet, som vart dikta i 11te hdr., nemner Odd den vidfarande frå Jæren, som må vera den same som Orvarodd. Etter Orvarodds saga var Odd frå garden Berurjod i Sogndal i Dalane ved

Jæren. Saxo Grammaticus, som skreiv ikring 1200, talar um kong Odd av Jæren. Og det er mykje merkelegt at i Dalane hev segnene um Odd levt heilt til vår tid. I 17de hdr. høyrde sogeskrivaren Tormod Torfæus desse segnene, og so seint som i 1872 vart eit skip kalla «Kong Odd» til minne um Orvarodd. Dei fortalde i Dalane at kong Odd budde på det gamle Berurjóðr (Berrjod, Berrjo). Han åtte ein hest som heitte Fakse, og um denne hesten var det spått at han skulde verta banen hans. So at ikkje spådomen skulde gå fram, let han hesten skjota ved ei tjørn, som enno heiter Faksetjørn. So var han viking i fleire år. Då han kom heimatt, fann han hausen av den skotne hesten, og han spende til han; men med det same rann det ut ein eiterorm or hausen og stakk Odd, og det vart banen hans. Då han skulde døy, bad han um at dei vilde haugleggja han på ein stad der han kunde høyra hanegal, klokkeslag og sjøbrak. So jordfeste dei han på Oddsfjell noko vestanfor Rægefjord.

Som ein vil sjå, er det denne soga som visa byggjer på. Men fleire ting er umlaga. Innleidingi i visa er tilskipa etter innleidingi til visa um Villemann og Magnhild (nr. 9), og det er mori som spår, ikkje ei spåkvinne. Kong Eirik fer til sjøs liksom kong Odd i segni frå Sogndal, men versi um mori som «stend atte på kvitan sand» og vrid hendene sine, er vanlege episke flogvers. Visa hev mistydt draget i segni um at Odd spenner til hovudet, og trur at blakken spenner til Odd, so det vert banen hans. Denne mistydingi fører atter med seg at visa lyt lata blakkfolen vera i live. Like eins er den bøni Odd kjem med då han skal døy, umlaga i samhøve med slutten av fleire andre folkevisor. Endå visa soleis hev vorte mykje avbleikt, er ho likevel merkeleg ved at

ho hev halde uppe dette gamle soge-emnet; ho er eit vitnemål um kor kjende og kjære forteljingane um Orvarodd hev vore i Sud-Norig.

*

1. *dei tevler tavl ivi borde* dei sit ved bordet og spelar brettspel; *tevle* spela tavl (brettspel). — 10. *spila* leika seg. — 11. *lange* lengta.

12. Liti Kjersti.

Dette er vel den mest vidgjetne av bergtakingsvisone. Ho er kjend i alle dei nordiske landi og Skottland.

Liti Kjersti hev lenge elska elvekongjen i løynd, og ho hev fenge fleire born med honom. Av andre uppskrifter av visa kann me sjå at elvekongjen hev teke borni inn til seg med det same dei var fødde.

Me hev fleire forteljingar um menneskje som hev fenge ein gløymsledrykk hjå vetti. Like eins er det ei vanleg tru at den som et eller drikk i berget, kann aldri koma ut att. Desse truene er visst eldgamle. Hjå naturfolki finn me den trui at eit menneskje i levande live kann gjera ei ferd til landet åt dei daude; og ein kann koma attende, dersom ein berre aktar seg for å eta eller drikka i daudinglandet; gjer ein det, vert ein verande der alltid. Dette og mange andre drag synest å visa at alvefolket upphavleg hev vore det same som avlidne menneskje.

*

4. *elvekongjen* alvekongen; *elv* m. (fl. *elvir*) er telemarksk form for *alv*. — 6. *sve* m. svide. — 15. Meiningi er: No lyt du gjera deg ferdug, for no er eg komen med hest og vil henta deg åt berget. — 23. *villarkonn* trollråd til å laga gløymsledrykk av; eig. korn el. klump som viller ein, jfr. koma på villstrå. — 24. *vònd* m. tein, liti stong, smal kjepp.

13. Margjit og Targjei Risvollo.

Sophus Bugge fortel at «de to Kvinder, som kvad Visen for mig, mente begge med Bestemthed, at Jón i Vaddelíó var en Tusse eller Bjergmand.»

Dei tvo gamle kvedarane hev visst rett i dette. Visa let seg tyda best, når ein tek henne på den måten, og etter heile sitt lag høyrer ho heime millom dei visone som skildrar samkvæmet med yvernaturlege vette og dei fylgjone det kann få for menneskjet.

Av dei diktingane som skildrar elskhug millom eit menneskje og eit yvernaturlegt vette, hev me fleire flokkar. Nokre skildrar koss eit menneskje vert teke inn i vetteheimen med makt eller med list; andre skildrar koss ein mann eller ei kvinne elskar eit yvernaturlegt vette, men dei vert verande kvar i si verd, og fyrst lenge etter finn folk ut koss til stend. Til denne flokken høyrer både »Liti Kjersti» og «Margjit og Targjei Risvollo». I «Liti Kjersti» endar det med at Kjersti vert kvervd i berg. I «Margjit og Targjei Risvollo» hev festarmøyi åt Targjei Risvollo late seg lokka av bergmannen Jon, og ho føder bergmannen tvo søner nettupp ved det leitet då ho skal halda brudlaup med Targjei. Den dramatiske knuten i visa er uløysande, og diktaren hev hogge han midt yver: han let både Margjit og dei tvo sønene hennar døy. Soleis endar elles fleire av dei millomalderlege diktingane um elskhug millom eit menneskje og eit vette: det vert til slutt dauden for menneskjet. Fleire av dei islendske alve-segnene minner mykje um vår vise.

Me må tenkja oss at elskhugen millom bergmannen Jon og Margjit hev vart heller lenge. Jon hev gjeve henne eit gyllt horn, som ho skal blåsa på, når ho er i naud. Ho gjeng med Jons barn, og

då det lid til brudlaupet med Targjei, gjeng ho «i lio nord» og blæs i hornet. Jon veit då at ho er i naud, og «de aukar honom store sorgjir». Dei møtest endå ein gong. Me må tenkja oss at Jon vil ha henne inn i vetteheimen, men dei bandi som bind henne til manneverdi er sterkare. Ho dreg heimatt, og «dei skildest med sorg og kvide». Men det kosta henne mykje å taka denne avgjersla, «eg ha so nær ikkje heimatt vunne», segjer ho til terna. Då so terna lastar henne for åtferdi hennar, svarar ho at terna treng ikkje gjera sorgi verre for henne; terna hev ikkje set enden på sin livsdag; ho kann au koma i naud. Terna byd seg då til å taka imot festarmannen. Då Targjei kjem, hev Margjit født tvo søner. Borni er truleg klene, og etter gamal lov skulde dei då til presten med dei straks, so sant dei kunde nå prest; det galdt um at borni kunde verta døypte, so sjeli kunde koma i himmerike og lekamen i vigd mold. Til å dylja det som hev hendt, klæder Targjei seg i kvinneklæde. Presten døyper borni i løyndom, dei døyr og vert jorda i vigd mold. Targjei kjem tilbake til Margjit og fortel henne koss det hev gjenge. Me må tenkja oss at ho døyr medan Targjei er der, og visa endar med det takande biletet av den vene brurehesten som løyp laus «etter Risvollo ut».

*

1. *auke* gjera, valda. — *jala* ropa eller hua med syngjande mål, lala, lilla. — 3. l. 2: den venaste (hesten) som gjeng i lunden; l. 4: lauve brenn både bjart og heitt i elden; like eins, bjart og heit, skulde hennar kjærleik til honom vera. — 5. *sjov* sjølv (hokynsform av *sjav*). — 6. *skjuldest* skildest (av *skiljast*). — 8. *heimte* heimatt. — *durakinn* f. dørstolpe. — 9. *samer* sømer seg for. — *ei* åleine. — 10. *dvergerunne* runne, busk der dvergane held til. — *minne ferden* gamal dativform: ferdi mi. — *s'nær* so nær. — 13. *elvestein* stein der alvane held til; alv og dverg

er her nytta med same tyding. — 14. *binde* gjera hardare. — *føesdag* livsdag; jfr. *føesheimen* denne verdi. — *heljelinde* synest å vera samansett av *hel* daude og *linde* breidt band (til å binda kring klæde, helst reivar) og skulde soleis tyda daudeband. Meiningi er: det er best du aktar deg sjølv; du hev ikkje levt din livsdag til endes og veit ikkje kva som kann henda deg. — 15. Dette verset hev same meiningi som det fyrre. Kva *heljelauk* er, veit me ikkje; det siktar kanskje til gamle gravskikkar der lauk hev vore nytta. — 16. *fruve* høgbori kvinne, ugift eller gift. — *føre* umtala, gjera kjend ved tale. — 17. *gjønne* gjerne. — *natakjønne* «nøttekjerne». — 18. *heim* til gards. — *brudfolk* brudlaupsfolk. — *luen* luren. — 19. *fagne* taka imot, helsa når ein tek imot. — 20. *skrøyte* pryda, vera til prydnad for: «som skal pryda fylgjet mitt». — 21. *lagje* fastsett av lagnaden («lagnaden vil ikkje at du rike T. stend brudgom med M.»). — *rik* fornem, mektug. — 22. *kveisa* som kjenner verk og pine, sår. — 24. *stett* f. bursstett, burstropp. — 27. *tvei* tvo. — *dreng* her: gutebarn. — 31. *båre* og *skåre* fortid fl. av *bera* og *skjera*. — 35. *sinne* si (dat.).

14. Hugaball.

Denne visa er funni i Vest-Telemark berre, og der var det einast ei gamal kone, Anne Aanundsdotter Lillegaard i Lårdal, som kunde henne nokolunde heilt, då samlarane kom. Både Landstad, Jørgen Moe og Sophus Bugge hev skrive upp visa etter henne.

Det er ei merkeleg soge som Hugaball-visa hev attum seg. Visediktaren hev ikkje funne upp emnet sjølv. Han hev lånt noko her og noko der, men likevel hev han makta å setja det saman til eit heilstøypt kunstverk.

Sjølve hovudgrunnlaget er underleg nok den gamle legenden um Pontius Pilatus, som er vel kjend frå folkeboki um Pilatus. Frå millomalderen hev me legenden i mange formingar. I den norrøne Gyðinga-saga er han fortald soleis:

Det var ein gong ein konge, Tirus, som var

mykje kunnig i stjernetyding. Ein gong han var på veiding, kom myrkret yver han i skogen. Det var klår himmel, og han skyna av stjernone at um han den natti kunde råka ei kvinne, skulde han verta får til ein stor og mektug og vidgjeten mann. Han var langt burte frå dronningi si, og difor let han henta åt seg ei myllardotter. Ho var hjå honom um natti. Sidan fekk ho ein son, som ho kalla Pilatus. Kongen hadde sagt at ho skulde senda sonen åt honom, og det gjorde ho då han var tri år gamal. Han voks upp i kongsgarden saman med bror sin, son åt dronningi. Pilatus var ovundsjuk på broren og drap han. Kongen sende då Pilatus til Rom, so dei kunde verta kvitt han. I Rom var Pilatus i lag med ein kongsson, og det enda med at Pilatus drap honom au. Då sende dei han til øyi Pontus til å vera hovding der. Folket der var so ilt og hardt at det ikkje tolde nokon hovding yver seg. Anten kom då Pilatus til å verta drepen, som han fortente, eller fekk han kua det hardlyndte folket, og det fór au vel. Pilatus fekk bøygt dei harde nakkane, og vart difor ein vidgjeten mann.

Det er lett å sjå at denne forteljingi ligg til grunn for Hugaball-visa. Båe stadene er helten son åt ein konge og ei myllardotter. Kongen er saman med myllardotteri ei natt berre og dreg so frå henne, men segjer at dei skal senda den sonen ho kjem til å få, åt kongsgarden. Då den unge guten kjem til kongsgarden, vedgjeng kongen at han er får hans, og let honom veksa upp i lag med borni sine. Han kjem i strid med halvbrørne (-broren) og drep dei.

Det er same forteljingsskemaet både i legenden og i visa, og ein so sermerkt likskap som at helten i båe høve er son åt ein konge og ei myllardotter, er heilt avgjerande for spursmålet um samanhengen. Men so er det au berre skemaet som er sams. El-

les hev visediktaren fare fritt fram. Han hev ikkje berre bytt um namnet på helten, men gjort han um til ein eventyr-figur, ein oskeladd: sonen til myllardotteri, guten som hev vakse upp i avkroken, kjem til kongsgarden og veit å greida seg, ja han gjeng langt framum dei ekte kongssønene i styrke og mod. Som oskeladden i eventyri gjer han ei ferd langt mot nord og bergar tvo jomfruer frå trolli. Visediktaren hev bøygt Pilatus-figuren inn under ein vanleg eventyrtype. Det ser ein av namni au: myllardotteri er namnlaus, liksom enkjesonen, kolbrennaren o. a. i eventyri; Hugaball er ikkje noko vanlegt namn, men ei poetisk nemning, «kjenning», som tyder «den hardhuga», «den modige» (den som er «ball» i «hugi»). Fleire drag i forteljingi, t. d. tilburden på leikvollen og ferdi til Trollebotn, er vanlege i folkediktingi; det er sovore som visediktaren hev teke frå andre kantar. Men trass i all umdikting og alle lån kann ein enno sjå koss den gamle Pilatus-legenden bryt med den vanlege folkevisetypen; det er ikkje, som ein skulde ha venta, kongen som bryt seg inn i buret til møyi eller kjem åt far hennar og fær vera der um natti, men det er møyi som kjem til kongen i høgeloft. Dette kann ein tyda ut frå Pilatus-legenden, der kongen sender bod på myllardotteri og ho kjem til han.

Forteljingi um kongen og myllardotteri finn ein knytt til foreldri åt Karl den store, men der au ser det ut til at det er Pilatus-legenden som ligg til grunn.

*

Hugaball tyder: han som er ustyren (ball) i hug. — 1. *slær i hop rime med foto* slær takti med føtene, kved og dansar samstundes. — 2. *skinn* n. skinnkåpe, kåpe. — 4. *lagji* laga, fastsett av lagnaden. — *sonen eige* få ein son. — 5. *møyesalen* det huset eller romet der kvinnone heldt til. — *frid* ven. — 7. *tvau* tvo (eig. inkjekynsform). — 8. *i*

ollom aldre si i heile si levetid. — 9. *dyr* ypparleg, framifrå. — 11. *våre* var (fleirtalsform). — 12. *i blygslo stande* turva skjemmast. — 14. *Serkland* landet åt saracenarane, Afrika; ogso um landet ved elvane Eufrat og Tigris. — 16. *kvåre* kva for ein av tvo ting. — 18. *nevaslag* jfr. riddarslaget, som skulde vera det siste slaget den frie mannen hadde å tola. — 19. *tvinne* tvo (ulike); meiningi er: her lyt me skiljast. — 21. *kvòr den meinig mann* kvar einaste mann. — 22. *sjav* sjølv. — 23. *halvkongssonen* som berre halvt (her: på farssida) er av kongsætt. — 26. *sveiv* m. dust, strid. — 27. *seie ifrå de fysste* det fyrste ho sa [var desse ordi]. — 28. *noko* kanskje. — 29. *nordafjølls* her: i trollheimen. — 30. *dyr* som ein må setja høgt og retta seg etter. — 31. *bunkje* m. dekk, dekkslast: dei let ikkje seglet falla. — 34. *sveiper han seg i skinn* tek kåpa på seg. — *foteferd* f. gongelag, fotlag. — 35. *spilar med* leikar med. Dei tenkte seg at det var store mengder av sylv og gull i berget. — 36. L. 1—2: det er so gildt for augo som ei strålande morgonstund med soli i aust og den bleike månen i vest. (I berget må dei sakna soli). — 37. L. 1—2: Det er so gildt å høyra på klangen av gullet som å høyra på fuglesongen i lindi den bjarte morgonstundi. — 40. *ivi ord* då han høyrde dette. — 41. I segner er det fleire gonger fortalt koss den trollkunnige kann fljuga på ei kåpe. — 42. *må* kann. — 43. *krans* m. hjulet på sporane. — *bergje slost i ein dans* berget skalv då han reid (*slå* hamra; sleppa laus; føra frå stad til annan). — 44. *i ein logje* so gneistane spruta. — 47. *brå* lyna, glimta. — *trjå* tri.

15. Jutulen og stolt Øli.

Denne visa hev vore best kjend i Aust-Telemark i det seinare, endå Vest-Telemark er mykje rikare på visor, og ein dessutan kann sjå at visa er komi vestantil. Ho er funni på Færøyane au. Grunnen til at visa hev slege so djupe røter i Aust-Telemark, er at jutulen vart halden for son til Helga i Helgenotra, og visa soleis på ein måte vart heimfest til Heiddal. Helga i Helgenotra var frå Tveiten, ein stor gard i Heiddal. Ein kveld ho stod i burssvali, høyrde ho eit forunderleg fagert spel ved ei eik i

nærleiken. Ho gjekk burtåt. Der stod det ein ung ven mann og spela. Han gjekk fyre og spela, Helga laut fylgja. Dei stana ikkje, fyrr dei kom til eit høgt fjell uppi heii, og der vart både spelemannen og Helga burte. Dei prøvde å ringa henne utatt med kyrkjeklokkor, og dei hadde alt fenge henne heimatt i svali på Tveiten. Då ho vilde taka i klinka, brast toget som heldt kyrkjeklokka, og klokka datt ned i urdi. Med det same vart Helga burte att, og dei såg henne aldri meir. Fjellet vart heitande Helgenotra. — Det er um denne hendingi at Jørgen Moe hev dikta det velkjende diktet sitt, «Helgenotra».

Men visa hev upphavleg ingen ting å gjera med denne segni. Dei er sette saman av di ein i båe høvi hev bergmannen som lokkar med det fagre trollspelet sitt. Visa og segni byggjer på same trui: bergfolk vil gjerne gifta seg med kvinnor or manneverdi. Og visa hev gripe ein situasjon som ein stundom møter i folkesegnene, og som hev noko spanande ved seg: I den fårlege joletidi, då alle trollmakter er lause, vert ei kvinne verande att åleine på ein gard, medan alle dei andre er til kyrkje. So kjem det sterkaste av alle vette, jutulen, og vil få tak i den veike kvinna. Det vert då ein ordstrid, der det gjeld å få det siste ordet, eller det på ein eller annan måten vert eit nappetak millom manneklokskapen og trollstyrken, og mannevitet ber sigeren heim.

*

1. *runo* dat. fl. runer; her: trollråder. — 4. *jønnskoren* skoen av jarn; jøtnane hev ofte jarnbåtar, jarnsko, jarnstenger i visone. — 5. *dynni* døri. — 6. *vigsla* signa med krossteiknet. — *góv* golv. — 8. *vett* m. skapning, vette. — 10. *ottesang*, her um den teksti som dei song i otta (ved den fyrste av dei kanoniske tidene). — 15. For trollspelet lyt allting dansa, jfr. Veslefrik med fela, Tuftefolket på Sand-

flesa o. fl. — 16. Etter folketrui vernar brød og svåvel mot uvetti. — 21 og 22. *ram* og *tukumo* er trollmål for brød og svåvel. — 23. *skarvenok* m. vesalmann; *nok* liten vantrivning, reddhare. — 24. *sæling* m. stakkar. — *bela* fri.

16. Olov Agjesdotter.

Dette er visst ei dansk vise frå fyrsten. Det er fleire danske målformer i uppskriftene, og Strandeby er eit jysk namn. Det finst danske uppskrifter av visa frå 16de hdr. alt. Men den norske formi er mykje ulik den danske, og visa må i alle høve ha levt lenge her i landet. Peder Syv segjer at visa gjeng um historiske hendingar frå året 1386; men det er uråd å finna noko prov for det.

*

1. *komi so vidt på ord* vorte so vidgjeti (jfr. få eit godt ord på seg). — *ros* poetisk nemning for kvinne. — 2. *go* gjæv, mæt. — 4. *kon* = *okkon* oss. — 10. *kyrkje-le* kyrkjegardsport. — 12. *skyggja* skyla, løyna, gøyma. — *med si hende* med handi si. — 18. *hovugull* hovudprydnad av gull som møyar bar. — 21. *lest* f. lesestykke, den heilage teksti som vart upplesi i kyrkja. — 28. *sjov ho fyr åro ror* ho sjølv sit med årane og ror. — *fløy* n. skip. — 31. Legg merke til fargebragdi i denne og dei næste strofane: bylgja *blå*, det *gule* håret, den *kvite* handi. — 32. *silt* skula. — 34. *vikta* vinka, vitta.

17. Kongssonen av Norigsland.

Hovudemnet i denne visa er det same som i nr. 30 *Asaliborgji*: ein fugl vert send langt av stad til å bela til ei jomfru. Skildringi av koss fuglen flyg, er mest like eins i båe visone. Nokolunde same emnet (og nettupp same umkvædet) finn ein att i ei uprenta dansk folkevise, men det er likevel ymse

sermerkte ting ved den norske visa som gjer at ein lett kjem på den tanken at det ligg ei historisk hending attum. Ingi onnor *ålvorleg* folkevise hev ei *mislukka* friing til hovudemne eller einaste emne; i visone plar alltid ein fugl som er bodberar, herma ordgrant det svaret han hev fenge; aldri elles finn ein maken til ei sovori umlaging av svaret som her, so det beint fram vert eit avslag («de er kort nei»). Namni «Norigsland» og «kongssonen av Norigsland», og den ting at det er tale um å leggja skatt på bøndene, viser au til eit historisk grunnlag. Det må vera eitkvart serlegt som hev skapt alle desse avviki frå den vanlege folkevise-typen.

Men det er vandt å finna ut noko visst um kva historisk hending det er som ligg til grunn. Sophus Bugge og Moltke Moe meiner at det er nokre hendingar i slutten av 13de hdr. Den 22de oktober 1295 gjorde Audun Hestakorn, som var yverskattmeister hjå kong Eirik Magnusson, ein avtale i Paris um giftarmål millom hertug Håkon Magnusson, bror til kong Eirik, og greivinna Isabella av Joigny. Samstundes gjorde Audun avtale um at den norske kongen skulde hjelpa den franske kongen i krigen mot England med 300 skip og 50 000 mann; for det skulde den norske kongen få 30 000 pund sterling. Det biletet ålmugen kunde laga seg av dette, måtte vera so på lag: ein giftarmålsplan millom kongssonen Håkon og ei framand fyrstinne, tunge utreidslor som var ventande. Ålmugen hev so sett desse tvo ting saman soleis: den framande fyrstinna sette harde og tyngjande vilkår for giftarmålet. Dette hev vakt harme, og i denne harmen er visa skapt.

*

1. *ikor* = dansk *ihvor.* — 2. *runir* løyndomsfulle teikn. — 3. *tar* tarv, treng. — 4. *fauk* flaug. — 9. *mens er eg* medan eg er.

18. Far og dotter.

Visa um dei snøgge svari finn ein i alle dei nordiske landi og i Skottland. Nærskylde visor finn ein i Sud-Europa au.

Dei nordiske vise-uppskriftene kløyver seg i tvo flokkar: ein austnordisk (svensk, dansk) der ein bror spør ut syster si, og ein vestnordisk (norsk, færøysk, islendsk) der faren spør ut dotter si.

Umkvædet i visa er helst so å taka at Målfrid er namnet på dotteri, og millomslengen er då eit utrop som er lagt riddaren i munnen. Torelille er vel namnet på terna. Ho ligg og lurer og finn ut um elskhugen millom kongsdotteri og riddaren. Ho er ei av dei «falske» ternone, som ein ofte møter i folkediktingi.

*

2. *uttas* utan. — 7. *di dynni hjå:* ved døri til buret ditt. — 11. *nakje* bert. — 12. *solegeisle* solstråle. — 15. *kind* n. barn. — *i bure din'* i buret ditt (dativ). — 17. *lind* = *linde* sveipelist. — 19. *trjote* taka ende. — *fyrr de tryt'e kvende svar* fyrr kvinnor vantar svar. — 23. *huse di'* huset ditt. — *sjav* sjølv. — 27. *rann* sprang, rømde.

19. Bendik og Årolilja.

Denne visa er runni or tvo kjeldor: den danske fornsegni um Hagbard og Signe og den romantiske soga um Tristram og Isond.

Soga um Hagbard og Signe er kanskje den eldste av dei danske heltesegnene, og ho vart tidleg vidgjeti i alle dei nordiske landi. Ho fortel at Hagbard elskar Signe, dotter til kong Sigar. Men han kann ikkje få henne, for han hev drepe brørne hennar i ei vikingferd. Då klær han seg ut som ei skjold-

møy og fær på den måten kome inn i jomfruburet hennar. Men dei finn ut kven han er, han vert fanga og skal hengjast. Då dei skal føra honom til galgen, kjem dronningi, mor til Signe, fram og byd han eit drikkehorn, so han kann drikka sitt eige gravøl; ho vil rett njota den stundi då ho fær hemn for sønene sine. Men Hagbard tek byrg imot hornet og segjer: «Eg tek det med den handi som drap sønene dine. Uhemnd gjeng eg ikkje herifrå, men du lever aldri den stundi som gjev deg att det du hev mist eller løyser det pant du hev hjå Hel.» Då han stod på galgebakken, bad Hagbard dei hengja kåpa hans upp fyrst, og dei so gjorde. Snart logar buret åt Signe upp; ho brenner seg sjølv inne. Då bed Hagbard dei skunda seg og festa han i galgen; no lengtar han berre etter å døy, sidan festarmøyi hans hev synt truskapen sin og gjenge fyre og opna Hels portar for honom. — Men med det er ikkje soga ende; frå havet kjem vikingen Hake, bror til Hagbard. I vill hemntorste fer han gjenom dei store skogane til Sigars borg, drep alle dei der er og brenner borgi.

Visa um Bendik og Årolilja byggjer på denne soga. Me hev visa i tvo formingar, som båe er norske frå fyrsten. Den eine kjenner me frå Finnmark, frå Danmark og frå Færøyane; den fortel au um hemnen yver dråpet på Bendik. Den andre er funni i Telemark berre; det er den me hev her i boki. Den hev ingen ting med um hemnen, men samlar seg heilt um elskhugen millom Bendik og Årolilja og tonar ut i ei lyrisk hevding av at kjærleiken rekk attum gravi.

Medan den danske visa um *Havbor og Signelill* heilt byggjer på fornsegni, so hev den norske visa um Bendik og Årolilja lånt mykje frå Tristramsoga, ikkje berre i ånd og tone, men i mange ein-

skilde drag. T. d. at hjarta spring på Årolilja då Bendik må lata liv, at dei vert jorda på kvar si side av kyrkja og at det renn upp tre frå gravene og krøkjest i hop yver kyrkjetaket.

*

1. *Årolilja* av gamalnorsk Qlrún liljan dvs. Qlrún den liljefagre. — *Sølondo* (dat. fl.) Sudlandi. — *sköa* skoda, sjå på; her: velja ut. — *han var inkje lagje* det var ikkje so laga. — 3. *møyesal* kvinnestove; her truleg = jomfrubur. — *belelund* f. friarhug; *brå er belelund* er eit ordtøke: hugen åt ein friar (bele) er brå. — 5. *gullbraut* f. eig. gullveg, gullbakke, er her truleg ei gull-lagd bru (svalgang eller tropp) som fører inn i jomfruburet. — *både til og ifrå* vonleg: til jomfruburet og frå kongsgardsbygningen. — 7. *raust* modig, dugleg. — *bæe* inkjekyn av *båe*. — 8. *jomfruve* høgbori, ugift kvinne. — *åst* f. kjærleik. — 9. *rå* rådyr. — 10. *drjupe* hanga ned: «heng lutande ned frå kvisten». — 11. *skyljast* skiljast. — 12. *finnast* koma saman, tala saman. — 15. *smådreng* page, ung tenar hjå fornemme folk. — 17. *bly* var det dyraste tekkjefanget i millomalderen. — 19. Me må tenkja oss at kongen i sinne set av stad til buret åt Årolilja, men at ho ser han og gjeng til mots med han og vil hindra han frå å koma inn. Ho eig ikkje tanke um at kongen kjenner til at Bendik hev «trøtt gullbrautine». — 20. *di* difor. — *veslast* (av *vesal*) verst, leidast. — *drikke bryllaup* vera gjest i brudlaup. Meiningi er: brudlaupet er halde utan eg var beden. — 21. *me'* meg. — 22. *sama* høva, søma seg. — *rjoast* verta raud. — *drøyre* m. blod og væske som renn ut or eit sår. — 23. *dei*, dvs. kongsmennene. — *slå* kasta. — *holl* n. hold, kjøt; her: lekam. — 27. *so stend'e hugjen i sama runnen* so ihopvaksne er hugane deira. — 29. *veite meg bøn* svara ja på mi bøn. — 30. *flytje* er jamleg bruka um å flytja heim ei brur. — *skorv* f. steinut og naki bergflate i heiane. — *fjørustein* strandstein. Meiningi er: «Du tok meg ikkje upp av ingen ting, ikkje frå den nakne heii eller den steinute strandi; eg kom frå ein gard der eg hadde alt som godt var, jamvel ein ven festarmann, då du lokka meg til å fylgja deg.» — 31. *monno* dat. fl. av *mann*. — *onno* onnor; her uregelrett for *are* andre. — 32. *kvòr den bøn*, dvs. svaret på kvar den bøni. — 33. *gjelle um* vedkoma, «um me so alle skulde bøta for det». — 35. *mannen utor mannheimen* menneskjet or menneskjeverdi. — 36. *må* kann, formår. — *i haga låg* som låg i heimehagen. Emnet i denne bolken

av visa er at all naturi bed for Bendik. Å hjelpa ein med å syrgja var ein ålmenn skyldnad for vener og frendar i millomalderen. Visa tek naturi med millom dei andre vener som syter for Bendik. Naturi speglar av mannesorgi. Motivet hev sin grunn i ei tru som ein møter i all primitiv folkedikting: heile naturi hev liv og sjel. Jfr. myten um at heile naturi gret, då dei vilde få Balder attende frå Hel. — 40. *gull* fingerring eller armband av gull. — *skaut av hende* drog av handi (han vilde gjeva det til Hauk). — *frende* skylding. Bendiks bøn kjem seg av den gamle ættebyrgskapen: ingen som stod lågare eller var av ringare ætt, skulde ha lov til å taka livet hans. — 41. *mjårygg* smalrygg. — *sygja* sylgja. So strid var gråten hennar at beltet og sylgja gjekk sund. — 42. *ljos på altarbord* ljosi som var tende til sjelemesse for ein avliden; her: ein som skulde døy. — 44. Årolilja kjemmer håret og samlar det under huva, so lokkane ikkje skal verta blodute. Hugsa jomsvikingen Harald Bueson etter slaget i Hjørungavåg! — 45. *sprakk* impf. av *springe* bresta, springa sund. — 47. *sei'a* byd henne. — 48. *kvislar* fl. av *kvitel*, sengeteppe av ull. — 52. *åstin'* bunde fleirtal av *åst* kjærleik. Fleirtal er her som i gamalnorsk nytta um innbyrdes kjærleik millom mann og kvinne, men adjektivet *heit* syner at dei hev gløymt at åstin' er fleirtalsform. — 53 og 54. Eiden åt kongen i str. 17 og 18 vender etter episk skikk attende her, og syner korleis kongen syter for di han var so stuttsynt. — 56 og 57. *norda*, *sunna* nordanfor, sunnanfor. — *greft* grav. — *liljerunne* og *liljegrein* viser at telemarkingane ikkje hev kjent lilja. — *åt meine* til meins. — 58. *svol* sval, svalgang.

20. Kong Gaud og ungan Herredag.

Den fyrste som skreiv upp denne visa, var amtmann Holm i året 1786. Han fann henne på Lista, og frå siste helvti av 19de hdr. hev me fleire uppteikningar frå same bygdene. Visa er elles funni fleire stader på Agder og i Telemark, men ingen stad i so heilsleg ei form som på Lista. Me prentar henne difor på listamål, og held oss berre til dei nyare uppskriftene, so folk kann sjå kor godt visa hev halde seg i minnet heilt upp imot våre dagar i

ei bygd der det elles i det seinare ikkje hev vore so sers mykje folkevisor.

Når visa hev halde seg so godt, er grunnen den at ho hev vorte heimfest i Spind og Herad, og lokalinteressa soleis hev hjelpt til å halda henne uppe. Herredag skal ha butt på Dårøy i Spind sogn; i nærleiken er det fleire store urder, som høver godt til revegøymsle (sjå str. 25 og 26 i visa). Fire kilometer frå Dårøy på hi sida av fjorden mot nordvest ligg Stangefjellet (str. 8 i visa). Ikring 10 kilometer nordvest frå Dårøy ved ein arm av Oftefjorden eit stykke inn i landet ligg Gautland i Herad. Det var der kong Gaut budde, og der hev dei til det siste vist atterstødor av slottet hans og noko av gravi hans. Amtmann Holm fortel: «Halvdelen af hans Grav er endnu tilsyne ongefær 4 Alen lang, omlagt med Stene; men den anden Halvdeel formedelst Oprødning udarbejdet, hvor der da fandtes et Stykke af et Sværd». Heimfestingi hev gjenge so vidt at jamvel ordet o d d e r s t o r m e n (str. 19), som kjem av gamalnorsk o d d a s t o r m r «strid, bardage», er tenkt som eit stadnamn ved Oftefjorden («En Bugt tet ved Landet, hvor endnu skydes Odder [oter]» segjer Holm).

Heile denne heimfestingi kann ikkje vera upphavleg. Gautland må frå fyrsten ha vore det same som Gøtland i Sverike. Når visa hev kome til Lista, er ikkje godt å segja. Ho er nærskyld med færøyske visor, og saman med ymse andre visor er ho eit vitnemål um gamalt samkvæme millom Agder og Færøyane.

*

1. *Herredag* er h r. D a g; titel og namn hev runne saman. — *sjål* sjølv. — *te hova* til kongsgarden. — 2. *frægda* spyrja, røyna. — 3. *i mi hoga* i min hug. — 4. *snapp* djerv. — *Sjuransvein* Sigurd svein, Sigurd Fåvnesbane. — 5. *kap-*

pan kappen, kjempa. — *Osmund Flagrekjempa* er den same som Åsmund Frægdegjæva i den telemarkske visa. Både guden Tor og kjempone Sigurd og Åsmund er troll eller risar her i visa. — 6. *Dyreknurren* er gamalnorsk dýri knǫrrinn dvs. det dyrverdige store skipet. — 7. *te fjerde borda:* kjempone var so tunge at skipet sokk til det fjorde bordet ovantil. — 8. *tros* halvrote turt trevyrke. — 10. *skjegge* forvendt for *seggje* dugande kar. — 11. *kjuring* hyrding, hjuring. — 12. *bela* fri til. — 13. *veia* fella, fanga. — 14. *roa* rugga att og fram. — 16. *kjus* av *kjosa* velja. — *koma ustolen på* koma so ein ikkje stel seg innpå ein og tek på honom uvarande. — 17. *haug* hauk. — *velfaren* god til å springa. — 19. *odderstorm* stormen åt oddane, ei poetisk umskriving for strid. — *gletta* gleppa, mislukkast. — *arestein* årestein, gruvestein. — 20. *spjerta* må vera eit slag våpen, men me veit ikkje noko nærare um det. — 25. *revekrottane* reveholone; her um tronge, vesale rom. — *bie* halda ut, tola. — 29. *skjebte* skipa, ordna. — *hæltan* helvti, dei halve. — 30. *rodda* remse. — *trodda* troll. — 31. *Gugra Joglekåba* er gygri Jorunn Joklekåpa. — *fydde* fylgde. — 34. *kvi nebnte du mæg så bråe:* det var ei gamal tru at når dei nemnde ei kjempe ved namn i striden, so kunde han ikkje ha lukka med seg lenger, men vart anten såra eller drepen. — 38. *sveite* blod, væske. — 39. *smitlekrus* krus med lækjande smyrje eller salve i. — 40. *med alle* er forvendt av *med avle* av all makt. — 43. *langa* lengta. — *airomætt* i tvo ættleder. — 45. L. 3—4: Fær han drukke og sove, so tek du han ikkje att i heimen hans. — 48. *eideren* eiteren. — 49. *fælig* fæleleg, skræmeleg. — 52. *last* m. skade.

21. Dei tri vilkori.

Emnet i denne visa er sers forvitnelegt.

Visa byggjer på den norrøne Magus saga. Denne soga høyrer med millom dei romansogone som dei sette i hop so mange av i Norig i 13de og 14de hdr., den tid då Håkon den gamle og ettermennene hans styrde landet. Hovudemnet i soga er fransk; det er den velkjende forteljingi um dei fire Haimons-sønene, fire jarlesøner som låg i strid med Karl den store. Men den norrøne sogeskrivaren hev sett til ei inn-

leiding um korleis keisar Karl kom til verdi, og korleis det gjekk til millom foreldri hans. Dette hev frå fyrsten vore ei liti soge for seg sjølv, som ikkje hadde noko med Karolingane å gjera, og denne stubben er det den norske folkevisa er bygd på. Ho fylgjer soga so nøgje at ein kann sjå kva form av soga det er som visediktaren hev kjent. Soga finst i tvo formingar, ei eldre og stuttare og ei yngre og lengre. Denne siste må liggja til grunn for visa; det finst fleire drag i visa som ein finn att i den yngre formi, men ikkje i den eldre. Elles hev folkevisa stytt heile forteljingi sterkt av, og teke burt namni og mange einskilddrag.

Men ein kann fylgja vise-emnet endå lenger attende og vidare ikring. Hjå nokre tyrkisk-tatariske folk i Ilidalen (på landeskilet millom Sør-Sibiria og Vest-China) fortel dei eit eventyr som syner slik likskap både i stort og smått med innleidingi til Magus saga at det må vera ein nær samanheng millom dei. Anten må eventyret ha vandra frå Norig austyver, eller må det ha kome til Norig austanfrå. Ser ein no på emnet, går ein snart at det hev ein sterk austerlendsk svip; det hev ikkje noko grunnlag i det røynlege livet i millomalderen, men ein kann høyra um sovorne hendingar hjå austerlendske kongar. Og alle tvil um at emnet hev upphavet sitt i Austerlandi, kverv burt, når ein finn plent det same att i tvo indiske (bengalske) eventyr. Det er gamalt i India; for alt for tusund eller halvtanna tusund år sidan hev det vore uppskrive i indiske bøker, og alt då var det noko avstubba. Emnet hev kome til Europa på tvo vegar: umfram den formi som hev kome til Norig gjenom Nord-Europa, hev det kome ei til Sud-Europa. Denne siste formi møter me m. a. hjå den italianske diktaren Boccaccio, og etter

han att hev Shakespeare nytta henne i spelstykket sitt «Når enden er god, er allting godt».

Folkevisa um «Dei tri vilkori» er berre funni i Telemarki. Ei uppteikning av visa kallar kongen for kong Kristian, og det er tydelegt, soleis som L. Daae hev gissa på, at dette er meint på kong Kristian I. Han hadde gift seg i oktober 1449, var so på ferd rundt um i Danmark frå januar 1450, fór til Norig ut på våren, og kom ikkje heimatt fyrr i oktober 1450; men 17 dagar fyrr han kom heim, fekk dronningi hans ein son. Dette var ein tilburd som folk måtte leggja merke til i dei dagane, og dei kunde då lett koma til å festa visa på kong Kristian. Visa må alt ved det leitet ha vore til, og sidan den yngre formi av Magus saga er sett i hop noko fyre 1350 er det rimelegast å tru at visa er dikta so på lag år 1400.

*

3. *i aldro ni* i nie mannsaldrar. — 10. *skrud* n. stasklæde, prydnad. — *sitt gule håre de slo ho ut*: møyi gjekk i gamal tid med utslege hår. — 12. *flamm* fanemerke (millomalderleg latin: flamina). — 14. *fygje* fylgja. — 23. *korileband* koralband, perleband. — 24. *fara til* byrja, taka til, «begyndte». — *tyngjast* verta tung (um ei kvinne med barn). — 29. *kons* vårt. — 33. *kind* n. barn. 35. *fyr* i, på. — *Skottland* hev i visa kome inn i staden for dei tyske namni i soga. — 38. *tryt'e* pres. av *trjote* taka ende. — *rå* utveg, list. Denne strofen finst au i nr. 18.

22. Knut i Borg.

Denne visa er funni i Norig, på Island, på Færøyane og i Danmark. Namnet kong Svein fører ein lett inn på den tanken at visa er historisk, men det hev ikkje lukkast å setja henne i samband med nokor historisk hending.

*

1. *tost* = tottest, tyktest, «tykte sjølv at ho var komi i knipe». — *sille* skulde. — *bele* friar. — 2. *kjose* velja. — 3. *snekkje* var i gamal tid namnet på eit slag langskip. — 5. *reie* gjera i stand. — *sneie* skjera til, klyppa. — 6. *bu* laga, gjera ferdig. — 8. *alle* heile (jfr. all dagen = heile dagen). — *virkevika* arbeidsvika (jfr. virkedag). — 9. *gjestebo* brudlaup. — 12. *fara verre* tapa. — *fangtokji* bunde fl. av *fangtak*; *som fangtokji by'e ut* som byd seg fram til strid. — 13. *sinom sverde brå* svinga sverdet sitt (*brå* impf. av gn. bregða svinga). — *høvde* råka, trefte. — *mannetrå* trengsle, tråkking av folk, mannetrong. — 19. *eg er inkje um* eg hev ikkje hug til, eg bryr meg ikkje um. — 21. *åt stundo dei* til den tidi. — *skaka* skjek (pres. fl.). — 22. *gullbudd* gullprydd, innlagd med gull.

23. Asbjønn og liti Kjersti.

Denne visa er kjend i alle dei nordiske landi, men Danmark er fyrste heimstaden hennar. Asbjørn i visa er den danske stormannen Esbern snare (d. 1204), bror til biskop Absalon. Men det er vel berre namnet hans som er historisk her. Denne kvike glade visa hev visseleg vore mykje umtykt, og sungi mang ein gong når kvinnone sat ved saumen sin. Ho kastar «Elskovens farverige Skjær over de daglige Forhold».

*

6. *soks* f. heilsaks. — *skjære* m. klinka saks. — 7. *saum* ty til å sauma av, «sytøi». — *skjera* klyppa til. — 10. *herd* f. aksel. — 13. *svein* tenar. — 14. *smådreng* m. ærendsvein, ung tenar hjå fornemme folk. — 20. *gama* n. moro, skjemt.

24. Toreliti og Skakjelokk.

I millomalderen hadde dei ei vokenatt, voke (vigilia) framfyre dei store høgtidene. Det var gudsteneste i kyrkja til visse tider på natti, og det sam-

last då gjerne mykje folk ved kyrkja. Til å trøyta tidi, når dei ikkje lydde messa, hadde dei leik og song m. a. Til slutt vart voke beint fram nytta um leikstemnor um natti, gjerne under open himmel.

Det er til ei sovori stemne at denne visa fører oss. I dansen fær Toreliti den eine handi sundskori, då Skakjelokk hoppar yver bordet og knivane hans sprett ut or sliri. Toreliti hev i løynd Skakjelokk kjær, og ho vil dylja burt denne tilburden, so Skakjelokk ikkje skal koma i nokon vande for hennar skuld. Skakjelokk skynar kvar ho hev hugen fest, han stig fram og tek henne til si festarmøy.

Same visa finst i Danmark, og ei liknande i Tyskland.

*

1. *viv* n. kvinne (gift eller ugift). — 3. *Skakjelokk* tyder Ristelokk; *skakalokk* finst som tilnamn frå gamalnorsk tid. Jfr. Shakespeare, «Ristespjot». — 6. *sylvbudd* prydd med sylv, sylvholka. Skakjelokk hev sete ovanum bordet, og då laut han hoppa yver bordet, um han vilde fram fort; bordet stod tett upp til veggen. — *sliro* dat. fl. av *slir(e)*. Ordet vart i gamalnorsk alltid bruka i fleirtal. Her er det kanskje tenkt på ei tvislir, sidan det er fleire knivar. — 8. *ermo* dat. fl. ermane. — 9. *stett* f. steinar som er lagde til å gå yver, tram framfor ei dør, tropp. — 13. Det stend Toreliti i tankar at ho ikkje lenger kann sauma kunstsaum, som alle høgborne møyar burde kunna (jfr. fyrre visa); me må au hugsa på den sterke mothugen som dei i millomalderen hadde mot kroppslege lyte. — 14. *skåre* skar (fl.). — 15. *dynni* døri. — 17. *festarfe* festargåve.

25. *Jon Remarsson.*

Denne visa synest å ha kome til oss frå Danmark. Jon Remarsson er den danske stormannen Jon Regmodssøn av Hvide-ætti i fyrste helvti av 13de hdr. Men visa kan ikkje upphavleg

vera dikta um herr Jon, for ho synest å vera ei umdikting av den namngjetne skotske visa um *Sir Patrick Spens*, og det er trulegt at denne visa att byggjer på eit historisk emne: giftarmålet millom den norske kongen Eirik Magnusson og den skotske prinsessa Margrete i 1281. Det skotske skipet som førde henne hit, kom på heimvegen ut for harde hauststormar, og dei fleste stormennene som var med, drukna. I dei skriftlege fråsegnene me hev frå millomalderen um sendeferdi, finst det fleire ting som samstavast merkeleg godt med visa um Sir Patrick Spens. Visa fortel at det dreiv i land fleire ting frå Sir Patrick's skip; dei gamle fråsegnene segjer at sumt av det sendemennene hadde med seg, dreiv i land, m. a. nokre dokument. Enno ligg ekteskaps-traktaten i Tower; han hev vore gjenombløytt av sjøvatn og ber denne påskrifti: «Skriven i duplikat ved Berwick, og det eine eksemplaret sendt til Norig [til underskrift], men på attervegen falle i vatnet, då dei kongelege sendemennene drukna». Fyrr kontrakti vart send til Norig, gjorde dei norske sendemennene og mange skotske stormenn eiden sin på henne. Millom dei var Patrick, jarl av Dunbar, og son hans, Patrick. I sume uppskrifter av visa um Sir Patrick Spens synest dette hendet å vera ihopblanda med eit anna liknande hende i Norigs og Skottlands historie. Den fyrrnemnde dronningi Margrete døydde alt 1283; men det levde etter henne ei nyfødd dotter, som au fekk namnet Margrete og som fekk Skottlands krune i 1286. Ei sendeferd for til Norig og skulde henta prinsessa, «møyi frå Norig», til Skottland, men ho døydde på yverferdi. Etter ei fråsegn, som ikkje er pålitande, miste ho livet i ein storm.

I visa um Jon Remarsson er det blanda inn drag frå ei onnor vise um stormfåre på sjøen. Der

er det ein syndefull mann um bord som er skuld i stormen. Guds rettferd vil råka han, liksom ho råka profeten Jonas på skipet, og som i forteljingi um Jonas kastar dei lut, so dei kann finna ut kven illgjerningsmannen er.

*

1. *snekkje* f. langskip, herskip. — *dreng* m. dugande kar. — *herre* bruka dei i millomalderen som tiltale åt kongar, prinsar, jarlar, og som titel for riddarar og høge prelatar. I visone er det tidast riddartitelen som er meint. — 2. *hoss* kva, kva slag. — 3. *seiste* siste. — 5. *heirsdag'e* heidersdag. — 6. *må* pres. av *móga* kunna, formå. — 8. *fals* n. svik. — 9. *flærd* f. svik. — 10. *rokest* impf. fl. av *rekast* liggja og drfva, verta kasta hit og dit. — *de ville hav* det opne havet, rom sjø (*vill* ogso = uroleg, ustyrleg). — 11. *slo so stort* bruka so store ord. — 12. *tavlebord* spelbord, bord til terningspel. — 13. Her hev me ei minning um ein gamal nordisk skikk: å kasta lut um kven skulde springa yver bord i ein storm og ved d e t stilla uvêret. Men i den heidne folketrui var det eit offer ein soleis gav det miskunnlause folkertui var dei løyndomsfulle maktene som heldt til i det. Her i ivsa er det ei s y n d e s k u l d Jon skal sona med å gå yver bord, og me hev soleis ein innverknad frå den bibeslke forteljingi um Jonas. — *rann* fór, kom i fart. — *um skipbord* ut yver skipssida. — 14. Me kann ikkje få skrifta syndene våre og få avløysing av presten. Difor gjer Jon sitt skriftemål framfyre mastri: med råi var ho som ein kross på laget. Både tanken um at skriftemålet var naudsynlegt, og at krossen eller krossformi hadde so mykje å segja, viser tydeleg til katolicismen. — *du skriftar meg* du skal taka meg til skrifte. — 15. *ekkje* f. enkje. — 17. *kvik* levande. — *kåt* glad, kipen. — 19. *mijjom* millom.

26. Herr Nilaus.

Dette er vel upphavleg ei dansk vise, som alt tidleg hev kome både til Norig og Sverike.

Hendingane er i Danmark lagde til Jylland. Det er eit brurfylgje som dreg yver «den jydske hede».

Det vert uvêr med snø og vind, brudgomen skynar at bruri ikkje kann halda det ut, og vil at dei skal søkja livd einkvar stad. Bruri meiner at dei kann taka inn hjå morbror hennar, bispen av Friarlunden; men brudgomen er lite moda på det, av di han året fyrr hev fellt dei tri brørne til bispen og ikkje hev fenge greidt saki med bøter. Men han vil gjerne retta seg etter alle ynske frå bruri, og gjev etter då ho lovar honom ei skjorte som det ikkje kann bita sverd på. Som ventande var, nyttar no bispen høvet til å taka hemn. Fyrst vert dei tvo systersønene til Nilaus fellte, og i den striden som kjem etterpå, vert både bispen og Nilaus drepne. Bispen nyttar eikor trollråd, so den blå skjorta som Nilaus hev fenge av Signe, ikkje kann hjelpa honom.

Visa er ille medfari i den norske tradisjonen, og der vantar fleire gode drag som finst i den danske visa. Men draget um trollrådene er sermerkt for den norske visa, og det er greid samanheng og stor fynd og kraft i den avstytte norske formingi.

*

1. *veten* vetren, vinteren. — *gjerest* vert. — *tjall* tjeld, telt. — 3. *vog* impf. av *vega* drepa. — *gjell* skuld; frendane hev ikkje gjeve upp kravet sitt. — *for di* for det (dråpet). — 5. *bold* modig (dansk). — 6. *fyr ho Signe liti* vil segja: for hennar skuld, sidan ho er med. — *kon* oss. — 7. Bispen svarar ikkje Nilaus, men talar berre til bruri og byd henne velkomi «med alle dine sveinar». — 8. *håingsord* beiske ord, håd-ord. — 9. *ette di* etter det (å få bot). — 10. *alle di* dei alle. Millom str. 10 og 11 vantar det ikkje so lite i visa. I den danske visa er det so at dei fær fred alle so nær som dei tvo systersønene til Nilaus; dei skal sona for dei gamle dråpi. Det vert ein kvass strid og dei fell. Då kann ikkje Nilaus halda seg roleg lenger, men dreg sverdet og byrjar striden att. — 12. *hovmann* tenestmann hjå ein hovding. — 14. *sinom sverde brå* svinga sverdet sitt (*brå* impf. av gn. bregða svinga). — *hoggje* impf. til *hogge*. — *lytir* (fl. av *lyt* el. *lut*) stykkke. — 15. Våpni hans skal hanga

på veggen eller på ei sule yver den staden der han er gravlagd i kyrkja. Det finst fleire døme på at våpni vart upphengde soleis.

27. Det var så silde.

Endå denne visa er all igjenom dansk i målform og visseleg er komi til Norig utanfrå, so er ho teki med her likevel, og det av fleire grunnar. Ho hev vore mykje sungi og sers vel umtykt hjå ålmugen, og ho hev her i landet fenge ei form som poetisk stend yver dei fleste utanlandske avbrigdi.

«Det var så silde» er ei av dei vanlegaste visone i nyare nordisk ålmugetradisjon i det heile. Ho må ikkje vera so lite gamal heller. Alt i 1573 skreiv ei ung dansk adelsdame dei 6 fyrste strofane av henne i ei poesibok, og den ting at ho gjeng so vide ikring, vitnar au um heller høg alder. Ho er kjend frå finsk, vindlandsk, slovensk, tysk, fransk og italiansk umråde.

28. Jomfruva Ingjebjør.

Denne visa er kjend frå Norig, Færøyane, Sverike og Danmark. Ho er ei av dei merkelegaste av umskapingsvisone.

Det er ei utgamal folketru at menneskjet kann skifta ham. Ein trollmann kann skifta ham etter som han sjølv vil; men han kann au kasta ham på andre, um dei ikkje vil det. I eventyri er det tidast ei vond styvmor som forskaper styvborni; men til slutt vert dei berga, og då kjem hemnen yver styvmori. I dei vestnordiske eventyri er styvmori ofte av troll-ætt, og med det same styvborni vert umskapte, fær dei den forunderlege evna,

at dei kann leggja ein endå verre trolldom på styvmori att. Denne trolldomen råkar henne, so snøgt styvborni fær att sin rette skapnad, og difor gjer styvmori alt ho kann til å hindra at dei vert utløyste. I dette draget ligg då frå fyrsten grunnen til at so snøgt vilkåret for utløysingi er uppfyllt, sit styvmori i Trollebotn.[1]

I *Jomfruva Ingjebjør* er det Herre-Pers store kjærleik og offervilje som bergar jomfruva. Det er ei løyndomsfull makt som driv han til å jaga etter hindi og ørni utan fred og kvild, og ei likso løyndomsfull makt fær den umskapte jomfruva til å trå etter mannekjøt, endå ho synest vera heilt hind og heilt ørn, so ho berre rømer for Herre-Per. Det djupaste i mannehugen sit djupare enn trolldom kann nå.

*

ædeli gild, framifrå, «ædelig». — L. 4: dei venaste som kann gro på jordi. — *hòre* kvar. — *jomfruve* ugift, høgbori kvinne.

av aurom lande frå eit anna land. — *rik* mektug, fornem. — *stolt* fornem, byrg, drusteleg (um høgætta kvinnor).

Desse innleidingsversi skildrar den staden der den umskapte jomfruva ferdast i hinde- og ørneham. Ho er frå «aurom lande», ho høyrer ikkje til der hind og ørn hev heime; ho er eit menneskje, men eit umskapt.

1. *stri* hard, vond. — *stjukmor* styvmor, «stedmor». — *um midje natt* ved midnatt. — *fruve* høgbori kvinne, ugift eller gift. — 3. *auke* her: gjera, valda. — *villande* aukande form for *vill* skygg, var. — *øyeskog* øydemark. — 4. *tiom* tidt og trått. —*hindeham:* dei tenkte seg umskapingi soleis at den som vart umskapt, tok på seg hamen åt det dyret han vart umskapt til; Ingjebjør «steig», «fór» i hamen. — 6. *hovdegjår* f. hovudgjord. — *gulle av fingane fem* ringane på den eine handi (*av fingane ti* på båe hendene). — *'o* honom. — 8. *låg* hadde lege. — 12. *bryggjar* dvs. bryggjar øl. — *blandar* dvs. blandar honning med vatn og lagar mjød. —

[1] Siste verset i visa hev fenge ein kristeleg svip frå visionsdiktingi.

14. *vani* var van til. — 16. *småsvein* = *smådreng* tenar. — 17. *skapte 'a* umskapte henne til. — 20. *den gamle mannen* er eigaren. — *blometre* blømande tre. — 21. *manneblo*: blod av eit levande menneskje er etter den gamle folketrui ei av dei vanlegaste og tryggaste rådene til å løysa eit forskapt menneskje or trolldomen. — 22. *Han* dvs. Herre-Per. — *'pi* = uppi. — *giste* gjesta, vitja: no kunde og vilde ho koma til han. — 23. *såle-brugde* f. den uppbøygde kanten framme og bak på ein ridesål. — *plukka seg som ei duve* plukka seg som ho vilde kneppa dyrehamen upp. — 24. *på skogje legji* halde til i villmarki. — *furdur* eit under: at de må tykkja det er eit under. — *einirber* einebær, briskebær. — *i urdo* i urdene. — 25. *dro* drog. — *framte med* langs med. — *rakkje* m. hanhund, motsett *bikkje* f. — 27. *dandis* dugande, gjæv. — *go-råir* gode og gagnlege råder. — *Trollebotn*, eig. Trollviki, er det vanlege namnet på trollheimen. — *græt ho syndine sine* græt for syndene sine.

29. *Horpa.*

Visa um «Horpa» eller «Dei tvo systar» er ei av dei mest vidgjengde og best kjende av folkevisone våre; ho er funni både på Sørlandet, Vestlandet og Austlandet. Elles hev ho vore vel kjend i alle dei nordiske landi og i Skottland og England.

Men emnet gjeng endå mykje vidare enn visa sjølv; ein finn det att i andre visor og i segner og eventyr so å segja den vide verdi ikring. Det byggjer på utgamle truer um sjelevandring og umskaping. Ein avliden kann koma att i andre former, t. d. som ein vokster eller som eit dyr. Me hev alt møtt eit utslag av ei sovori tru i forteljingi um dei tvo trei som voks upp på gravene åt Bendik og Årolilja. I dei eventyri som høyrer hit (og som ein finn både i Europa, Asia og Afrika), er det t. d. fortalt um ei ovundsjuk gjente, som drep syster si. På gravi åt den drepne renn det upp ei selje. Det kjem ein hjuring og lagar seg ei fløyte av denne selja, og når

dei blæs på fløyta, høyrer dei målet åt den drepne i fløyta; det fortel um dråpet og kjem med klagemål mot mordaren. Eit egyptisk eventyr, som me hev i ei uppskrift frå 14de hdr. fyre Kristus, fortel noko liknande.

Fram igjenom tidene, frå dette egyptiske eventyret og til «Jan van Huysums Blomsterstykke» av Wergeland, hev den tanken som ligg til grunn for visa um «Horpa», sett diktarhugen i rørsle. Den persiske diktaren Omar Kajjám (ikr. 1100) segjer:

Eg trur at skåli som eg held i hond,
ho hadde fyrr i tidi liv og ånd,
og fagre smil på raude lippur log,
der vinen glitrar uppmed rosa rond.

For ein gong — de var kveld, og alt var stilt —
såg eg ein pottemakar hamra vilt
på leiren sin, og leiren kviskra lågt
og løyndomsamt: «Far snilt, bror min, far snilt!

Eg var ein gong eit mannebån som du,
og hjarta bivra millom tvil og tru,
og hugen leika millom elsk og hat,
til eg vart mold og laut i moldi bu.»

(Seippels umsetning).

*

2. *stie* stella. — 4. *skipa mat* setja maten fram, reida på bordet. — 6. *två* vaska. — 8. *tvær* vaskar (pres. av *två*). — 15. *fyr mein* til skade, på vondt. — 24—26. Av denne bolken er det berre att desse tri strofane. Den eldre systeri vil på ein eller annan måte dylja seg for brudgomen. Ternone hennar hev ein mistanke um at brudgomen er sviken på eikor vis. — 35. *unde skinn* under den skinnkvarda kappa. — 36. *duragått* dørkarm, døropning. — 38. *bane* banemann, daude. — 39. *bele* friar. — 42. *forgjorde*, her: førde i ulukke. — 44. *forgjette* gløymde. — 48. *heiter* kallar. — 49. *eikje* n. eik, det som er av eik (eikeved). — *kveikje* n. turre ting til å tenda med, tendeved.

30. Asaliborgji.

Visa um Asaliborgji eller «Ravnen ber'e bo» er ikkje funni andre stader enn i Norig. Men liknande visor finst i mange land, av di dei einskilde dragi i visa er kjende vide ikring. Både fuglar som ber bod (jfr. nr. 17: *Kongssonen i Norigsland*) og menneskje som er umskapte til fuglar (jfr. nr. 28: *Jomfruva Ingjebjør*) er mykje vanlege i folkediktingi.

Elles er emnet i visa um Asaliborgji merkelegt ved det at ein finn det att i soga um den heilage Osvald. Der au er det fortalt um koss ramnen flyg i fleire dagar og netter yver havet fyrr han rekk fram, koss han kviler på ein stein, koss jomfrua tek imot han og fær det brevet og den ringen som friaren hev sendt, koss jomfrua sender det bodet attende at friaren skal koma med ein flote og henta henne (som i nokre av vise-uppskriftene) og at han skal hava eigneluter av gull med seg. Men her kann det ikkje vera som vanleg at visa byggjer på soga; Osvalds saga er ei umsetning frå tysk og kann ikkje vera eldre enn frå tidi ikring 1500, og etter alt å døma er visa mykje eldre. Samanhengen er ikkje utgranska enno.

*

1. *i hovde mé* (av gn. í hǫfði mér) i hovudet mitt. — *vell* valdar, er skuld i. — 1. 3: um eg aldri so mykje let att augo. — 2. *i hovde dé* (av gn. í hǫfði þér) i hovudet ditt. — *savnar* samlar. — *gull* prydting av gull. — 4. *dé* deg. — 6. *gulljartur* jarteigner av gull. — 12. *dreng* dugande mann. — *ljote* lyt (pres. fl.). — 14. *mi follogji* lagnaden min. — 16. *frid* ven, god. — *frånarorm* glansande, slikjande orm (gn. fránn ormr av adj. fránn glimande, skinande). — *skapa i* umskapa til. — 19. *skiringsnavn* døypenamn. — 20. *gjønne* gjerne. — 28. *ette stettinn* etter stetti; av *stett* f. steinar eller steinhellor som er lagde til å gå på yver tunet; tram eller liti tropp (t. d. framfyre ei dør eller ved eit gjerde).

31. Svein Nordmann og Gullbjør.

Visa um Svein Nordmann eller «Kvinnemordaren» er vel den folkevisa som hev kome vidast ikring av alle. Ho finst på norsk, islendsk, svensk, dansk, tysk, hollandsk, engelsk, fransk, spansk, portugisisk og på fleire av dei aust-europeiske måli.

Upphavleg må Svein Nordmann ha vore eit yvernaturlegt, halvt demonisk vette. Ein hug til å lokka kvinnor med seg og drepa dei, hev høyrt med til vette-naturi hans. Når han syng um det lukkelege alvelandet, er det ei trolldomsmakt i songen hans som ingi kvinne kann stå seg imot. Han hev alt drepe åtte kvinnor; men so råkar han på ei som er so klok og rådsnar at ho ikkje berre bergar seg sjølv, men fær gjort det av med honom au. Grunnemnet i visa er difor det same som i so mange andre visor: ei tevling millom trollmakter på den eine sida og mannevitet på hi.

Nærskyldt med visa er emnet i det velkjende eventyret um «Riddar Blåskjegg»; der au er det eit vondt vette som lokkar kvinnor til seg og drep dei.

*

4. *fygje* fylgja. — 7. Gauken var i folketrui ein mykje viktug fugl; dei kunde bruka han til å taka varsel på ymis vis, og den som kom under gauketre og fekk klædt seg av og på 3 gonger, kunde ynskja seg 3 ting og vera stød på å få dei. Lauken er etter eit gamalt ord «de yppaste gras uti skogjen». I eit barnerim heiter det:

Till till i tara.
Imorgo skal me fara
langt burt i djupe dalar
til elvekongens salar.
Der er so godt å gjæte,
der fell ingi væte.
Der veks'e lauken,
der gjel'e gauken,
o. s. b.

16. *runir* løynd kunnskap, trollråder. — 19. *Gjeddare bru* Gjallarbru (jfr. Draumkvædet str. 18—23 og merknadene til desse strofane). — 24. *måten fyr sjave deg* høveleg for deg sjølv. — 25. *hoste* vel mykje, altfor. — 28. *deg renn'e blo* blodet ditt renn. — *go* lytelaus.

32. Olav og Kari.

Denne visa kjenner dei både i Norig, Sverike og Danmark, men ho er visseleg norsk frå fyrsten.

Det upphavlege grunnlaget for visa er truleg forteljingi um den frankiske prinsessa Klotilde, dotter til Klodevig. Etter at faren var avliden, vart ho i året 526 gift med vestgotarkongen Amalarik. Han var ein ihuga arianar, og ho var katolik. Difor tok han på å vera hard mot henne, slo og pinte henne. Til slutt sende ho bror sin, Childebert, ein serk (eller ein duk), som var sulka av hennar eige blod. Han skunda seg å hemna den uretten ho hadde lide, stridde mot Amalarik og vann. Dei førde Klotilde attende til Frankar-riket, men ho døydde på heimvegen.

Denne soga var vel kjend og mykje umtykt i Frankrike fram igjenom millomalderen. Ho gjekk um ei kvinne som vart forfylgd og vart martyr for den rette trui; difor kunde dei nytta henne på preikestolen jamvel, og me finn henne au i preikehandbøker for prestar. Det er difor berre rimelegt at ho vart emne for ei folkevise. Denne visa hev frå Frankrike kome til dei andre romanske landi, og alt i millomalderen må ho ha kome til Norig. Men folk hadde etter kvart gløymt motsetningi millom arianisme og katolicisme. Det laut ei onnor grunngjeving til. I Norderlandi, der dei ikkje kjende kjettarar i kyrkjeleg meining, sette dei inn motsetningi: katolsk kyrkjeleg tru på den eine sida, og større

eller mindre leivningar av heidendom i tru og skikk, dvs. trolldom på hi sida.

Den norske visa hev all igjenom ein millomalderleg dåm. Endå ho er uppskrivi 300—400 år etter at protestantismen vart innførd, hev ho dei katolske meiningane ubrigda: Jomfru Maria er himmeldronningi og byd den sæle velkomen til himmerike. Den skildringi me fær av trollkvende, viser attende til heidendomen jamvel. Um jøtunkvendet Hyrrokkin fortel Snorra Edda at ved Balders bålferd reid ho på ein varg og hadde hoggormar til taumar. På ein skånsk runestein frå 10de hdr. finn ein biletet av ei kvinne som rid på ein ulv med ein hoggorm til taumar.

*

1. *nære* nær. — *sjå* vitja. — 3. *gifte* f. kone. — 4. *drikke bå mjø og vin* er ei poetisk umskriving for å njota den høgaste lukka. — 5. *drikke jol*: joli var den største høgtidi i året, den tidi som var rikast på njotingar. — 6. I denne og dei næste strofane er Kari skildra som trollkvinne. — *med elvesie* millom alvane, jamsides med dei; *elv* er telemarksk form for *alv*. — 8. *beislering* her = beisl. — *frånarormen* den glinsande, slikjande ormen (av det gamalnorske adjektivet fránn glinsande, glimande). — 10. Det er likso naturleg og sjølvgjeve at ein son trur mori si som at graset gror på jordi. — 11. *gangare* er i visone poetisk namn på hest. — 12. *hall* f. bakke. — 14. *skodde si hond* drog hansken på handi. — *syrgjeleg* sorgfull. — 21. *tynnyrtein* tornegrein, klungergrein. — 23. *holle seig* kjøtet laga groper. — 23. *leng'* lenger. — *hjartespreng* m. det som sprengjer hjarta, «hjartemein som gjev meg bane». — 26. *tvær* pres. av *två* vaska. — 28. *tukke fram* flytja, skuva fram. I Telemarki er det enno skikk at ein skal «tukke fram ein stol» til den framande. Telebøndene hev ført yver til himmerike deira måte å fagna ein gjest på. — 33. Den siste bøni gjeng for vidt for jomfru Maria.

Visa hev ein utifrå god dramatisk bygnad. Str. 1—10 er fyrste akt, 11—26 andre, 27—33 tridje. Akt svarar til akt og fører handlingi fram stutt og fyndigt. Og akt for akt er det ei sterk stiging, so me til slutt stend i himmerike.

33. *Kong David og Solfager.*

Sophus Bugge segjer um denne visa:

«Jeg har ved at følge denne Ballade tilbage til dens Oprindelse maattet tænke paa, at Naturforskerne ved Norges Strand, hvorimod Verdenshavet skyller, høit op imod Nord har fundet vegetabilske Stoffe, som af Havet er ført over fra tropiske Egnes Flora. Gjennem Bestemmelsen af disse Stoffes Hjemsted har de søgt at følge de Strømmes Gang, som har baaret dem op til Norden. Saaledes finde vi ogsaa i den nordiske Folkedigtning Frembringelser, hvis Udspring maa søges i det fjærne Syden, og som hos os endnu ikke ganske har tabt sit fremmedartede Præg, skjønt deres Udvikling, efter at de har fæstet Rod i Norden, er bleven paavirket af den hjemlige Eiendommelighed. Ved at undersøge disse Frembringelsers Elementer kan vi sættes i Stand til nogenlunde at følge Gangen af de Strømninger, som har ført dem mod Norden. Den Ballade, som jeg her skal omtale, er ikke, som det synes, bleven baaren frem af nogen af de brede Strømme, der forbinde den nordiske Balladedigtning med tysk og engelsk Poesi. Jeg tror her at spore et enkelt Bølgeslag af en Kulturstrøm, som i samme Retning kun sjælden har fundet Vei til vore Strande.»

Her i landet er visa funni i Telemark berre. Dit hev ho kome frå Sverike. Elles er ho funni i Danmark au. I Norig var M. B. Landstad og Sophus Bugge dei fyrste som skreiv henne upp, men i Danmark gjeng uppskriftene attende heilt til 1600 og i Sverike til 17de hdr.

Sjølve vise-emnet er kome til dei nordiske landi frå Russland. Der finn ein det i segner og folkevisor, og ein kann fylgja det attende til 16de hdr. I den eldste svenske viseuppskrifti heiter Orme-

kongen beint fram Nougårds Konge, d. v. s. Novgorods konge.

Den russiske forteljingi hev upphavet sitt i ei sudslavisk (bulgarisk-serbisk) forteljing. Det finst eit serbisk eventyr med same emnet. Dei slaviske forteljingane må ha eit byzantinsk upphav, og me kann skyna at emnet må ha vore kjent i 12te hdr. i minsto. Den byzantinske forteljingi hev ikkje berre vandra nordyver, men vestyver au; det finst millomalderlege formingar av henne frå Tyskland, Frankrike og Portugal.

Ein kann ikkje fylgja sjølve emnet lenger enn til den byzantinske forteljingi. Men røtene sine hev det i hebraiske fråsegner um kong Salomon (ikkje kong David) og Aschmedai, hovdingen yver demonane. Desse fråsegnene atter hev vakse seg fram av ymist som vert fortalt um kong Salomon i Bibelen, so at ein gjenom mange millomlekkar og mange brigde kann finna samanheng millom visa um «Kong David og Solfager» og Bibelen.

*

13. *syrgjeleg* sorgfull. — *ihjå* innmed. — 15. *jarda* jorda — 17. *kvåre* kva (av tvo ting). — *hell* eller. — *fygje* fylgja — 19. *tiss* tykkjest, synest. — 30. *omosegåve* f. gåve til ein som treng, olmose, «almisse». — 31. *sjov* sjølv. — 37. *satt* sant. — 39. *gjønne* gjerne.

34. *Tor Brynjulv og fluga.*

Denne visa høyrer til den krinsen av folkevisor som dei kallar dyrevisor. Dei gjeng um dyri, deira liv og ferd og samkvæme med menneskja. Alt er sett i samhøve med manneverdi. Både i dyrevisa og dyre-eventyret er det alltid so at dyri talar og fer åt som menneskje; men samstundes hev dei like

fullt sin dyre-hått og sine dyre-sermerke. At tilhøvi i dyre- og manneverdi soleis renn i eitt, er nettupp det sermerkte ved folkedikting av dette slaget. — Millom dyrevisone er det ein flokk som skildrar dyrebrudlaup. Umfram Tor Brynjulv hev me på norsk «Ramnebrudlaup i Kråkelund», og sovorne visor finn ein vidt ikring i Europa, ikkje minst i nord og aust.

Visa um Tor Brynjulv er kjend i Sverike, Danmark og Tyskland. Etter den danske formi er det at P. M. Møller hev laga det velkjende diktet «Torbisten og fluen» («Torbisten kravler af mørken hul»).

*

1. *Tor Brynjulv* tordivelen. — 5. *huga* av *huge* m. sinn, tanke, hug. — 6. *belevand* kræsen med umsyn til friarar. — 10. *bele* fri. — 13. *buka* grava, rota. — 14. *mottingsta* m. møkdunge. — 15. *kamar* m. vandhus, privet.

35. Rabnabrydlaupe i Kråkelund.

Visa um ramnebrudlaupet er den fyrste norske folkevisa som vart prenta. Me hev henne på eit flogblad frå 1647 alt. So gamalt er ikkje noko anna prent på norske bygdemål; me hev difor ikkje normalisera målføret noko større, men gjev målformi på lag som ho er i det eldste flogbladet, i eit anna flogblad frå same hundradåret og i Vibeke Bilds handskrift (frå ikr. 1640—1650). Målet er frå Hordaland, men er noko uppblanda med ord frå andre kantar. Me hev uppskrifter frå 18de hdr. (frå Sogn, Hallingdal og Øysterdalen), og visa er funni i munnleg tradisjon i 19de hdr.

Frå fyrsten hev truleg visa kome frå dei slaviske landi. Eit svensk prent er frå 1633, frå Tyskland

kjenner me ei tilsvarande vise frå 1530 alt, og i dei slaviske landi er det mange sidestykke til ramnebrudlaupet. Um slike dyrebrudlaup, sjå innleidingi til *Tor Brynjulv og fluga*.

*

3. *sote* sete (av *sitja*). — *lena* låna. — 5. *spodde* skunda. — 6. *vor* bryggje (oteren smaug millom bryggjesteinane). — *ottebisk* morgonmat, frukost. — 7. *hadla* (av hardla) sers, ovleg. — 8. *haurde* høyrde. — 9. *guss læ* guds løn. — 13. *mungåt* tunt øl. — *munngåtsmann* den som stend for skjenkjingi. — 14. *søtmjelkskjæse* ost av søt mjølk. — *ein «dank-jou-maat»* ein som segjer «dank-jou-maat». dvs. ein hollending (dank-jou-maat er hollandsk og tyder: eg takkar deg kamerat). — *taka med* taka imot. — 15. *kamshove* fiskehovud stoppa med ballar av fiskelever og mjøl. — *komparute* komparutor, ballar eller kakor av fiskerogn og mjøl. — *bleng* saup. — 16. *kumla* klubb, ballar av mjøl og jordeple. — *gumble* gumbe, raudkoka ost av fersk mjølk. — 17. *kabbretta* tunn ost av samankoka myse. — *kjæsa ost* ferdigysta ost. — *rav* det feite kring uggane på kveita. — 18. *knøost* knod-ost, kna-ost. — *tvibryggja* sterkt øl. — *rauge dravle* raud dravle. — *vara* varsla (når munngåtsmannen skulde skjenkja). — 20. *leiesvein* bruresvein, fylgjesvein. — 22. *føresmann* føringsmann. — 23. *slupsing* ståk (eig. «plasking»). — 24. *triår skyte* tri skot (?). — 25. *skitlæta* fåfengd, «forfængelighed». — *høgheitæ* forrangen. — 26. *manna høgst* øvst av alle mann. — *brik* stutt benk. — *klevekåna* reidekona. — 28. *task-hakjen* lummekniven; her: ule-kloi som er gøymd i fjørene. — 28. *skitlåt* fåfengd. — *meg finst rett um* finn eg rimeleg (sagt på spit). — 29. *Vår herraste famen* er vel ei banning: «Vår herres tre, fåmen». — 32. *som te hava lote* som hev late til, havt kostnaden. — 33. *lòt* lune, humør. — *måten* måtehaldet. — 34. *knøtæ* av *knøten* fin, hæv.

36. Hustru kann deile med sin bonde.

Denne visa kjenner dei i alle dei nordiske landi og endå vidare ikring. I dei gamle danske visehandskriftene frå 16de og 17de hdr. finn ein

henne fleire gonger. Ho høyrer til ein stor flokk av visor som gjeng um kor vondt ein kann ha det i ektestandet.

*

1. *ottemål* tid til å risa upp eller taka til med arbeidet. — *deile* trettast, kivast. — 4. *reiste åt åi tvo* drog til elvi og vaska. — 5. *gardle'e* gjerde-ledet. — 6. *gov* golv. — 10. *tro* trødde. — 15. *tvau* tvo (n.).

37. *Tjovane.*

Denne gode skjemtevisa er kjend i alle dei nordiske landi. På Island vart ho uppskrivi i 17de hdr. alt. Dei norske namni Steinfinnur, Stálir og Ása i den islendske uppskrifti, syner at visa er komi til Island frå Sud-Norig, so ho må vera heller gamal her i landet.

Ein må tenkja seg at buret stend eit lite stykke frå stova. Steinfinn gjeng inn i stova og kved so høgt at Ståle (som er i buret og stel) kann høyra det heile tidi. Husfolki sit inne og lyder på songen; ingen gjeng ut, og ingen høyrer at det er folk i buret. I songen nyttar Steinfinn høvet til å minna Ståle um ymist han bør stela; til slutt varslar han Ståle um at det kjem folk, og dei rømer båe.

*

4. *kvåre* kva for ein av tvo ting. — 9. *når de kjem okkon inkje til* når det inkje vedkjem oss, gjeng ut yver oss. — 11. *rót* n. rom under taket i eit hus, matvaror som heng under taket (kjøtrot, fleskerot).

38. *Tosstein.*

Soleis som me hev prenta visa her, syng dei henne i Robyggjelaget. Elles er ho vel kjend i landet, helst på Sørlandet og Vestlandet. Ofte er

ho mykje lenger; men framhaldet gjev visa ein heilt annan dåm, med di det vert fortalt koss dei flette skinnet av den drukna, spila det upp på veggen, og gjorde sidan sko og klæde av det. T. d.:

So slipte dei knivar bå' store og små,
nokre til halda og nokre til flå.

Den tid dei flådde hans hokeskjegg,
då fann dei ei gås på femtan egg.

Eller:

So spila dei upp den kallehud:
ho rokk alt frå stova til litlebu.

So gjorde dei upp den kallehud
til tolv par støvlar og tolv par sko.

So var der kje att hot ein liten lapp:
den gjorde ho[1] seg av ein kyrkjestakk.

Ei liknande vise hev dei i Jylland. Men der er det kjerringi som søkk;

Og kjællingen sank og posen flød,
og alt hendes mel det blev til grød.

39. *Truls med bogjen.*

Denne skjemtevisa hev ein nyare svip i sumt. I det noko grove synet ho hev på helten, likjest ho på visa um Råmund unge, men ho hev ikkje som Råmund-visa nokon samanheng med gamal norrøn bokheim. Truls-visa må vera heller gamal likevel, for ho hev vore kjend vide ikring i landet, og dei hev funne henne i Sverike au. I Danmark høyrer me gjete henne alt so tidleg som i 1664. Den uppskrifti me prentar her er frå Åseral.

*

[1] d. e. kjerringi åt Tosstein.

1. *arestein* årestein, gruvestein. Denne strofen skildrar Truls som oskeladd. Medan han er heime, held han seg ved åren, liksom oskeladden i eventyret. I næste strofe møter me han att i kongsgarden; han er i teneste der, nettupp som oskeladden i eventyri. — 4. *stalldỳrè* stalldøri. — 6. *vegg* veggestokk, veggbjelke. Femte vegg er den femte stokken nedanfrå golvet; i dei gamle stovone med dei breide stokkane var det høgt uppå veggen. — *sløngde* slengde. — 8. *fuksa* lufsa. — 10. *byrja til* taka fat på med kraft og ihuge. — 15. *svaddar* karar, sellar. — 16. *mi* me, vi.

40. Den bakvende verdi.

Visa um den bakvende verdi («Den bakvende visa») finst vide ikring i landet, og me hev henne i mange avbrigde, som kann vika sterkt av frå kvarandre. Ho hev vore kjend her i landet lenge; ei uppskrift frå Hallingdal skal vera frå 1645. Ei dansk uppskrift er frå 16de hdr. og sameleis ei svensk. Nærskylde visor finn ein i mange land, og ein kann fylgja dei langt attende i millomalderen. Dei høyrer med til ein flokk av visor som ein kann kalla ljugar-visor: dei haugar upp alle slag urimelege og unaturlege ting. Liksom dyre-visone svarar til dyreeventyri, soleis svarar ljugar-visone til ljugar-eventyri.

*

2. *vorp* = *varp* (av *verpe*). — *klakk* m. fiskegrunne i sjøen, skalle. — 3. *dynn* dør. — *engjo* (dat.) engene.

TILLEGG

50 stev or Setesdal.

3. *æ gama have* er det gildt (gaman) å ha (til mann). — 4. *turegrei* greid å vera i lag med, fylgjast med og røda med. — 5. *adde* alle. — 6. *ljot* stygg. — *ring* fatig. — *snå* sneida, gjeva sneid-ord. — 12. *mi* me, vi. — 13. *hjartelene* hjarteledi, hjartesida (eg hev halde av deg so lenge). — *bleikne* ɔ: av sut (um du gjeng frå meg). — 16. *hæ* henne. — 17. *strenda* gjenge strendene. — 19. *røktest hondæ* gav einannan hendene. — *ein laus* ein laus kar, ein som ikkje eig gard. — 21. *var'* verta. — 22. *eisemo* (f.) eismal, åleine. — 23. *skorv* naki slette i heiane. — *eleveir* vêr med regnskurer. — 25. *eisemadd* (m.) eismal, åleine. — 26. *toddemona* furemoar. — 28. *dauvlegt* keidsamt, langsamt, audt, stilt. — *heim* heim i bygdi. — *skjere* skjera korn. — *hottemyra* myrar fulle av småtuvor. — 29. *stidde* setja buskspen inn. — 34. *Suleskar* ligg aller øvst i Siredal. — 40. *sjalnaste* sjeldnaste. — 45. *ailei* onnorleis. — *ko* berre. — 50. *gjeve traut* taka ende. — *raut* av *rjote* falla, detta, glida ut.

AVSTYTTINGAR

adj.	adjektiv.
adv.	adverb.
akk.	akkusativ.
dat.	dativ.
eig.	eigenleg
eint.	eintal.
f.	femininum (hokyn).
fl.	fleirtal.
gen.	genitiv.
gn.	gamalnorsk.
hdr.	hundradår.
impf.	imperfektum (fortid).
inf.	infinitiv.
konj.	konjunktiv.
l.	linje.
m.	masculinum (hankyn).
n.	neutrum (inkjekyn).
osb.	og so burtetter.
pres.	presens (notid).
ptc.	particip.
str.	strofe.

DATE DUE

DET MALLINGSKE BOGTRYKKERI
KRISTIANIA